

Borlaug, Egil; Wammer, Turid

Research Report

Noregs Bank. Grunntrekk i administrasjon, oppgaver og historie

Staff Memo, No. 9/2009

Provided in Cooperation with:

Norges Bank, Oslo

Suggested Citation: Borlaug, Egil; Wammer, Turid (2009) : Noregs Bank. Grunntrekk i administrasjon, oppgaver og historie, Staff Memo, No. 9/2009, ISBN 978-82-7553-518-2, Norges Bank, Oslo, <https://hdl.handle.net/11250/2507912>

This Version is available at:

<https://hdl.handle.net/10419/210201>

Standard-Nutzungsbedingungen:

Die Dokumente auf EconStor dürfen zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden.

Sie dürfen die Dokumente nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, öffentlich zugänglich machen, vertreiben oder anderweitig nutzen.

Sofern die Verfasser die Dokumente unter Open-Content-Lizenzen (insbesondere CC-Lizenzen) zur Verfügung gestellt haben sollten, gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der dort genannten Lizenz gewährten Nutzungsrechte.

Terms of use:

Documents in EconStor may be saved and copied for your personal and scholarly purposes.

You are not to copy documents for public or commercial purposes, to exhibit the documents publicly, to make them publicly available on the internet, or to distribute or otherwise use the documents in public.

If the documents have been made available under an Open Content Licence (especially Creative Commons Licences), you may exercise further usage rights as specified in the indicated licence.



<http://creativecommons.org/licenses/by-nc-nd/4.0/deed.no>

Nr. 9 | 2009

Staff Memo

Noregs Bank. Grunntrekk i administrasjon, oppgaver og historie

Egil Borlaug

Revidert utgåve 2009 v/Turid Wammer; Noregs Bank Administrasjon, Økonomi og dokumentasjon

Staff Memos present reports and documentation written by staff members and affiliates of Norges Bank, the central bank of Norway. Views and conclusions expressed in Staff Memos should not be taken to represent the views of Norges Bank.

© 2009 Norges Bank

The text may be quoted or referred to, provided that due acknowledgement is given to source.

Staff Memo inneholder utredninger og dokumentasjon skrevet av Norges Banks ansatte og andre forfattere tilknyttet Norges Bank. Synspunkter og konklusjoner i arbeidene er ikke nødvendigvis representative for Norges Banks.

© 2009 Norges Bank

Det kan siteres fra eller henvises til dette arbeid, gitt at forfatter og Norges Bank oppgis som kilde.

ISSN 1504-2596 (online only)

ISBN 978-82-7553-518-2 (online only)

NOREGS BANK. GRUNNTREKK I ADMINISTRASJON, OPPGÅVER OG HISTORIE

Av Egil Borlaug

Revidert utgåve 2009 v/Turid Wammer, Noregs Bank Administrasjon, Økonomi og dokumentasjon

Forord til første utgave, september 1999

I 1997 startet Dokumentasjonsseksjonens prosjekt "Avlevering til arkivverket". Norges Banks arkiver fra 1817 og fram til vår tid er blitt ordnet, registrert og klargjort for avlevering. Historiker Egil Borlaug ble ansatt som prosjektleder, og har sammen med våre egne ansatte utført denne viktige jobben.

Under arbeidets gang ble det klart for oss at selv om viktige deler av bankens historie nå forlater våre egne lokaler, vil vi ha behov for å kunne finne tilbake til årstall, begivenheter, personer og organisasjonsmessige tiltak uten nødvendigvis å måtte gå tilbake til kildematerialet. Dette notatet er skrevet ut fra ønsket om å kunne supplere og oppdatere tidligere litteratur – først og fremst Ryggs to-binds historie og jubileumboken til 150-årsjubileet. Notatet legger vekt på administrative og organisasjonsmessige sider ved Norges Banks historie, og er primært tenkt som et internt informasjonsredskap.

Oslo, Dokumentasjonsseksjonen, september 1999

Turid Wammer, Dokumentasjonssjef

Forord til revidert utgave, august 2009

Norges Bank har 200-årsjubileum i 2016. I den anledning er det satt i gang et omfattende forskningsprosjekt som tar sikte på flere bokutgivelser i forkant av jubileet. Med dette som bakgrunn er Egil Borlaugs notat oppdatert og ajourført fram til august 2009. Borlaugs beskrivende og vurderende kapitler er beholdt uendret. Formålet med oppdateringen er å ajourføre kildematerialet, først og fremst informasjon om Norges Banks arkiver, samlinger og personale. Oppdatert informasjon om virksomheten og organisasjonsmessige forhold finnes i bankens årsberetninger og andre publikasjoner fra Norges Bank. Disse er tilgjengelige på bankens nettsider norges.bank.no. Vi har valgt å oppdatere oversiktene over medlemmer av representantskapet og hovedstyret og ajourføre oversikten over avdelingsstrukturen, da dette kan være greit å finne på ett sted. Oppdateringen omfatter derfor følgende kapitler:

- Kap. 1: Bibliografi og arkiv om Noregs Bank
- Vedlegg 2: Medlem av Representantskapet i Noregs Bank, 1816-2009
- Vedlegg 3: Direksjonen og hovedstyret i Noregs Bank, 1816-2009
- Vedlegg 6: Administrerende direktører ved avdelingane, 1932-2001
- Vedlegg 7: Direktører ved Norges Banks Seddeltrykkeri og Den Kongelige Mynt, 1957-2008
- Vedlegg 8: Avdelingsstrukturen i Noregs Bank

Oppdateringene er utført av dokumentasjonssjef Turid Wammer.

INNHALDSLISTE

1 Bibliografi og arkiv om Noregs Bank	1
1.1 Bibliografi om Noregs Bank	1
1.2 Noregs Bank som arkivskaper	4
1.2.1 Norges Bank. Direksjonen I	4
1.2.2 Norges Bank. Direksjonen II	5
1.2.3 Norges Bank. Bankadvokaten	5
1.2.4 Norges Bank. Bankadministrasjonen i Kristiania	5
1.2.5 Norges Bank. Representantskapet	6
1.2.6 Norges Bank. London	6
1.2.7 Norges Bank. Krigsarkivet	7
1.2.8 Norges Bank. Seddelinnløsningen	7
1.2.9 Norges Bank. Clearing og valuta	8
1.2.10 Norges Bank. Nicolai Rygg	8
1.2.11 Norges Bank. Statistisk avdeling	8
1.2.12 Norges Bank. Revisjon og ettersyn	9
1.2.13 Norges Bank. Valutaarkiv 1	9
1.2.14 Norges Bank. Valutaarkiv 2	9
1.3 Arkiva etter Noregs Banks avdelingar	9
1.4 Den Kongelige Mynt / Det norske myntverket	10
1.5 Arkiv som Noregs Bank oppbevarer	11
1.6 Andre samlinger	11
2 Lovar om Noregs Bank	13
2.1 Med lov skulle Noregs Bank byggjast	13
2.2 Ulike lovar om Noregs Bank	13
3 Leiinga av Noregs Bank og det administrative sentret	32
3.1 Representantskapet	32
3.1.1 Komitear og utval	33
3.1.2 Løyvings- og tilsetjingsmynde	34
3.1.3 Kontrollmynde	34
3.1.4 Representantskapet etter lova av 1985	35
3.2 Direksjonen	35
3.2.1 Overgangen til hovudstyre	36
3.3 Styret ved avdelingane	37
3.3.1 Spørsmålet om administrerande direktør ved avdelingane	37
3.3.2 Den daglige leiinga ved avdelingane	37
3.3.3 Styret etter lova av 1985	38
3.4 Plasseringa av hovudsetet	38
3.4.1 Hovudsetet til Kristiania	38
4 Noregs Bank sine avdelingar	40
4.1 Oppretting av avdelingar	40
4.1.1 Trondheim, Oslo, Bergen og Kristiansand S avdeling	40
4.1.2 Skien og Drammen avdeling	41
4.1.3 Stavanger, Tromsø, Halden og Lillehammer avdeling	41
4.1.4 Bodø, Kristiansund N og Hamar avdeling	42
4.1.5 Ålesund, Vardø, Gjøvik og Larvik avdeling	42
4.1.6 Fredrikstad, Hammerfest, Haugesund og Arendal avdeling	43
4.1.7 New York, Regjeringskvartalet og Huseby leir	43
4.2 Organisasjon og administrasjon	43
4.3 Oppgåver ved avdelingane	44
4.4 Nedlegging av avdelingar og vegne vidare	45
5 Administrasjon og oppgåver	47
5.1 Frå oppretting og fram til 1920	47
5.2 Mellomkrigsåra og fram til 1958	47
5.2.1 Sekretariatet	48
5.2.2 Juridisk avdeling	48
5.2.3 Depotavdelingen	48

5.2.4	Valutaavdelingen	49
5.2.5	Statistisk avdeling	49
5.2.6	Bokholderiet	50
5.2.7	Ekspedisjonsavdelingen	50
5.2.8	Kassene	51
5.2.9	Personalavdelingen	51
5.2.10	Økonomiavdelingen	51
5.2.11	Seteltrykkeriet	51
5.2.12	Revisjonen	52
5.3	Administrative endringer i 1958	52
5.3.1	Administrasjonsutvalget	52
5.3.2	Ny kontororganisasjons ved hovudsetet	52
5.3.3	Seinare tilpassingar fram til 1985	53
5.3.4	Organisasjonsprosjektet	54
	5.3.4.1 Policy-avdelingane	54
	5.3.4.2 Den interne administrasjonen og utøvande verksemd	55
5.3.5	Dei siste endringane	56
5.3.6	Oppsummering	56
5.4	Noregs Bank sine oppgåver	56
5.4.1	Setel- og myntforsyninga	57
5.4.2	Utlån	57
	5.4.2.1 Pantelån	57
	5.4.2.2 Diskonteringslån	58
	5.4.2.3 Lån til staten	58
	5.4.2.4 Lån til bankane	59
	5.4.2.5 Lån til næringslivet	59
5.4.3	Rådgeving og informasjon	60
5.4.4	Valutapolitikken	60
5.4.5	Andre oppgåver	61
6	Glimt inn i Noregs Bank si historie	62
	Vedlegg 1: Formenn i representantskapet i Noregs Bank, 1817-2009	81
	Vedlegg 2: Medlem av representantskapet i Noregs Bank, 1816-2009	85
	Vedlegg 3: Direksjonen og hovudstyret i Noregs Bank, 1816-2009	103
	Vedlegg 4: Medlem av direksjonen og representantskapet i Noregs Bank i dei frie områda, 1940-1945	112
	Vedlegg 5: Bestyrarar ved avdelingane, 1816-1989	113
	Vedlegg 6: Administrerande direktørar ved avdelingane, 1932-2001	128
	Vedlegg 7: Direktørar ved Norges Banks Seddeltrykkeri og Den Kongelige Mynt 1957-2008	131
	Vedlegg 8: Avdelingsstrukturen i Noregs Bank	132
	Vedlegg 9: Kontororganiseringa ved hovudsetet	133
	Vedlegg 10: Noregs Banks diskonto	137

Kapittel 1 (rev. 2009)

Bibliografi og arkiv om Noregs Bank

Opp gjennom tida er det skrive fleire verk om Noregs Bank si historie. Nicolai Rygg har skrive tre band om perioden frå opprettinga i 1816 og fram til andre verdskrigen. Til jubilea i 1941, 1966 og 1991 vart også banken si historie skriven. Noregs Bank er elles tema for ei rekkje artiklar og arbeid. Arkiva etter Noregs Bank inneheld viktig kjeldemateriale både for banken sin eigen utvikling og for den økonomiske utviklinga i landet. Dei historiske arkiva fram til 1973 er avlevert til arkivverket.

1.1 Bibliografi om Noregs Bank

I dette avsnittet vert det gjort kort greie for ulike historieverk og -arbeid som er skrive om Noregs Bank. Arbeida er ordna alfabetisk etter forfattar. Dette er ikkje nokon fullstendig bibliografi over alt som er skrive om banken, eller som er produsert i banken. Ei oversikt over Noregs Banks publikasjonar ligg på nettsida norges-bank.no/Publikasjoner. I notatet er det teke med arbeid som gjev eit historisk utsyn over heile Noregs Bank, delar av banken eller spesifikke tema/ problem som vedgår banken. Det er også ei rekkje offentlege trykte dokument som omhandlar banken. Forarbeid til nye lovar om Noregs Bank gjer greie for historia fram til då samstundes som dei viser korleis ein tenkte seg at banken skulle organiserast for framtida. Historiske rapportar, beretningane frå direksjonen og representantskapsbøkene er også viktige kjelder.

Litteraturlista inneheld kjelder til dette notatet, og dekkjer Noregs Bank si historie på ein tilfredsstillande måte:

Arntsen, Erling og Unstad, Frits: *Fredrikstad avdeling 75 år 15. november 1984*, Fredrikstad 1984.

Bang, Per og Holter, Jon Petter: *Norges Bank 175 år*, Oslo 1991. Forfattarane teikner ei skisse av Noregs Bank si historie for perioden 1816-1991. Det er også lagt vekt på det indre livet i banken.

Beretning fra direksjonen for Norges Bank om virksomheten i det frie Norge og i London i tiden 22. april 1940 til 13. juli 1945, (rapport) Oslo 1946. Dette ei viktig kjelde for studie av utforminga av penge- og kredittpolitikken i det frie Noreg under andre verdskrigen. Rapporten inneheld mellom anna opptrykk av ulike kongelege resolusjonar som vart vedteke gjeldande for krigsperioden.

Blikshavn, J. Harald: *Norges Banks avdeling Haugesund 1910-1960*, (hefte) Haugesund 1960.

Borlaug, Egil: *Noregs Bank. Om endring i teori, praksis og lovgjeving 1945-1965*, Oslo 1994, er Borlaug si hovudoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo. I oppgåva vert det gjort greie for og drøfta endringa i synet på Noregs Bank si rolle og stilling som fann stad i tida etter andre verdskrigen.

Economic Bulletin (1925-) vert utgjeve på engelsk og kom ut fire ganger per år fram til 2008. Det gjev oversikter over norske forhold og dei av styresmaktene sin økonomiske tiltak som kan vere av interesse for utanlandske lesarar. Frå 2008 publisert to ganger per år berre i elektronisk format.

Eriksen, Alf: "Omkring Norges Bank" i *Statsøkonomisk Tidsskrift*, (særtrykk) Oslo 1941. I samband med 125-års jubileet gjer Eriksen greie for Noregs Bank si historie frå opprettinga. Tida før 1816 er også handsama.

- Eriksen, Alf: "Norges Bank under okkupasjonen" i *Norges Bank gjennom 150 år*, Oslo 1966.
- Frøyland, Anne-Grethe og Granholt, Grete Karin: *Orientering – Register 1991-1992*, Oslo 1992.
- Frøyland, Anne-Grethe og Lindseth, Lillian: *Vår Bank. Register 1947 – 1978*, Oslo 1991.
- Granholt, Grete Karin: *Norges Bank 175 år. Kvinner i banken 1885-1991*, (hefte) Oslo 1991.
- Hanisch, Tore Jørgen: "Om virkninger av paripolitikken" i *Historisk Tidsskrift* nr.3/1979.
- Hanisch, Tore Jørgen og Bergh, Trond: *Vitenskap og politikk. Linjer i norsk sosialøkonomi gjennom 150 år*, Oslo 1984.
- Hanisch Tore Jørgen, Espen Søylen og Gunhild J. Ecklund: *Norsk økonomisk politikk i det 20. århundre. Verdivalg i en åpen økonomi*, Kristiansand 1999. Noregs Bank si rolle i utforminga og utøvinga av penge-, kreditt- og valutapolitikken står sentralt.
- Hansen, Bjarne: *Norges Bank – 50 år i New York*, Oslo 1993. Under andre verdenskrigen vart det vedteke at Noregs Bank måtte ha ein fast representant i Amerika så lenge krigen varte. Ordninga vart deretter permanent. Hansen har sjølv vore tilsett ved kontoret 1957-1958, og som leiar 1978-1983.
- Henriksen, Erling F.: *Norges Banks avdeling Lillehammer 1861-1961*, Lillehammer 1961.
- Historical Monetary Statistics for Norway 1819-2003*. Editors: Øyvind Eitrheim, Jan T. Klovland and Jan F. Qvigstad. Norges Banks Skriftserie/Occasional Papers No. 35, Oslo 2004.
- Historical Monetary Statistics for Norway – Part II*. Editors: Øyvind Eitrheim, Jan T. Klovland and Jan F. Qvigstad. Norges Banks Skriftserie/Occasional Papers No. 38, Oslo 2007.
- Innstilling fra Penge- og Bankkomiteen av 1950 – forslag til ny lov om pengevesenet og Norges Bank*, Oslo 1953.
- Indeks til "Penger og Kreditt" nr. 1/1973 – nr. 2/1990*.
- Index to articles in economic bulletin by author and by subject, No. 1976/1 – 1985/2*.
- Jahn, Gunnar: "Norges Bank 1816-1940" i *Norges Bank gjennom 150 år*, Oslo 1966. Jahn var mellom anna direktør i Noregs Bank i perioden 1946-1954.
- Keilhau, Wilhelm: *Den norske pengehistorie*, Oslo 1952. Keilhau var ein viktig aktør i den økonomiske politikken i mellomkrigstida og som medlem i direksjonen i London under den andre verdenskrigen.
- Kortner, Magne: *Den gamle by og banken der. Norges Bank Skien 1836-1986*, Skien 1985.
- Lie, Einar: *Ambisjon og tradisjon. Finansdepartementet 1945-1965*, Oslo 1995. Noregs Bank si endra stilling og forhold til styresmaktene etter verdenskrigen vert også drøfta.
- Mestad, Viking: *Frå fot til feste – norsk valutarett og valutapolitikk 1873-2001*. Norges Banks Skriftserie/Occasional papers No. 30, Oslo 2002.
- Nilssen, Harald: *Norges Banks avdeling, Vardø 75 år. Kort oversikt over tidsrommet 1902-1977*, (hefte) Vardø 1976.
- Norderhaug, Kaare og Syversen, Odd Magne: *Hamar avdeling 100 år 1882-1982*, Hamar 1982.
- Norges Banks avdeling Halden 1854-1954*, (hefte) Halden 1954.
- Norges Banks skriftserie/Occasional Papers (Nr. 1, 1973-)*. Her vert det publisert større utgreiingsarbeid og notat med interesse for eit breiare publikum utanfor banken.
- Norges Bank under okkupasjonen*, (rapport) Oslo 1945. Rapporten er beretninga frå Nicolai Rygg sin administrasjon under okkupasjonen.
- Norges Banks nye hovedsete*, NOU 1990:25.
- Om ny lov om NB og pengevesenet*, NOU 1983:21. Ryssdal-komiteen si innstilling, Oslo 1983.
- Orientering* (1966-2006), internt blad for funksjonærene. Tok over etter "Vår Bank" og utkom siste gang i desember 2006.

- Penger og Kreditt* (1973-) gjev analysar av konjunkturutviklinga, av utviklinga på penge-, kreditt- og valutamarknaden og ein oversikt over kredittpolitiske reguleringar. Det inneheld også artiklar om emne særskild for banken. Statistiske oversikter følgjer med som vedlegg. Frå 2008 publisert berre elektronisk.
- Penger og kreditt i en omstillingstid. Norsk penge- og kredittpolitikk i årene som kommer*, NOU 1989:1, Oslo 1989.
- Plünneke, C.: *Norges Bank (filialen i Fredrikstad) Pengevæsen i første halvdel av Norges selvstændighetstid*, Fredrikstad 1916.
- Rønning, Bjørn R.: *Den Kongelige Mynt 1628-1686-1806*, Oslo 1986. Boka vart skriven i samband med Den Kongelige Mynt sitt 300-års jubileum. Produksjon av myntar var opphavleg eit privilegium for Kongen, men i 1962 vart DKM overført til Noregs Bank.
- Sejersted, Francis: *Norges Bank og høykonjunktoren i 1840-årene*, Oslo 1968.
- Sejersted, Francis: *Ideal, teori og virkelighet. Nicolai Rygg og pengepolitikken i 1920-årene*, Oslo 1973.
- Sejersted, Francis: *Demokrati og rettsstat. Politisk-historiske essays*, Oslo 1984. Sejersted bruker til dømes Noregs Bank si rolle andsynes dei politiske styresmaktene for å underbyggje sine teoriar om forholdet mellom demokrati og rettsstat.
- Sellæg, Jo: *Banken i byen. Norges Bank Drammen 1838-1988*, Drammen 1987.
- Skånland, Hermod: *Det norske kredittmarked siden 1900*, Statistisk Sentralbyrå 1968.
- Skånland, Hermod (festskrift til): *Langsiktighet og stabilitet*, Oslo 1994. Fagleg sett reflekterer festskriftet Skånland sitt breie arbeidsområde og interessefelt. Særleg del 2 i boka handler direkte om Noregs Bank, sentralbanken og sentralbanksjefen si rolle.
- Skånland, Hermod, i samband med Skånland sin 70-års dag utarbeidde Grete Karin Granholt og Unni Knutsen ved dokumentasjonsseksjonen: *Hermod Skånland. En bibliografi 1945-1994*. Dette heftet er tilgjengeleg ved biblioteket i Noregs Bank.
- Skaare, Kolbjørn: *Mynten, myntene og medaljene. Den Kongelige Mynts historie 1806-2004, med linjer tilbake til starten i 1686 (1628)*, Oslo 2008.
- Skaare, Kolbjørn: *Norges Mynthistorie 1-2*, Oslo 1995.
- Storvik, Kjell (festskrift til): *Sentralbanken i forandringens tegn. Norges Banks Skriftserie/Occasional Papers Nr. 28*, Oslo 1999. Som tittelen tilseier gjer festskriftet greie for nokre av dei endringane som Noregs Bank har gått gjennom dei siste åra, og kva slag utfordringar som venteleg vil kome.
- Stixrud, Kjell: *Norges pengesedler 1877-1994. Seddelkunst. Nasjonal identitet 1-2*, Oslo 1995. Arbeidet er Stixrud si magistergradsavhandling i kunsthistorie.
- Sæther, Øyvind og Pedersen, Monica Stolt: *Register til "Orientering" 1988-1990. Tilbakeblikk på norsk pengehistorie. Konferanse 7. juni 2005 på Bogstad gård*. Redaktørar: Øyvind Eitrheim, Jan T. Klovland and Jan F. Qvigstad. Norges Banks Skriftserie/Occasional Papers No. 37, Oslo 2005.
- Vevstad, Andreas. *Arendal avdeling 1914-1989*, Oslo/Arendal 1989.
- Vår Bank 1947-1978*. Bladet er eit organ for personalet i Noregs Bank og gjev eit godt innblikk i det indre livet i banken.
- Wammer, Turid (red): *Banksedler i Norge*, (hefte) Oslo 1997. Her blir vi presentert for dei første banksetlane frå 1695 og fram til serie VII frå 1994. Heftet er også omsett til engelsk.
- Wold Getz, Knut: *Økonomisk styring i fritt samfunn*, Oslo 1975. I eit ekstrainummer av "Penger og kreditt" for april 1985 er det gjort greie for Getz Wold sin forfatterskap.
- Øksendal, Asbjørn: *Gulltransporten*, Oslo 1974. Øksendal gjev ei levande og spanande skildring av evakueringa av Noregs Bank sine gullreserver då Noreg vart okkupert under siste verdskrigen.

1.2 Noregs Bank som arkivskaper

Noregs Bank er arkivskaper for ei rekkje arkiv. I perioden 1990-2010 har banken eit ordnings- og avleveringsprosjekt, der arkiva både frå hovudkontoret og distriktsavdelingane blir gått gjennom for kassasjon, ordning, registrering i arkivsystemet ASTA og avleverte til arkivverket. Arkiva blir dermed opna for publikum og forskarar gjennom katalogane på arkivverkets nettsider. Dette skrevet gjer greie for dei arkiva som er avleverte/under avlevering, og omtalar dei arkiva som framleis vil vera i Noregs Bank.

I 1973 vart det innført ny felles arkivnøkkel for verksemda både ved hovudkontoret og avdelingane. Nokre av arkiva har saker som ikkje følgjer den periodiseringa som er naturleg ved ei slik omlegging. Dette er omtala i føljeskriva til kvart arkiv.

Hovudkontoret hadde store avdelingar med eigne arkiv fram til 1986, då Sentralarkivet vart oppretta. Dei fleste av dei store avdelingsarkiva frå hovudkontoret har difor eit uklårt periodeskille, sidan sakene er tidsavgrensa ved eldste og yngste sak/dokument. Dei avleverte arkiva frå hovudkontoret dekkjer perioden fram til 1973. Saker frå perioden kan og finnast i dei nyare arkiva, som nemnd i forrige avsnitt.

Kvar distriktsavdeling er også arkivskaper, og speglar på det viset avdelinga sitt arbeidsområde. Distriktsavdelingane sine arkiv dekkjer heile perioden då avdelingane var aktive, og er avleverte til statsarkiva for regionen.

1.2.1 Norges Bank. Direksjonen I 1816-1972

Direksjonen har til oppgåve å forvalte Noregs Bank sine middel og sjå til at alle forretningane til banken vart ført i samsvar med lova og representantskapet sine føreseger. Det er direksjonen som står som leiar for det daglege arbeidet i Noregs Bank. Arkivet etter direksjonen er difor hovudkjelda til nærmare studie av korleis banken vart driven. Arkivet er delt inn i 11 seriar og avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3160).

- 1) Serie A – *Forhandlingsprotokoll* (1817-1960) inneheld referat frå møte i direksjonen.
- 2) Serie Ba – *Kopibok med register* (1816-1916) inneheld kopiar av utgåande brev frå hovudsetet.
- 3) Serie Bb – *Kopibok for Bomhoff* (1900-1920) inneheld eit utval kopiar av brev signert direktør Bomhoff.
- 4) Serie Bc – *Kopibok diverse* (1891-1930) inneheld kopiar av utgåande brev frå kontrabokhalderiet og kopi av attestar for tilsette i Noregs Bank.
- 5) Serie Bd – *Rundskriv og sirkulærer* (1825-1972) inneheld Noregs Bank sine rundskriv og sirkulærer med informasjon og forodningar til avdelingane og andre.
- 6) Serie C – *Brevjournal og registre* (1816-1930)
- 7) Serie D – *Saksarkiv etter journal* (1816-1904) inneheld journalført korrespondanse til hovudsetet. Serien er ordna kronologisk etter aukande journalnummer frå journalane i serie C.
- 8) Serie E – *Kittelsen-arkivet. Hovudsetet* (1818-1945) er ordna etter ein alfanumerisk arkivnøkkel. Serien dekkjer i all hovudsak perioden mellom den journalførte korrespondansen i serie D og overgangen til serie i D i arkivet for Direksjonen II s-3161.
- 9) Serie F – *Kittelsen-arkivet. Distriktsavdelingane* (1897-1922). Også denne serien dekkjer perioden som serie E gjer. Det er halde fast på den opphavlege ordninga med gjeven bokstavkode for kvar avdeling, og der hovudsetet er plassert under U. Avdelingane sendte og meldte frå til hovudsetet om store eller prinsipielle spørsmål kring utlån.

- 10) Serie Ra - *Hovedbok* (1821-1972) inneheld Noregs Bank sine hovudbøker som er den endelege rekneskapen for banken, hovudbok I. Ved slutten av kvar månad sendte distriktsavdelingane inn til hovudsetet ein balanse der det vart ført opp saldo per ultimo på kvar hovudbokkonto. Frå desse balansene vart tala ført inn i hovudbok II, som er hovudbok for avdelingane.¹
- 11) Serie Rb – *Balanse og ekstrakt av hovedbok (1850-1972)*.

1.2.2 Norges Bank. Direksjonen II 1873-1972

Arkivet dekkjer i hovudsak tidsperioden 1920-1972 sjølv om nokre dokument går tilbake til 1873, og er ei naturleg forlenging av arkivet etter Direksjonen I. I 1973 vart det innført ny arkivnøkkel. Enkelte dokument fram til 1975 er tatt inn i dette arkivet. Arkivet er ordna etter ein alfanumerisk nøkkel. Direksjonen II er sett saman av fire seriar og avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3161).

- 1) Serie D – *Saksarkiv for hovudsetet, ordnet etter arkivnøkkel* (1873-1975) er Noregs Bank sitt hovudarkiv for perioden.
- 2) Serie E – *Avdelinger ordnet etter arkivnøkkel* (1902-1975) inneheld innsendt arkivmateriale frå kvar av Noregs Bank sine avdelingar.
- 3) Serie F – Grensekontroll (1954-1960). Bilag angående dei personal som passerte grenser, valutaspørsmål.
- 4) Serie G – Erstatningar til norske krigsinvalidde sjømenn mv (1931-1960)

1.2.3 Norges Bank. Bankadvokaten 1824-1893

Bankadvokaten hadde til oppgåve å utføre alle dei forretningane som vart gjenstand for rettsforhandlingar og vart overdrege til han frå bankadministrationen i Kristiania. Han utførte på det viset inkasso for avdelinga, og utarbeidde utgreiing over dei sakene som administrasjonen oversende. Kvar sjette månad leverte bankadvokaten inn oppgåver over dei sakene han hadde til inndrivning. Dersom bankadministrasjonen vart saksøkt eller saksøkte nokon, så var det bankadvokaten som førte saka. Arkivet er delt inn i fem seriar som dekkjer det nemnde arbeidsområdet. Arkivet er avlevert til Statsarkivet i Oslo (arkiv A-11032).

- 1) Serie A – *Innberetninger fra Bankadvokaten* (1831-1854)
- 2) Serie B – *Kopibøker* (1829-1864)
- 3) Serie C – *Brev og saksjournal* (1830-1846)
- 4) Serie D – *Saksarkiv ordnet etter journal* (1828-1853)
- 5) Serie E – *Innstillinger fra Bankadvokaten* (1824-1893)

1.2.4 Norges Bank. Bankadministrasjonen i Kristiania 1780-1917

Stortinget vedtok at hovudsetet for Noregs Bank skulle liggje i Trondheim. Difor var det fram til 1897 ei avdeling i hovudstaden. Arkivet etter avdelinga er delt inn i 19 seriar og dekkjer alle oppgåvene i banken. Arkivet er avlevert til Statsarkivet i Oslo (arkiv A-10748).

- 1) Serie Aa – *Forhandlingsprotokoller. Extracter* (1817-1896)
- 2) Serie Ab – *Forhandlingsprotokoller med register* (1839-1896)
- 3) Serie B – *Kopibøker* (1817-1896)
- 4) Serie C – *Brevjournaler* (1817-1852)
- 5) Serie D – *Saksarkiv ordnet etter brevjournal* (1817-1896)
- 6) Serie F – *Utskilte saker* (1780-1893)
- 7) Serie Ra – *Diskonteringsprotokoller* (1818-1840)
- 8) Serie Rb – *Lån etter § 13 i loven av 13.08.1818* (1818-1894)
- 9) Serie Rc – *Protokoller vedrørende fundasjonsmessige lån* (1818-1888)
- 10) Serie Rd – *Fortegnelse over utlån* (1819-1860)
- 11) Serie Re – *Pantelån* (1818-1917)

¹ sjå også kapittel 5

- 12) Serie Rf – *Lån og renters inndrivelse og mislighold* (1824-1915)
- 13) Serie Rg – *Låneinnretningen* (1845- 1886)
- 14) Serie Rh – *Protokoller vedrørende søknad om lån m.v.* (1820-1898)
- 15) Serie Ri – *Foliobøker* (1819-1899)
- 16) Serie Rj- *Lån i følge lov av 8. august 1842* (1839-1890)
- 17) Serie Rk- *Seddelfondet etter lov av 28. september 1857* (1857-1892)
- 18) Serie Rl – *Revisjon og ettersyn* (1817-1878)
- 19) Serie Rm – *Diverse* (1820-1901)

1.2.5 Norges Bank. Representantskapet 1816-1970

Representantskapet er Noregs Bank sitt øvste organ. Representantskapet var tillagt løyving Smynde overfor direksjonen og avdelingane. Alle tilsetjingane måtte også handsamast av representantskapet. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3948).

- 1) Serie A – *Møtebøker* (1816-1966)
- 2) Serie B – *Kopibøker* (1817-1928)
- 3) Serie C – *Brevjournal* (1837-1970)
- 4) Serie Da – *Journalført korrespondanse* (1817-1945)
- 5) Serie Ea – *Forskjellige brevsaker* (1851-1902)
- 6) Serie Eb – *Den Faste Komite* (1919-1950)
- 7) Serie Eba – *Forhandlingsprotokoller* (1919-1950)
- 8) Serie Ebb – *Brev fra Den Faste Komite* (1933-1935)
- 9) Serie Ebc – *Saker til votering og videresending* (1923-1945)
- 10) Serie Ec – *Komiteer og utvalg* (1905-1945)
- 11) Serie F – *Akkorder* (1859-1945). Dersom Noregs Bank sine debitorar ikkje greidde sine plikter og vart slått konkurs, hadde representantskapet høve til å innleie akkordforhandlingar.
- 12) Serie Fa – *Protokoller vedrørende akkorder* (1892-1945)
- 13) Serie Fb – *Akkorder ordnet etter akkordnummer* (1864-1945). Eit alfabetisk ordna kartotek gjev oversikt over skyldnarar som fekk akkordforhandling.
- 14) Serie Fc – *Eldre akkorder* (1859-1898)
- 15) Serie G – *Bolister* (1920-1945). Overføring til boers konto skjedde med ein gang: *forsåvidt det allerede ved forfall måtte være konstatert, at et nødlidende papir ikke straks kan ventes innfridd; i motsatt fall skjer overførselen så snart dette etter forfallsdagen er bragt på det rene.*
- 16) Serie H – *Risikolister* (1897-1938). Risikolistene speglar fordelinga av Noregs Bank sine utlån til kommunar, aksjebankar, sparebankar, andre bankar og andre låntakarar. Også avdelingane sendte inn lister til hovudsetet.
- 17) Serie I – *Nødlidende banker* (1920-1945)
- 18) Serie J – *Securitas A/S* (1925-1938). Securitas A/S vart oppretta 5. februar 1925 for å gjere støttekjøp av bankaksjar. På strenge vilkår gjekk Noregs Bank inn som garantist.
- 19) Serie Xa – *Representantskapets årbøker* (1897-1945). Årbøkene inneheld saker som har vore til handsaming i representantskapet.
- 20) Serie Xb – *Andre trykte representantskapssaker* (1924-1926)
- 21) Serie Y – *Andre utskilte arkivsaker* (1883-1964)

1.2.6 Norges Bank. London 1939-1948

Under siste verdskrigen vart det vedteke at hovudsetet for Noregs Bank skulle vere i London. Direksjonen vart fritaken frå sine verv, og ein ny direksjon under leiing av Arnold Ræstad vart oppnemnd og reiste 7. juni 1940 ilag med regjeringa og Kongen frå Tromsø til Storbritannia. Også direksjonen i London utarbeidde forslag til setelsanering og trykte pengar som skulle

brukast når freden ein gang vart vunne tilbake. Arkivet dekkjer denne perioden, og er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3946).

- 1) Serie Aa – *Direksjonsprotokoll* (1940-1945)
- 2) Serie Ab – *Forhandlingsprotokoll for representantskapet* (1940-1945)
- 3) Serie C- *Brevjournal* (1940-1945)
- 4) Serie Da – *Saksarkiv* (1939-1947)
- 5) Serie Db – *Saksarkiv, hemmelig* (1939-1948)
- 6) Serie Dc – *Norske tilgodehavender* (1940-1945)
- 7) Serie Ra – *Hovedbok I* (1942-1945)
- 8) Serie Rb – *Hovedbok II* (1940-1945)
- 9) Serie Rc – *Memorial* (1940-1945)
- 10) Serie Rd – *Foliokonti med register* (1940-1947)
- 11) Serie Re – *Sperrede konti* (1942-1943)
- 12) Serie Rf – *Diverse regnskapsprotokoller* (1940-1945)

1.2.7 Norges Bank. Krigsarkivet 1940-1953

Dette arkivet var opphavleg skilt ut frå Direksjonen II som også dekkjer sakarkiv for krigsperioden. Arkivet inneheld mellom anna papir om erstatningar for krigsforlis og om jødiske formuer. Etter krigen vart det også utarbeidd rapportar om Noregs Bank si rolle under krigen og om den økonomiske stillinga i dei ulike landsdelane. Desse rapportane er plassert i dette arkivet. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3940).

- 1) Serie A – *Dagbøker* (1940-1945)
- 2) Serie D – *Saksarkiv* (1940-1953)
- 3) Serie X – *Trykksaker* (1940-1945)

1.2.8 Norges Bank. Seddelinnløysninga 1944-1953

Under okkupasjonen auka setelmengda kraftig. Dette var eit trugsmål mot økonomien etter krigen. Allereie i 1943 starta Noregs Bank i Oslo arbeidet med å førebu ei sanering av pengevesenet og spørsmålet om skatt på auken i formue under krigen. Også direksjonen i London utarbeidde planar for ei sanering av pengevesenet. 5. september 1945 vart det vedteke ei mellombels lov om visse finansielle føretak, og til lova knytte det seg ein kongeleg resolusjon om innløyning av Noregs Bank sine setlar, registrering av bankinnskot, verdipapir med meir.

I forbindelse med innløyninga oppretta Noregs Bank i august 1945 eit saneringsutval bestående av direktørane N. Rygg og S. Thorkildsen frå Noregs Bank, direktør i Den norske Bankforening Rolf Thorsteinsen og bankdirektør Nils Løkle. Direksjonen oppretta ei særskild Saneringsavdeling, under leiing av professor Erling Petersen og direktør Jens Nørve. Saneringsavdelingas arkiv vart ikkje teken vare på slik det var medan avdelinga var aktiv. Arkivet er difor ei samling av saker, skjema og dokumentasjon som Dokumentasjonsseksjonen har satt saman av dokument som vi meiner har vert danna i hovudsak i saneringsavdelinga, men med tilfang frå andre delarkiv og kontor i Noregs Bank.

Arkivet inneheld dei saksførebuande dokumenta i tillegg til dei ulike skjema som vart nytt i registreringsarbeidet. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3945).

- 1) Serie D – *Saksarkiv* (1944-1947)
- 2) Serie Ea – *Riksinnskudd* (1945-1953)
- 3) Serie Eb – *Riksinnskudd / Hoved- og etterinnløyning 1945-1947*
- 4) Serie Ec – *Riksinnskudd / Frigitte/innløste 1945-1951*
- 5) Serie Ed – *Riksinnskudd / Godtgjørelser til bankene*
- 6) Serie X – *Rundskriv og skjema*

1.2.9 Norges Bank. Clearing og valuta 1919-1958

Valutakontoret i Valutaavdelinga utførte alt ekspedisjonsmessig arbeid i samband med dei norske clearingavtalane, samstundes som kontoret såg til at retningslinene i clearingavtalane vart fylgde. Clearingnemnda vart oppretta med Gunnar Jahn som formann. Nemnda var rådgjevar for Finansdepartementet og Noregs Bank etter at det vart inngått avtalar med Tyskland, Italia, Hellas, Tyrkia og Romania. Det vart ført eige bokhalderi for betalingane over dei ulike clearingkontoane. Lov av 5. mai 1935 om betalingsutjamning var det formelle lovgrunnlaget for handelen gjennom clearing. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3944).

- 1) Serie A – *Forhandlingsprotokoller* (1934-1940)
- 2) Serie Da – *Saksarkiv ordnet etter arkivnøkkel* (1934-1950)
- 3) Serie Db – *Saksarkiv ordnet etter opprinnelig bortsetting* (1933-1950)
- 4) Serie E – *Valutakontoret. Gavebeløp til Tyskland* (1940-1946). Serien inneheld kvitteringar for gåvebeløp som vart sendt til personar som sat i tysk fangenskap og til soldatar ved austfronten.
- 5) Serie Ra – *Norges clearinginstitutt* (1933-1957)
- 6) Serie Rb – *Clearing* (1940)
- 7) Serie Rc – *Kontrabokholderiet* (1931-1953)
- 8) Serie Rd – *Sildesalg* (1919-1958)
- 9) Serie S – *Statistikk* (1935-1948)

1.2.10 Norges Bank. Nicolai Rygg 1907-1954

Nicolai Rygg sat som leiar i direksjonen i perioden 1920-1946. Han leia banken gjennom to vanskelege periodar; nemleg under paripolitikken fram til gjeninnføring av gullvekslinga i 1928, og ikkje minst under den andre verdskrigen. Rygg førte ein rikhaldig korrespondanse og førte notat over viktige hendingar. Han sat også som medlem i internasjonale økonomiske komitear og utval. Arkivet etter han gjev eit godt blick inn i banken og den økonomiske stillinga for denne perioden. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3947).

- 1) Serie D – *Korrespondanse* (1913-1946). Korrespondansen er ordna alfabetisk etter avsendar.
- 2) Serie E – *Notater og brev* (1907-1954)
- 3) Serie F – *Folkeforbundet* (1925-1939). Rygg sat som representant i Folkeforbundets finansielle komite.
- 4) Serie G – *Genfer-saken* (1926-1932)
- 5) Serie H – *Norsk samordningskomite for internasjonale studier* (1927-1941)
- 6) Serie I – *Diverse* (1921-1943)

1.2.11 Norges Bank. Statistisk avdeling 1913-1972

Avdelinga hadde til oppgåve å følgje med i innanlandsk og utanlandsk dagspresse, tidsskrift, litteratur og statistikk på alle område som var av interesse for Noregs Bank og eventuelt for andre utanfor banken.

Ei av dei viktigaste oppgåvene var å utgreie spørsmål av penge- og finanspolitisk art og spørsmål til Noregs Bank frå dei politiske styresmaktene. Kontorsjef Alf Eriksen arbeidde nært med direktør Rygg i spørsmål om utforming av grunnprinsipp og målsetjing for Noregs Bank si verksemd.

Statistisk avdeling var kontaktstad for ei samla informasjonsteneste for utlandet, distriktsavdelingane og pressa. Avdelinga hadde ansvaret for Noregs Banks *Bulletin* som utkom fire ganger om året med oversikt over den økonomiske stillinga i landet. Vidare vart det utgjeve meldingsbladet *Orientering for avdelingene* som utkom kvar 14. dag der det vart

forsøkt å samle opplysningar med verdi for samarbeidet mellom hovudsetet og avdelingane. Det var også Statistisk avdeling som utarbeidde årsberetningane. Til sist vart dei fleste rundskriv utarbeidd i avdelinga.

Arkivet etter Statistisk avdeling dekkjer difor eit stort område av verksemda i Noregs Bank. Fagområdet sitt arkiv held fram i Sentralarkiv 1. Arkivet er avlevert til Riksarkivet (arkiv S-4063).

- 1) Serie D – *Saksarkiv ordnet etter alfanumerisk arkivnøkkel* (1924-1965)
- 2) Serie E – *Saksarkiv ordnet etter numerisk arkivnøkkel* (1950-1972)
- 3) Serie F – *PM, notater utarbeidet i Statistisk avdeling* (1930-1962)
- 4) Serie G – *Besøk i Norges Bank* (1938-1962)
- 5) Serie H – *Gabriel Kielland* (1943-1960)
- 6) Serie Z – *Arkivnøkler og register 1924-1972*

1.2.12 Revisjon og ettersyn 1817-1962

Revisjonen høyrer direkte under representantskapet. Revisjonen dekket både hovudkontoret, seteltrykkeriet og distriktsavdelingane. Verksemda held fram. Avlevert til Riksarkivet (arkiv S-3941).

- 1) Serie B – *Kopibøker* (1900-1948)
- 2) Serie C – *Journaler og overgripende registre* (1829-1962)
- 3) Serie Ea – *Revisjonsantegnelser og avgjørelser for Norges Banks regnskap* (1817-1917)
- 4) Serie Eb – *Trykte revisjonsantegnelser* (1897-1956)
- 5) Serie Y – *Utskilte arkivdeler* (1820-1925)

1.2.13 Norges Bank. Valutaarkiv 1 (1940-1961)

Arkivet vart oppretta hausten 1940. Den direkte grunnen var Administrasjonsrådet sine valutaføresegner frå 17. juli 1940 om utanlandske betalingsmiddel, fordringar og verdipapir med meir. Arkivet vert avlevert til Riksarkivet i 2009/2010.

- 1) Serie D – *Saksarkiv* (1940-1961) ordnet etter alfanumerisk arkivnøkkel

1.2.14 Norges Bank. Valutaarkiv 2 (1962-1972)

Valutaavdelinga flytta i 1962 til nytt bygg, og avdelinga tok i bruk ny arkivnøkkel. Fagsakene er om lag dei same som for Valutaarkiv 1. Ein stor del av arkivet er mapper for kundeforhold, skipsfinansiering, kreditter m v. Arkiv også for Noregs Banks forhold til EU, Verdensbanken, IMF, Den internasjonale Bank i Basel (BIS) og andre internasjonale organisasjonar. Frå 1973 held arkivet fram som ein integrert del i Sentralarkiv 1. Arkivet vert avlevert til Riksarkivet i 2009/2010.

- 1) Serie D – *Saksarkiv* (1962-1972) ordnet etter numerisk arkivnøkkel

1.3 Arkiva etter Noregs Banks avdelingar

Verksemda ved Noregs Banks avdelingar er omtala i eit eige kapittel. Avdelingane vart lagde ned i perioden 1988-2001. Avdelingsarkiva er avleverte til statsarkivet for regionen. Dette opnar for ny kunnskap om dei økonomiske forholda rundt om i landet frå midten av 1800-talet og fram til i dag.

Funksjonærane ved avdelinga i Vardø gjorde eit stort arbeid i 2001-2007 med å ordne 13 av arkiva og registrere dei i ASTA, rettleia av Sentralarkivet. Deira kunnskap om verksemda til Norges Bank var til stor nytte i arbeidet. Dei har og laga eit introduksjonsskriv til kvart av arkiva, som følgjer med katalogen til statsarkiva.

Stiftelsen ASTA har ordna arkiva etter Bodø, Kristiansund, Skien, Trondheim og Ålesund etter same mal som dei arkiva som er ordna i Vardø. Arkivet etter Tromsø avdeling er delvis ordna, og skal avsluttast av Statsarkivet i Tromsø. Statsarkivet i Bergen skal ordna arkivet etter Bergen avdeling.

Ein stor del av arkivmengda ved avdelingane er likelydande materiale motteke frå hovudkontoret. Slikt materiale er kassert i ordningsprosessen. Avdelingane har hatt ulik arkiverings- og kassasjonspraksis gjennom åra. Ei av dei større avdelingane – Drammen – var av dei første som vart lagt ned. Vi valde å bevare alt materiale herfrå, for å vise kva ei avdeling arbeidde med, og korleis dei arbeidde. Arkivet er difor meir omfangsrikt enn dei andre, det har mange typar rekneskapsbøker og bibøker som dokumenterer verksemda, men ikkje nødvendigvis inneheld historisk viktig informasjon. Arkivet er avlevert til statsarkivet i Kongsberg.

Avdelingane sine arkiv har grovt sett desse seriane (ikkje alle har alle seriar, nokre har fleire underinndelingar, spesielt under Serie R Rekneskap):

- 1) Serie A – Forhandlingsprotokollar
- 2) Serie B – Kopibøker
- 3) Serie C – Journalar
- 4) Serie Da – Dc Saksarkiv ordnet alfabetisk, alfanumerisk eller etter arkivnøkkel
- 5) Serie E – Ulike saksarkiv (bygningar, riksinnskudd)
- 6) Serie F - Aksjeprotokollar
- 7) Serie G – Risikolister
- 8) Serie H – Boer og konkurser
- 9) Serie I - Depot
- 10) Serie R – Rekneskap (hovudbøker, memorialer, folio- og kassabøker, depotjournalar, statsgaranterte utlån, ettersyn)

Oversikt over avdelingsarkiva si plassering:

Statsarkiv:	Avdelingsarkiv:
Bergen	Bergen
Hamar	Gjøvik, Hamar, Lillehammer
Oslo	Bankadm. i Kristiania, Halden, Fredrikstad
Kongsberg	Drammen, Larvik, Skien, Den Kgl. Mynt
Kristiansand	Arendal, Kristiansand
Stavanger	Haugesund, Stavanger
Tromsø	Hammerfest, Tromsø, Vardø
Trondheim	Bodø, Kristiansund, Trondheim, Ålesund

1.4 Den Kongelige Mynt / Det norske myntverket

Noregs Bank eide Den Kongelige Mynt i perioden 1962-2003. Heile arkivet etter Den Kongelige Mynt frå starten i 1686 fram til år 2000 er ordna av Noregs Bank og avlevert til Statsarkivet i Kongsberg.

1.5 Arkiv som Noregs Bank oppbevarer

Etter at ordningsprosjektet for avleveringa til arkivverket er avslutta i 2010, står det framleis fleire arkiv til oppbevaring i Noregs Bank. Desse arkiva er ikkje ordna eller registrerte i ASTA, og kan berre nyttast gjennom arkivnøklar og registre. Følgjande arkiv står att:

- 1) *Sentralarkiv 1 (1973-1986)*, omlag 330 hyllemeter. Bankens ulike avdelingsarkiv tok i bruk felles arkivnøkkel i 1973. Ved samanslåing til Sentralarkiv i 1986 (ny organisering grunna flytting til nytt hovudkontor) vart arkiva for 1973-1986 magasinert etter arkivnøkkel, og Sentralarkivet tok til med ny arkivperiode. Sentralarkivet har hatt same arkivnøkkel, men med ulik periodisering, fram til dd.
- 2) *Sentralarkiv 2 (1986-2005)*. *Inneheld fleire periodar, nokre avslutta seriar*. Sakarkiv, bortsettingsarkiv som ikkje er endeleg avslutta. Banken tok i bruk elektronisk arkiv med scanning av dokument i 2005. Dei fysiske dokumenta arkiveres no etter journalføringsdato.
- 3) *Økonomikontoret (1920-1973)* omlag 10 hyllemeter. Inneheld mellom anna arkivsaker om eigedomar og administrative tilhøve under 2. verdskrigen.
- 4) *OPAK-arkivet (1971-1986)* omlag 225 hyllemeter. Arkivet frå byggherreombodet OPAK, som leia arbeidet med bygging av hovudkontoret 1971-1986.
- 5) *Personalarkiv (1920-dd)* omlag 190 hyllemeter. Mapper på kvar tilsett ved hovudkontoret og avdelingane frå om lag år 1900 til dd.
- 6) *Depotarkiv (1920-1986)* omlag 25 hyllemeter med bilagsarkiv frå depotverksemda. Ikkje gått gjennom for kassasjon.
- 7) *Aksjearkiv*, inkludert sølvskatten (1817-1949) omlag 80 hyllemeter. Skattelister frå 1817, aksjeprotokollar og kortkartotek over aksjeeigarar i banken. Aksjebrev.
- 8) *Norges Banks Seddeltrykkeri (ca. 1920-2007)*. Seteltrykkeriet vart lagd ned i 2007, og arkivet er ikkje ordna. Originalmateriale for verditrykksaker er innlemma i dei historiske samlingane og registrert der.

1.6 Andre samlingar

Noregs Bank har også andre samlingar som på sitt vis utfyller det tradisjonelle arkivet. Desse samlingane er administrerte i Dokumentasjonsseksjonen. Biletarkivet, samlingane av kunst, setlar, mynt, medaljar og den historiske samlinga er registrerte i eit felles samlingsregister.

- Biletarkivet har om lag 2000 scanna fotografi. Kvart fotografi er registrert med emne, motiv, personar, dato mv. Arbeidsliv, bygningar, møter, jubileer er blant motiva.
- Den historiske samlinga er delvis fotografert. Samlinga inneheld alt frå originale utkast til setlar og frimerke til eit teservise brukt av tidlegare direktør Erik Brofoss.
- Setelsamlinga er antakeleg Noregs mest omfattande samling av norske og dansk/norske betalingsmiddel. Setelsamlinga har mellom anna ei stor samling naudsedlar frå 2. verdskrigen.
- Myntsamlinga inneheld mynt prega på Kongsberg, og var ein del av samlingane på Det norske myntverket. Samlinga var ikkje med i salet av verksemda, og Noregs Bank overtok ansvaret for ho då Myntverket vart privatisert. Ein representativ del av myntsamlinga er vist fram på Norsk Bergverksmuseum i Kongsberg.

- Noregs Bank eig medaljane frå produksjonen i Kongsberg. Desse er fotograferte og registrerte i ein database som administreras av Universitetet i Bergen/Bergen museum.
- Trykksaker: Dokumentasjonsseksjonen har ei eiga trykksaksamling for bankens trykksaker. Den inneheld både offentlege (ISBN- og ISSN-dokument) og ikkje offentlege trykksaker (rundskriv, internblad osv.). Fagbiblioteket har dei publikasjonane som er utgjevne for allmenta. I dei seinare åra har Noregs Bank lagt ut mange av publikasjonane sine på nettsidene norges-bank.no.
- Kunstsamlinga har om lag 1500 kunstverk, som er utplasserte i bankens kontor i Oslo, London, New York og Shanghai.
- Delar av hovudkontoret sine arkiv frå om lag 1930 og fram til 1980 er mikrofilma. Eit eksemplar av filmane og katalogar over arkiva er avlevert til Riksarkivet.

Kapittel 2

Lovar om Noregs Bank

Noregs Bank sine oppgaver endra seg i takt med nye krav. Banken sitt arbeidsområde var frå første stund klårt avgrensa gjennom dei ulike lovane som vart vedteke for banken og pengevesenet. I dei følgjande avsnitta vert det gjeve greie for hovudinnhaldet i dei ulike lovane. Dersom det er ynskje om fleire detaljar så er dei å finne i sjølve lovteksta, i proposisjonen og i forhandlingane i Odels- og Lagtinget. Lovtekstane må tolkast med noko atterhald. Mandatet til Ryssdalutvalet syner at det hadde grodd fram eit skilje mellom lov og realitetar: "Lov om pengevesenet av 17. april 1875 og lov om Norges Bank av 23. april 1892 danner fortsatt de legale rammer for Norges Bank s virksomhet. Disse lover er preget av det stadium i økonomisk utvikling som man på den tid hadde nådd, og av datidens institusjonelle forhold. Utviklingen har medført at en rekke bestemmelser i disse lover har tapt sin betydning."²

2.1 Med lov skulle Noregs Bank byggjast

Noregs Bank vart vedteke oppretta som privat aksjebank med eiga lov som regulerte banken sitt arbeidsområde og oppgaver i tillegg til å gjere inngåande greie for styret av banken. Det første steget var å invitere til subskripsjon til ein frivillig bank. Stortinget forfatta ei innbyding som i store ordelag oppmoda folk til å teikne seg for minst 10 000 aksjar til 200 speciedaler kvar for å fylle det naudsynte fondet. Utpå hausten 1816 var det teikna knappe 3800 aksjar. Interimdireksjonen meldte difor til kongen at det ikkje var mogeleg å frivillig få fullteikna aksjekapitalen. Grunnkapitalen på 2 millionar spd. vart difor drive inn gjennom tvungne innskot, den såkalla sølvskatten.

Grunnlova bygde på maktdelingsprinsippet der staten sine funksjonar var tredelt: lovgjeving, rettspleie og forvaltning. I tillegg til desse tre funksjonane kom styret av pengevesenet. Det var viktig at dette ansvaret ikkje vart lagt under den utøvande politiske makta på grunn av faren for trykking av pengar for å finansiera statlege utgifter. Difor vart dette ansvaret lagt direkte under Stortinget. Denne erkjenninga bygde i stor grad på erfaringane frå den merkantilistiske perioden der staten brukte pengepolitikken som eit middel ut frå skiftande politiske krav. For å oppnå den naudsynte avpolitiseringa vart Noregs Bank gjort til ein privatbank. Det avgjerande var ikkje om banken var statleg eller privat, men kva som best sikra ein stabil pengeverdi. Difor vart lova av 1816 om Noregs Bank særskild viktig. Lova definerte ein gang for alle både mål for banken og dei middel han hadde til rådvelde. Deretter vart det tilsett eit byråkrati for å overta og administrere den automatikken som lova etablerte.

Seinare utover hundreåret vart det vedteke tillegg til lova fram til det kom ny lov i 1892. Dei fleste revisjonane og tilleggga galdt spørsmålet om retten til å utgje setlar. Lovene frå 1842 og 1857 er dei mest sentrale. Lova om overgangen frå sølv- til gullstandard i 1873 og den samskandinaviske myntunionen frå 1875 fekk også naturleg nok innverknad på Noregs Bank. Lova om Noregs Bank frå 1892 var gjeldande like fram til den nye lova i 1985.

2.2 Ulike lovar om Noregs Bank

2.2.1 Lov av 14. juni 1816 angaaende Foundation, der, istedenfor Octroien, skal være gjældende for Banken, dersom dens Fond tilveiebringes ved tvungent Indskud

Grunnlaget for nyordninga av det norske pengevesenet vart lagt gjennom i alt seks særskilde lovar som alle vart sanksjonert 14. juni 1816. Den første lova var *Lov angaaende*

² NOU 1983: 39, s.20

Pengevæsenet. Lova slo fast at pengeeininga var speciedaler med eit bestemt innhald sølv. Den andre lova var *Lov angaaende Octroi for Norges Bank, saafremt Bankens Fond ved frivillig Subscription tilveiebringes.* Den tredje lova inneheldt *Fundation der, i stedet for Octroien, skal være gjeldende lov for Norges Bank, dersom dens Fond tilveiebringes ved tvungne Indskud.* Den fjerde lova gav reglar for dei tvungne innskota til fondet dersom det vart naudsynt å gå den vegen. Den femte lova gav påbod om ein skatt på formue og næring for å dra inn i alt to millionar riksbankdaler som straks skulle makulerast. Dette skulle gå føre seg ved at Riksbanken i Danmark tok opp eit lån i Noregs Bank i speciesetlar til å byte inn dei riksbanksetlane som var i sirkulasjon. Det var viktig på kortast mogeleg tid å avslutte det førre pengesystemet før ein kunne setje i verk det nye. For mellombels å tilfredsstille trongen til kreditt i landet, galdt den sjette lova om oppretting av låne- og diskonteringsinnretningar med avgrensa rett til å utgje setlar.

Mønsteret for lovgjevinga og opprettinga av Noregs Bank vart naturleg nok henta frå utlandet. I Noreg var det få som hadde den kunnskap som måtte til for å løyse slike vanskelege oppgåver. Når det galdt etableringa av eit eige pengevesen og bankvesen, vart det teke utgangspunkt i erfaringar og utgreiingar frå Danmark. Den nye grunnlova frå 1814 slo fast at Noreg skulle ha sitt eige penge- og myntvesen og eigen bank.

Då det ikkje var mogeleg å etablere sølvfondet frivillig vart det avgjort å krevje inn midlar gjennom den såkalla Sølvskatten. Octroien for Noregs Bank som skulle vere gjeldande dersom bankfondet vart skaffa til vege frivillig vart difor lagt bort og fundasjonen vart gjort gjeldande. Denne lova er delt inn i seks kapittel som mellom anna regulerer Noregs Bank si verksemd og leiing.

Første kapittel heiter *Om Bankens Grundforfatning, samt dens Rettigheder og Forpligtelser i Almindelighed.* Paragrafane 1-12 gjer greie for banken sine oppgåver som låne-, giro- og depositobank, om fondet og om retten til å utgje setlar på grunnlag av fondet. Hovudsetet vart lagt til Trondheim og stod under leiing av representantskapet, direksjonen og avdelingsjefane.

Kapittel 2, *Om Indskuddene i Banken og Actierne for samme,* dekkjer paragrafane 13-18 og handler om innskota i banken med dei tilhøyrande aksjane. Innskota skulle skje med utmynta speciedaler eller grov kurante mynter, men det vart godteke også umynta sølv og utanlandsk mynt. Alle innskota måtte vere betalte innan 31. august 1817. Det var høve til at fleire personar gjekk saman for å reise beløpet på 25 Speciedaler for ei aksje.

Tredje kapittel i lova, *Om Bankens Udlaan og hvad dertil henhører,* gjer greie for banken sine utlån og om den tryggleiken som vart kravd. Banken hadde rett til å utgje to speciesetlar for kvar sølvspecie.

Fjerde kapittel, *Om Midler og Penge, som indsættes i Banken,* gjev detaljert instruks om Noregs Bank si plikt til å ta imot til innskot kvar og ein sum i banken sine eigen setlar og utanlandske pengar omrekna til norske.

Kapittel 5 i lova, *Om Bankens Bestyrelse,* dekkjer paragrafane 42-58. Desse paragrafane gjev inngåande greie for korleis representantskapet, direksjonen og avdelingsleiinga skulle styre banken.

Det siste kapitlet, *Om de særskilte Banken forundte Benaadninger, Friheder og Fordele,* gav Noregs Bank mellom anna full råderett over metallfondet. Paragrafane 59-73 gjev dessutan detaljerte greie for banken sine rettar med omsyn til veksle- og pantelån.

Det var denne lova Noregs Bank vart tufta på. Utover hundreåret vart det vedteke endringar i lova for å tilpasse banken med den aktuelle økonomiske stoda i landet. Dei viktigaste nye lovane galdt banken sin auka rett til å utgje setlar og med det auke utlåna til eit Noreg som var fattig på kreditt.

2.2.2 Lov av 13. august 1818 om Noregs Bank

Sjølv om betalingane til sølvfondet ikkje var fullført, sikra lova at Noregs Bank fekk høve til å kome i gang med den verksemda som banken var tiltenkt. Dei som hadde betalt inn halvparten av innskota innan 13. oktober fekk eit halvt års utsetjing for innbetaling av restbeløpet. Noregs Bank fekk rett til bruke inntil 100 000 spd i skiljemynt til å løyse inn riksbanksetlane. Som motsvar måtte banken kjøpe tilsvarande sølv. Lova fastsette ikkje nokon dato for sølvinnløysing til pari kurs, men slo fast at direktørane og bestyrelsen ved avdelingane saman med representantskapet skulle avgjere dette. Kvar tredje månad vart saka drøfta.

Lova fastslo også at Noregs Bank sine utlån skulle verte fordelt mellom byar og fogderi i forhold til dei tvungne innskota dei hadde betalt, og ikkje som i fundasjonen, der fordelinga av lån skulle rette seg etter kva dei ulike stifta hadde betalt og at innskytarane i banken hadde første rett til lån. Sjølv om lova til dels hjelpte innskytarane, stansa ikkje agitasjonen mot å betale innskota, og enda sterkare vart motstanden då styresmaktene tok i bruk tvang for å drive inn skatten.

Stortinget si vegring for å fastsetje ein dato for innløysing i sølv til pari kurs, førte til at pengevesenet i Noreg var ustabilt like fram til 1842. I 1818 var det sjølv sagt ingen som trudde at det ville gå så lang tid. Kort tid etter lova vart det likevel vedteke, 29. september 1818, at sølvfondet var tilstrekkeleg stort til at utlånsværksemda kunne starte.

2.2.3 Lov av 20. august 1821 angaaende den fremtidige Udmynting af Skillemynt, samt Udstædelse af Sedler mindre end een Specie

Lova inneheld reglar for utmynting av skiljemynt i kopar og trykking av mindre setlar på ein halv og femtedels speciedaler. Det var viktig å lovregulere denne retten fordi Noregs Bank slapp å bruke av sølvreservene til utmynting.

2.2.4 Lov av 15. november 1822 om Noregs Bank

Ved denne lova gjekk ein over til eit nytt system for innveksling av sølv. Vekslingkursen på setlane skulle fastsetjast av styret i banken innanfor fastlagde grenser avgjort av Stortinget. Frå då av fekk ein to kursar å operere med, nemleg vekslingkursen som Noregs Bank sette innanfor Stortinget sine grenser og børskursen som var heilt fri. Føremålet med denne lova av 1822 var at ein etter kvart gjennom avgjerder i Stortinget skulle setje kursen lågare fram til innveksling til pari kurs kunne finne stad. Lova sette øvste kurs til 190 og nedste til 175.

Denne lova var eit viktig steg på vegen mot eit stabilt pengesystem. Representantskapet uttalte at lova ikkje kunne: *betragtes uden som en Begyndelse eller Forberedelse til et fast Pengevæsens Oprettelse*. Skiftande kursar var uheldig for næringslivet over heile landet.

2.2.5 Lov av 20. juli 1824 om Noregs Bank

Representantskapet føreslo for det fjerde ordinære Storting at undergrensa for innløysing av setlar vart sett til 130, men lova slo fast at 150 prosent var øvste og 135 nedste grense. På grunnlag av dette førte Noregs Bank kursen ned til 135 prosent, og denne kursen vart ståande uendra like fram til 1834.

Noregs Bank slapp etter lova å innkalle til forlikskommissjon og domsavseiing før banken gjekk til auksjon av pant som var stilt som sikring mot forsømde lån. Banken fekk altså rett til å gå til auksjon utan mykje og tidkrevjande arbeid forut når lån vart forsømd.

2.2.6 Lov om Noregs Bank av 24. juli 1827

Stortinget vedtok at Noregs Bank kunne setje kursen ned til 125 prosent. Styret i banken hadde derimot ikkje innstilt på noko nedre grense. På Stortinget var det usemje om kor lågt ein skulle setje kursen. Talsmenn for eksportindustrien var naturleg nok interessert i at kursen ikkje vart for sterk, medan mindretalet ved Jacob F. Oxholm (direktør i Noregs Bank 1816-1832) meinte

nedre grense måtte vere 115, og hevda at fordelene med svak kurs vart vunne på kostnad av arbeidarane og andre produsentar.

Det vart også vedteke at sølvfondet kunne aukast med 500 000 spd i sølv ved frivillige innskot. På grunnlag av desse innskota fekk Noregs Bank rett til å utgje setlar til den doble summen, og på det viset lette på den auka etterspurnaden etter midlar. Lova slo fast at Noregs Bank fekk rett til å opprette eit reservefond, og det var styret i banken som skulle avgjere kva tid fondet skulle nyttast. På sølvet i reservefondet kunne banken låne ut ein spd. per sølvspecie, og fortienesta gjekk til aksjonærane.

2.2.7 Lov av 13. april 1836 om Noregs Bank

Det 8. Storting vedtok at vekslingskursen skulle setjast til maksimum 115 prosent og minimum 110. Direksjonen i Noregs Bank gjekk inn for 105 prosent som minimum, medan representantskapet talte for 110. Både regjeringa og Stortinget fylgde representantskapet i dette spørsmålet.

Representantane for bondestanden på Stortinget hadde tidlegare reist forslag om at avdraga på pantelån skulle setjast ned frå 5 til 2,5 prosent. Etter å ha henta inn representantskapet sitt syn, vedtok Stortinget at slik skulle det vere. Lån mot pant i fast eigedom var viktig for bøndene, og desse låna hadde lang nedbetalingstid.

2.2.8 Lov av 15. juli 1839 om Noregs Bank

Nok ein gong vart kursen på banken sine setlar teke opp til vurdering. Den nedre kursen vart sett til 105 prosent. Under ordskiftet var det fleire som meinte det var på tide å setje kursen til pari etter at han gjennom fleire år hadde nærma seg. Styret i Noregs Bank hadde dei siste åra sett kursen stadig lågare. Minste kursen på 105 prosent vart nådd før det 10. Stortinget møttest i 1842.

2.2.9 Lov av 22. april 1842 om Noregs Bank

Endeleg, 26 år etter opprettinga av Noregs Bank, vedtok Stortinget at banken hadde plikt til å veksle inn setlane i sølv til pari kurs. Ved denne lova var målet som ein hadde for auget allereie ved opprettinga nådd, og grunnlaget lagt for at Noregs Bank kunne fylle si oppgåve som kredittinstitusjon. I perioden 1. januar 1823 til 23. april 1842 vart setlane løyst inn etter kurs, og deretter etter pariverdi. før 1823 var setlane uinnløyselege. Tabellen nedanfor viser kursutviklinga for perioden mellom 1822 og 1842:³

Dato og år	Børskurs	Vekslingskurs
15. november 1822	187,5	190,0
31. januar 1823	181,0	187,5
2. april 1823	155,0	182,5
6. august 1823	160,0	180,0
29. oktober 1823	167,5	177,5
21. januar 1824	156,0	175,0
20. juli 1824	145,0	150,0
7. januar 1825	134,0	145,0
20. april 1825	112,0	135,0
24. juli 1827	145,0	135,0
12. februar 1834	126,0	132,5
11. juni 1834	112,0	125,0
13. april 1836	111,5	125,0
23. november 1836	112,0	112,5

³ Gunnar Jahn, *Norges Bank gjennom 150 år*, s.46, Oslo 1966

15. juli 1839	112,0	112,5
26. mai 1840	108,5	110,0
11. september 1840	105,5	107,5
30. oktober 1840	102,0	105,0
22. april 1842	100,0	100,0

I tidsrommet 1825-1834 med høgare børs kurs enn veksling kurs vart det veksla ein god del sølv ut frå Noregs Bank. Sølvvekslinga var jo som kjent grunnsteinen for pengesystemet.

Denne politikken for å føre dalaren opp til pari kurs, er blitt sterkt kritisert både då og seinare. Den fremste kritikaren i samtida var professor Anton Martin Schweigaard. Seinare har sosialøkonomar trekt parallellar til paripolitikken i tidsrommet 1920-1928, og hevda at pengepolitikken var hovudårsaka til at fabrikkindustrien ikkje utvikla seg og at landbruket fekk ein periode med stagnasjon. Tidlegare sentralbanksjef Gunnar Jahn tilbakeviser på si side at Noregs Bank førte ein aktiv og medviten kontraktiv pengepolitikk med tanke på å bringe speciedalaren i pari kurs. Setelmengda per innbyggjar auka frå 1822 til 1842. Ei anna sak var det at det var trøgt om pengar og vanskeleg å få kreditt for dei som var nært knytt til pengeøkonomien og avhengige av diskontolån.

2.2.10 Lov av 8. august 1842 om Noregs Bank

For å bøte på den store pengemangelen og lette kredittforholda vedtok Stortinget å auke Noregs Bank sin rett til å utgje setlar frå 2 til 2,5 speciedaler for kvar sølvspecie. Frå då av vart det opna for å veksle inn sølv også ved avdelingane i Bergen, Kristiania og Kristiansand.

Den auka setelutstedingsretten, den nye fordelinga av utlåna mellom distrikta, retten til å veksle sølv mot setlar ved filialane i Bergen, Kristiansand og Kristiania, bortfallet av gebyr for innskot på folio, retten til å ha 500 000 speciedaler av banken sitt fond i utlandet, og Noregs Bank si plikt til å gje ut setlar mot sølv, vart sterkt med på å gjere Noregs Bank si verksemd meir smidig og betre tilpassa dei krava som publikum stilte. Direksjonen var på si side imot denne plasseringa i utlandet. Noregs Bank skulle ikkje drive valutahandel for å påverke børs kursen. Den einaste grunnen for banken til å ha midlar i utlandet måtte vere for å kjøpe sølv. Setelbanken si plikt var avgrensa til å skaffe seg ei sølvkasse som var tilstrekkeleg stor til at setlane kunne løysast inn. Seinare er som kjent handel med valuta eit av setelbanken sine viktigaste verkemiddel i pengepolitikken. I praksis viste det seg likevel at direksjonen greip den nye sjansen, og ved utgangen av 1844 var meir enn ein halv million speciedaler plasserte i utlandet.

Lova av 1842 slo også fast at det skulle betalast renter på innskot og at setlane på ein halv og femtedel vart dregne inn. Vidare vart det pålagt Noregs Bank å utlevere setlar mot grov kurant. Det metallet som kom inn på dette viset skulle vere sølvfondet uvedkomande, og difor ikkje bidra til å auke omløpsmidla. På det viset bygde det seg opp eit nytt fond som seinare vart kalla ekstrarfondet. Gjennom dette vart det mogeleg å utgje så mange setlar som publikum forlangte og var villege til å betale med edelt metall.

2.2.11 Lov av 15. september 1851 om Noregs Bank

Denne lova gav Noregs Bank mynde til å opprette bankkontor som ikkje hadde same status som avdelingane. I denne lova heiter det at: Bankens Repræsentanter og Directeurer kan beslutte Oprættelse af Bankcontoirer i Kjøbstæder, hvor Filialafdelinger af Norges Bank ikke have. Bakgrunnen var press frå ei rekkje byar om å få opprette avdelingar. Både direksjonen og representantskapet var lite villege til å opprette nye avdelingar fordi det ville gjere det vanskeleg for hovudsetet å få oversikt over verksemda i banken, og ikkje minst auke banken sine utgifter.

Krav om nye avdelingar vart stadig reist, og resultatet var at Stortinget vedtok ei lov som gjekk ut på at det vart oppretta avdelingar i Stavanger og Tromsø. Lova vart ikkje

sanksjonert, men presset på Noregs Bank var så stort at banken bøygde av og avgjorde at det skulle opprettast bankkontor i dei nemnde byane.

2.2.12 Lov av 28. september 1857 om Noregs Bank

Etter reforma i 1842 gjekk det 15 år før ein på ny endra banklova. Dei mest sentrale endringane galdt Noregs Bank si kasse og setelsirkulasjonen. Direksjonen fekk fullmakt til å avgjere kor stor del av banken sine ressursar, inntil 1/3 av sølvmengda, som kunne vere plassert i utlandet. Nettoinntektene av den delen av Noregs Bank si utanlandske beholdning over den lovfesta halve millionen frå 1842, vart overført til reservefondet. Det vart vidare avgjort at dersom Noregs Bank måtte stanse innløyisinga av setlane etter full verdi, opphøyrdet dei å vere påbodne betalingsmiddel mot andre enn banken sjølv.

For næringslivet og andre som hadde trong til auka kreditt, var det truleg Noregs Bank sin rett til å auke setelmengda som var den viktigaste endringa. Etter den nye lova fekk banken rett til å utgje i alt 1,1 millionar speciedaler i tillegg til det lova av 1842 gav grunnlag for. Lova av 1857 avgjorde at 1/3 av det sølvet som kom inn gjennom innveksling til setlar etter lova av 1842, kunne brukast til nye utlån. Same regel galdt for reservefondet. Oppsamla renter etter lova av 1842 kunne også lånast ut i eit forhold på 3:2. Inntekta av desse låna vart delt mellom statskassa og Noregs Bank.

Lova av 1857 førte til store endringar i reglane for dekninga av setlane. På reservefondet og ekstrarfondet kunne det verte ferda setlar etter forholdet 3:2, og det same forholdet vart dessutan gjort gjeldande for oppsparte bankrenter. For aksjefondet vart det som tidlegare halde fast ved forholdet 5:2. Frå då av fekk Noregs Bank løyve til å utgje setlar på grunnlag av alle metallfonda i tillegg til dei oppsparte rentene, som vart kalla lånefondet av 1842. Reservefondet vart oppretta i 1827, og var bygd opp av at delar av overskotet vart sett av i eit eige fond. Tabellen illustrerer korleis dei nye reglane fungerte.⁴

	Fond 31.12.1856	Etter gamle reglar	Etter nye reglar
Aksjefondet	2 502 000	5:2 6 255 000	5:2 6 255 000
Lånefondet av 1842	417 927	-	3:2 626 956
Annekterte låneinnretning	149 027	2:1 298 055	2:1 298 055
Reservefondet	532 268	1:1 532 268	3:2 798 402
Ekstrarfondet	484 554	1:1 484 554	3:2 726 831
Sum	4 085 776	7 569 877	8 705 244

Vi ser at Noregs Bank med desse lovendringane fekk løyve til å auke setelmengda med dryge 1,2 millionar speciedaler. Rekneskapsmessig vart den utvida retten til å trykkje setlar ordna ved at det vart oppretta faste fond, *Lånefondet etter lov av 8. august 1842* og *Seddelfondet etter lov av 28. september 1857*. I Noregs Bank sine rekneskapsbøker kan ein lese kor mykje som til ei kvar tid vart lånt ut. Dette var kapital som var kjærkomen under dei vanskelege forholda etter Krim- krigen. Den utvida retten til å gje ut setlar auka også banken si evne til å operere i marknaden og gjorde setelsystemet meir smidig. Etter rekneskapen i 1876 stilte forholdet seg som følgjer:

	Speciedaler	Forholdstal	Speciedaler
Aksjefondet	2 502 335	5:2	6 255 838
Lånefondet, statsinnskotet	625 000	3:2	937 500
Annekterte låneinnretning	72 878	2:1	145 757
Reservefondet	1 057 431	1:1	1 586 147
Ekstrarfondet	3 889 199	1:1	3 889 199
Gull- og sølvfond	8 146 843	Fundererte setlar	12 814 441

⁴ Tala byggjer på Nicolai Rygg *Norges Banks historie II*, Oslo 1954, s.3

Endringane frå 1857, dekning gjennom reserve- og ekstrarfondet og bankrenter, førte til at forskjellen mellom sølv- og setelmengda auka kraftig og at den tidlegare maksimumsgrensa for denne forskjellen vart teken bort. Inntil 1857 hadde ein eit proporsjonssystem med visse innskrenkingar, men deretter eit reint proporsjonssystem fram til pengelova av 1873.

2.2.13 Lov av 6. juni 1863 om Noregs Bank

Lova slo fast at dei reglane som galdt forholdet mellom Noregs Bank sitt sølv og retten til å utferde setlar skulle gjelde også etter at det var utarbeidd aksjebrev til statskassa for dei oppsparte bankrentene etter lova av 8. august 1842. Vinsten som Noregs Bank fekk ved auka utlån etter 1857 måtte fortsett verte delt mellom banken og staten. Stortinget gjekk imot at staten fekk aksjar for det sølvet som var grunnlaget for reservefondet.

2.2.14 Lov av 17. juni 1869 om Noregs Bank

Denne lova gav styret i Noregs Bank rett til å avgjere kor stor del av kassareservene som skulle vere i gull. Dette var eit steg nærmare overgangen frå sølv- til gulldekning for banken sine pengesetlar. Ein stor pengekonferanse i Paris to år tidlegare tilrådde mellom anna ein internasjonal overeinskomst på grunnlag av gullstandard.

2.2.15 Lov av 4. juni 1873 om pengevesenet

Ved denne lova vart det avgjort at frå 1. januar 1874 skulle grunnlaget for setelmengda vere gull. Paragraf 1 i lova slo fast at: *Grundlaget for Norges Myntsystem skal for Fremtiden være Guld. Speciedalerens Værdi skal svare til 1 19/31 eller 1.6129 Gram fint Guld. Istedetfor i fem Rigsorter inddeles Speciedaleren i 4 Kroner. Kronen inddeles i 30 Shilling. Sølvmyntane skulle berre vere skiljemynt og verte prega for staten si rekning.*

Frå 1873 vart det innført, som for perioden 1842-1857, ei blanding av differanse- og proporsjonssystemet. Differansesystemet gav setelbanken rett til å utgje setlar for eit visst beløp utover dei setlane som kravde full metalldekning. Av proporsjonssystemet fylgde det fast kor mange setlar som kunne trykkast på grunnlag av metallfondet. På bakgrunn av dette ser vi at all den tid det var noko att av ekstrarfondet, var det differansesystemet som var gjeldande. Dersom dette fondet vart tømt, vart proporsjonssystemet gjeldande.

Oppstykinga av dei ulike fonda i Noregs Bank i ulike delar med særskilde reglar for kvar av desse og dei mange tilleggslovane, gjorde at reglane om setelutferding vart vanskelege å forstå. Alle desse setelfonda gjorde det også særns innvikla å rekne ut kor stor del av fortienesta av setelutferdinga som skulle betalast til statskassa, og kor stor del som tilhørde Noregs Bank.

2.2.16 Lov av 17. april 1875 om pengevesenet

Ved denne lova vart det innført sams myntvesen i Skandinavia. I 1870 vart det, etter innstilling frå ein sams kommisjon frå dei tre nordiske landa, underteikna ein overeinskomst mellom Sverige og Danmark. Fleirtalet på Stortinget gjekk derimot ikkje inn for at Noreg skulle fylgje med. Politkarane hadde ei generelt negativ haldning til slike nordiske overeinskomstar.

To år etter innføringa av gullstandarden var tida mogen for at også Noregs vart med i den skandinaviske myntunionen. Til avløyning av pengelova av 1873 vart det vedteke ny lov. Der heiter det at *Grundlaget for Rigets Myntsystem er Guld og Pengeenheden skal være en Krone, som deles i 100 øre. Kronens Værdi svarer til en Vægt av 25/62 (fem og tyve to og sextiendedele) eller 0.40323 af et Gram fint Guld.* Denne lova galdt både for hovudmynten og for skiljemynten.

Myntunionen trakk ikkje opp reglar for transaksjonar mellom setelbankane. Ein slik avtale om gjensidige kredittar vart inngått november 1885. Fram til utbrotet av 1. verdskrigen endra valutakursen i dei tre landa seg innanfor så snevre grenser at kortsiktig internasjonal

kreditt og endringar i diskontoen var tilstrekkeleg til å halde faste stabile forhold på valutamarknaden. Etter bortfallet av gullinnløysinga i 1914 har ikkje myntunionen hatt noko praktisk rolle, og han vart formelt oppsagt så seint som i 1972.

2.2.17 Lov av 8. juni 1881 nr.3 om tillegg til lov av 17. april 1875

Lova gav heimel for utmynting av 5-kroners gullmynt. Det vart også slått fast at myntar som vart utsett for slitasje eller skader ikkje var tvungne betalingsmiddel.

2.2.18 Lov av 23. april 1892 om Noregs Bank

Den nye lova var ei gjennomgripande revidering av fundasjonen for Noregs Bank. Dei viktigaste endringane galdt overgang til differansesystemet som grunnlag og utgjeving av setlar, tilsetjing av fast tilsett direktør som leiar av direksjonen, og ei klårare fordeling mellom banken og staten av overskotet av setelbankverksemda.

Allereie frå 1876 av tok tankane om endringar i lovgjevinga form. Stortinget oppmoda regjeringa om å revidere lova og kome med forslag til endringar. Nesten 16 år seinare var revisjonen sluttført ved kodifikasjon av lova i 1892. Lova søkte å konsolidere Noregs Bank si utvikling og tilpasse banken til både dei politiske og økonomiske endringane sidan 1816, og samstundes halde fast ved grunnsynet på banken si rolle.

Med omsyn til administrasjonen av banken, vart det teke med eit eige kapittel i lova. Etter lang tids ordsifte vart det avgjort å tilsetje ein fast direktør som leiar av direksjonen. Dette vart gjort for å styrke Noregs Bank si stilling og sikre kontinuitet i leiinga. Karl Gether Bomhoff vart Noregs Bank sin første fast tilsette direktør og leiar av direksjonen. Samstundes var det oppe spørsmål om faste formenn ved avdelingane, men tida var ikkje mogen for det. Det vart avgjort at dei stortingsvalde medlemmene valde ein formann seg imellom. Representantskapet fekk på si side karakter av ein landsrepresentasjon då klausulen om at dei måtte bu nær hovudsetet vart fjerna.

Ei viktig endring i lova galdt retten til å utferde setlar. Noregs Bank var tildelt dette privilegiet av staten, og staten ynskte å få ein del av overskotet som privilegiet gav. Differansesystemet vart innført, og med omsyn til fastsetjinga av differansen bygde ein på tidlegare erfaringar. Den første differansen vart sett til 24 millionar kroner. Det nye systemet gjorde rekneskapen enklare og meir oversiktleg, og dermed lettare å dele overskotet. Oppstykinga i ulike metallfond mista meining, og ved utgangen av 1892 stilte setelutferdingsretten seg som fylgjer:⁵

		Forholdstal	Rett til å utgje
Bankinnskot	10 009 909,52	5:2	25 024 773,80
Det nye lånefondet	2 500 000,00	3:2	3 750 000,00
Reservefondet	5 416 267,11	3:2	8 124 396,17
Ekstrafondet	21 436 260,45	1:1	21 436 260,45
	39 362 434,08		58 335 430,42

Ei viktig nyskaping var §11 som slo fast at Noregs Bank i naudstilfelle kunne overskride seteldekningsreglane. Dersom dette vart aktuelt, måtte Finansdepartementet straks få melding om årsaka. Som ein ytterlegare garanti for at banken sjølv ville ha interesse av å oppretthalde dekningsreglane, vart banken pålagt å betale ei avgift på seks prosent til statskassa av den aktuelle summen. Dette var etter mønster av den tyske banklovgjevinga.

Det vart også gjennomført andre endringar i lova. Noregs Bank skulle utan gebyr motta pengar til innsetjing på folio. Lova utvida også banken si plikt til å motta deposita utover pengar og edle metall, slik som verdipapir, kupongar og obligasjonar som vart trekte ut.

⁵ Nicolai Rygg, *Norges Banks historie II*, s.213, Oslo 1954

Noregs Bank fekk også rett til å krevje gebyr for tenester som kjøp og sal av verdipapir, og å innkassere beløp og etter betaling overføre eller tilvise verdipapir på avdelingane. I spørsmålet om utlån vart det slått fast at det helst skulle berre godtakast til diskontering verkelege, helst korte forretningspapir, og at avdragslån berre skulle løyvast dersom det ikkje fortrengde andre lån. I proposisjonen vart også utlån mot pant i fast eigedom sløyfa. Slike lån vart likevel teke med i lova sidan omfanget av dei var sterkt redusert sidan opprettinga. Tilgangen til lån for kassakreditt var ein viktig reform.

Lova av 1892 speglar også delar av det nye styringsprinsippet som vart innført ved parlamentarismen i 1884. Administrativt galdt det særleg forholdet mellom regjeringa og Stortinget, og i neste omgang forholdet mellom formannen i direksjonen som var valt av Kongen og dei andre medlemmene i direksjonen og representantskapet som var oppnemnd av Stortinget. I alt gjennomførte lova av 1892 ei rekkje viktige reformar. Endringane i setelutferdinga og det sentrale i Noregs Bank si verksemd gjorde at banken fekk eit fullt tidsmessig system. Styret av banken fekk ei friare stilling og verkemidla auka i tillegg til verkeområdet vart utvida. Noregs Bank fekk friare hender og vart betre rusta til å utføre dei oppgåvene han var sett til.⁶

2.2.19 Lov av 27. juli 1896 om Noregs Bank – flytting av hovudsetet

Stortinget avgjorde ved denne lova at hovudsetet for Noregs Bank skulle flyttast frå Trondheim til Kristiania. Frå 1. januar 1897 gjekk Kristiania avdeling over til å verte hovudsetet, og Trondheim fekk frå same tid status som avdeling. Med dette vart det sett sluttstrek for ein lang, og til tider bitter, kamp mellom Kristiania og Trondheim.

Presset mot Trondheim tok til allereie i 1818. I perioden 1839-1860 vart flyttesaka fremja på alle storting med unntak av to. Deretter var det eit avbrot fram til 1890 då Stortinget handsama forslaget til ny lov om Noregs Bank. Då lova av 1892 vart vedteke var det framleis fleirtal for at hovudsetet skulle vere plassert i Trondheim. Seks år seinare var det derimot fleirtal for å flytte direksjonen til hovudstaden. Tilhengarane for flytting meinte at banken måtte liggje i det økonomiske sentrum av landet. Motstandarane frykta på si side at i Kristiania vart det vanskeleg å hevde banken si sjølvstendige stilling andsynes dei politiske styresmaktene. Dei lika også dårleg sentraliseringa som flyttinga førte til.

2.2.20 Lov av 19. mai 1900 om Noregs Bank

Noregs Bank fekk rett til å utvide aksjekapitalen til 25 millionar kroner. Fortenesta ved å utvide aksjekapitalen vart overført til reservefondet. Seteldifferansen vart auka til 35 millionar kroner for å møte den auka etterspurnaden. Denne utvidinga hjelpte banken over dei vanskane han hadde hatt det året med støtte til fallerte privatbankar grunna bustadkrakket.

2.2.21 Lov av 14. mai 1902 om Noregs Bank

Ved denne tilleggslova fekk representantskapet mynde til å mellombels suspendere leiarane ved avdelingane. Ei slik avgjerd kravde at saka deretter vart lagt fram for Stortinget for endeleg handsaming. Direksjonen føreslo at det vart tilsett faste leiarar ved avdelingane, men Stortinget avgrensa seg til å vedta tilgangen til suspensjon, og med vart representantskapet si stilling styrkt.

Representantskapet fekk også fullmakt til å setje ned eit utval med fem medlem som kunne avgjere forhandlingar om akkord dersom det var naudsynt med rask avgjerd.

2.2.22 Lov av 22. mai 1902 om straff for pengeforfalsking

Straffelova inneheldt føresegnar retta mot pengeforfalsking og for å bevare Noregs Bank sitt setelmonopol. Etter lova er det strengt forbode å ettergjere både myntar og setlar.

⁶ Oskar Jæger kommenterte i 1894 den nye lova: ”Udsigt over de forandringer som Norges Banks virksomhed har undergaaet ved den nye banklov” i *Statsøkonomisk Tidsskrift 1894*

2.2.23 Lov av 13. juli 1905 om Noregs Bank

Ved denne lova vart det avgjort at det skulle utnemnast ein fast nestformann for direksjonen. Styret i Noregs Bank hadde føreslått at representantskapet skulle utnemne fast leiar også for avdelingane, men heller ikkje denne gangen fekk forslaget fleirtal på Stortinget.

2.2.24 Lov av 19. juli 1907 om Noregs Bank

Differansen mellom gullreservene og setelmengda vart auka til 45 millionar kroner. Noregs Bank fekk tilgang til å ha reserver i utlandet utover det som kunne medreknast under gullreservene. Noregs Bank fekk også plikt til å oppbevare verdipapir med meir for staten og offentlege fond. Banken fekk sjølv tilgang til å avgjere honorar for medlem i dei ulike komiteane under representantskapet.

Det punktet som skapte mest diskusjon var spørsmålet om fordeling av utbytet. Regelen om lik deling mellom staten og aksjonærane galdt inntil desse sitt samla utbyte utgjorde 9 prosent, og deretter gjekk $\frac{3}{4}$ til staten og $\frac{1}{4}$ til aksjonærane. Det vart også vedteke oppretta eit reguleringsfond for å sikre årleg utbyte.

2.2.25 Lov av 1. mai 1909 om Noregs Bank

Tidlegare praksis gjekk ut på at dersom ein styrar gjekk inn i regjeringa eller i styret til andre bankar, vart han samstundes utelukka frå å gjere teneste i styret av Noregs Bank. Vedkomande kunne ikkje rykkje inn i same stilling etter at perioden i regjeringa var over. Dette vart oppfatta som lite rimeleg, og ved denne lova vart det avgjort at ein suppleant ikkje kunne verte rekna som fast før det skjedde som følgje av dødsfall eller betalingsinnstilling. Andre tilfelle skulle representantskapet ta stilling til og sende saka vidare til Stortinget. Eit medlem i regjeringa kunne framleis ikkje fungere som representant, direktør eller styrar av avdeling i Noregs Bank eller annan bank.

2.2.26 Lov av 18. august 1914 om Noregs Bank

Ved denne lova vart det vedteke at Noregs Bank si plikt til å løyse inn setlane i gull vart mellombels oppheva. Dette var ei lovfesting av moratoriet frå 4. august 1914. Bakgrunnen for vedtaket var utbrotet av første verdskrigen. Finansdepartementet meinte det var tvingande naudsynt å ta slike forholdsreglar for å hindre ei øydelegging av pengestellet. Regjeringa fylgde dømet frå nabolanda som nettopp hadde vedteke tilsvarende avgjerder.

2.2.27 Lov av 15. april 1916 om Noregs Bank

Snau to år etter bortfallet av gullinnløyisinga vart ho ved resolusjon av 8. mars 1916 teken opp att. Etter at lova var vedteken sette Noregs Bank prisen på gull til 2 480 kroner minus 2 prosent, som seinare auka til 5 prosent, for å hindre at det for å spekulere vart innført for mykje gull til landet.

2.2.28 Lov av 21. juli 1916 om Noregs Bank

Noregs Bank fekk lov til å utvide aksjekapitalen til 50 millionar kroner. Seteldifferansen vart auka til 70 millionar kroner. Det vart også gjeve nærmare reglar for kva som kunne reknast under gullbeholdninga medrekna grensa på 6 millionar kroner som kunne vere til gode i Nationalbanken og Riksbanken. Avgifta ved overskriding av setelmengda vart uendra med stigande sats, men med løyve til å setje satsen ned under særleg omstende. Inntekta utover 9 prosent vart fordelt med $\frac{4}{5}$ til staten og $\frac{1}{5}$ til aksjonærane.

2.2.29 Lov av 25. mai 1917 om Noregs Bank

Lova avgjorde kva som kunne reknast som Noregs Bank si gullbeholdning:

- 1) gull i særskild oppbevaring, eller i det offentlege myntverket,

- 2) gull deponert i utanlandsk bank inntil eit beløp lik $\frac{3}{4}$ av punkt 1,
- 3) ikkje renteberande reserver i Nationalbanken og Riksbanken inntil 6 millionar kroner
- 4) ytterlegare beløp svarande til halvdelen av punkt 1 og 2.

Lova avgjorde også godtgjersle skyss og kost for representantskapet og pensjonar for dei adminstrerande direktørane. Men det var vanskeleg for lovgjevarane å halde tritt med auken i Noregs Bank si omsetning. Direksjonen fremja fleire forslag om å auke banken sin rett til å utgje setlar for å dekkje delar av etterspurnaden.

Som tillegg til pengelova frå 1875 vart det gjeve løyve til å utmynte 1-, 2- og 5-ører av jarn. Ingen hadde likevel plikt til å ta imot betaling på meir enn ei krone i myntar av jarn.

2.2.30 Lov av 14. desember 1917 om Noregs Bank

Lova gav Noregs Bank mellombels tilgang til å utgje setlar pålydande 1 og 2 kroner. Også her vart det avgjort at ingen var pliktige til å ta imot betaling på meir enn 20 kroner i slike setlar. Setlane skulle fungere som skiljemynt.

2.2.31 Lov av 29. juli 1918 om forbod mot innsmelting eller annan omdanning av skiljemynt

Denne lova sette i §1 forbod mot smelte inn eller på annan måte endre norsk, dansk og svensk skiljemynt. Det var også forbode å selje slik mynt dersom det var grunn til å tru at kjøparen hadde i tankane å smelte om myntane. Lova tok særleg sikte på situasjonar der prisen på myntmetall er høg.

2.2.32 Lov av 17. mars 1920 om Noregs Bank

Ved kongeleg resolusjon vart Noregs Bank nok ein gang mellombels fritaken for å innfri setlane mot gull. Pengerikdomen under krigen hadde undergrave det gjeldande pengesystemet slik at det ikkje lenger var mogeleg å tilby gull i byte med setlar.

2.2.33 Lov av 16. juni 1920 om tillegg til lov om pengevesenet av 17. april 1875

Lova gav tilgang til å utmynte 10-, 25- og 50-ører av koparnikkel. Etter lova hadde likevel ingen plikt til å ta imot betaling for meir enn 5 kroner av slike myntar.

2.2.34 Lov av 26. november 1920 om Noregs Bank

Denne lova gav nye reglar for setelutferdinga, og la grunnlaget for paripolitikken som prega store delar av dette tiåret. Proposisjonen som kom i 1919 føreslo også tilgang til å tilsetje administrerande direktørar ved avdelingane, men heller ikkje då var tida mogen for dette.

Nicolai Rygg, som då var tilsett som sjefdirektør men ikkje byrja, fekk i oppdrag frå finanskomiteen på Stortinget å utarbeide forslag til reglar for setelutferdinga. Forslaget frå Rygg bygde på at ein ikkje måtte fortsetje å gje etter for press frå ulike hald, og det galdt å setje ei grense for vidare auke i setelmengda:

- 1) Dekninga for setlane skulle byggje på differansesystemet.
- 2) Denne differansen burde verte normert med omsyn til den verkelege situasjonen og sett høgare enn det proposisjonen la opp til.
- 3) Det måtte skapes eit sikkert og samstundes fleksibelt system som sikra at setelmengda også under ekstraordinære forhold vart tilpassa situasjonen.

Det var klart at denne lovgjevinga måtte vere av mellombels natur. Lova gav fastare reglar og underbygde banken sin rett til å utferde setlar. Retten til ekstraordinær setelutferding grunna den vanskelege situasjonen etter første verdskrigen var av forbigåande art, og dette beløpet måtte setjast ned så snart som forholda gav rom for det.

2.2.35 Lov av 15. desember 1923 om pengeforpliktelser, lydende på betaling i gull

Lova fastsette at dersom ein skyldnar har vedteke å betale ei vare eller teneste i kroner i gull, og fordringshavaren nektar å motta betaling i Noregs Bank sine pengesetlar etter pålydande gullverdi, kan skyldnaren krevje å utsetje betalinga så lenge banken er friteken for plikta til å løyse inn sine setlar etter pålydande.

Lova vart aktuell då franske eigarar av norske obligasjonar i den såkalla gullklausulsaka etter andre verdskrigen kravde å få løyse inn desse etter gullverdien.

2.2.36 Lov av 18. mars 1924 om tillegg til lov om pengevesenet av 17. april 1875

Lova opna for å utmynte særskiljemynt som var gangbare berre i Noreg. Nærmare avgjerder om metallinnhald, vekt, storleik, preg og form vart gjeve av Kongen. Etter §3 hadde ingen plikt til å ta imot 50 kroner, 20 kroner, 5 kroner og 1 krone av særskiljemynt med pålydande verdiar av 5 kroner, 1-2 kroner, 10-50 øre og 1-5 øre. Etter at lova vart vedteken er all utmynting utført i medhald av denne lova og ikkje medhald av pengelova frå 1875.

2.2.37 Lov av 13. juli 1926 om foranstaltningar til oppretthaldelse eller regulering av kursen på norske kroner i fremmed mynt

Lova kom på bakgrunn av den særlege situasjonen på den norske pengemarknaden i 1920-åra. Etter lova kan Kongen, eller den han delegerer makta til, for å oppretthalde eller regulere kursen på den norske krone i forhold til utenlandsk mynt, utferdige *bestemmelser som anses tjenlige til å hindre spekulasjon i den norske krone, eller til å motvirke sådan spekulasjons innflytelse på kronens kurs, når det gjelder midler, der av norske banker eller andre firmaer (eller personer) direkte eller indirekte holdes for utenlandsk regning*. Noregs Bank fekk rett til å uttale seg før slike avgjerder vart vedteke vart fatta. Lova om valutaregulering av 14. juli 1950 gjorde denne lova overflødig.

2.2.38 Lov av 1. mai 1928 om gullfesting av krona

Etter meir enn sju års paripolitikk vart det endeleg nok ein gang mogeleg å løyse inn kroner mot gull. 7. april same året innstilte direksjonen til representantskapet at ein gjekk inn for ei endeleg løysing, og skildra dei ulukkene som ny inflasjon ville føre til. Departementet si innstilling, som vart sanksjonert ved kongeleg resolusjon, gjekk ut på:

- 1) at kongeleg resolusjon av 19. mars 1920, der Noregs Bank etter §7 i banklova mellombels vart friteken innfriing av setlane, vart oppheva frå og med 1. mai 1928,
- 2) at forbodet i lova av 18. august 1914 mot utskipping av gull vart mellombels sett ut av kraft.

2.2.39 Lov av 22. mai 1931 om Bank for International Settlements og faste direktørar ved avdelingane

Ved denne lova vart det endeleg gjennomført den reforma som banken i ei årrekkje hadde arbeidd for, nemleg ei styrking av administrasjonen av avdelingane. Dermed vart det ei løysing på denne saka som direksjonen hadde fremja like frå 1897, og det vart opna for fast tilsette administrerande direktørar ved avdelingane. Representantskapet, i samråd med direksjonen, kunne avgjere kva slag avdelingar det skulle tilsetjast administrerande direktørar. Direktørane vart tilsett av representantskapet etter direksjonen fekk høve til å uttale seg. Ved dei avdelingane der det vart tilsett administrerande direktør, vart han medlem i styret, men formannen vart valt mellom dei medlemmene som Stortinget utnemnde.

Lova opna også for at Noregs Bank fekk høve til å kjøpe aksjar i utanlandske føretak. Denne lovendinga var naudsynt for at Noreg kunne verte medlem i Bank for International Settlements, BIS. Den direkte årsaka til at BIS vart oppretta 17. mai 1930 var den såkalla Youngplanen som danna grunnlaget for det økonomiske oppgjeret etter første verdskrigen. BIS hadde mellom anna til oppgåve å formidle betalingane av erstatningane, hovudsakleg frå Tyskland. Sidan opprettinga har banken spelt ei viktig rolle i arbeidet for å styrke det

internasjonale samarbeidet i pengespørsmål, effektivisere sentralbankane og skape ein godt fungerande finansmarknad.

2.2.40 Lov av 27. september 1931 om suspensjon av gullinnløysinga

Tre og eit halvt år varte Noregs Bank si innløysing av setlane mot gull. Ved kongeleg resolusjon vart det avgjort at Noregs Bank si plikt til å innfri setlane mot gull mellombels vart oppheva. På ny vart det forbod mot å skipe gull ut av landet. Den direkte årsaka til denne avgjerda var at England frå 20. september oppgav gullstandarden på grunn av uroa på verdsmarknaden.

2.2.41 Lov av 29. mai 1932 om å veksle skiljemynt mot gull

Ved denne lova vart tilgangen til å veksle inn skiljemynt mot gull, som pengelova frå 1875 lovfesta, mellombels oppheva. Så lenge setlane ikkje var mogeleg å løyse inn, frykta ein at publikum ville veksle inn skiljemynten. Også Sverige og Danmark innførte slike lovar.

2.2.42 Lov av 6. juli 1933 om fordringar lydende på fleire myntsortar

Lova slo fast at norske statsborgarar busett i Noreg, samt norske selskap og institusjonar, berre kunne krevje betaling i norske kroner, sjølv om fordringa lydde utanlandsk mynt ved sida av norske kroner. Så lenge Noregs Bank var fritaken for plikta til setelinnløysing vart lova også nytta for fordringar som var inngått før lova. Fordringshavaren fekk høve til å vente med å få betaling, og i mellomtida kunne han krevje ei rente på 2 prosent.

2.2.43 Lov av 17. februar 1935 om deponering i gjeldshøve

Lova handlar om ein skuldnar sin rett til å fri seg ved å deponere gjeldsbeløpet i Noregs Bank under forutsetning av at han utan eigen skuld ikkje kan få oppfylt sitt ansvar. Lova vart ofte nytta i tilfelle der krav vart reist samstundes frå fleire hald i utlandet, og der berre domstolane kunne avgjere kven som var den rette kreditoren.

2.2.44 Lov av 31. mai 1935 om betalingsutjamning

Lova var grunnlaget for clearinga mellom Noreg og andre land. Clearinga skjedde i Noreg ved formidling av Noregs Bank. Banken oppretta eit eige kontor som hadde til oppgåve å arbeide med slike handelsavtalar.

Dersom eit framand land la hindringar i vegen for overføringar av pengar, fekk Handelsdepartementet løyve til å treffe avgjerder slik at norske uteståande krav i vedkomande land kunne få dekning ved utjamning i uteståande krav i Noreg. Vidare heitte det at dersom eit framand land gjennom restriksjonar i handelen med valuta la hindringar i vegen for det frie varebyttet mellom landa, kunne Handelsdepartementet avgjere at dette landet sine uteståande krav i Noreg berre kunne brukast til dekning av norske uteståande krav i vedkomande land. Etter valutalova 14. juli 1950 hadde lova ikkje noko praktisk rolle.

2.2.45 Lov av 30. juni 1936 om Noregs Bank si setelutferding

Setelutferdingsretten vart auka med 75 millionar kroner, slik at Noregs Bank kunne utferde setlar for 325 millionar kroner meir enn gullmengda. I §15 vart det understreka at Noregs Bank hadde rett til å kjøpe og selje verdipapir for å påverke marknaden. Gevinst av dette vart ført inn på ein konto for kursregulering.

2.2.46 Lov av 12. mai 1939 om Noregs Bank si setelutferding

Setelutferdingsretten vart auka med 100 millionar kroner, slik at Noregs Bank kunne utferde setlar for 425 millionar kroner meir enn gullmengda. Den gjeldande lova svarte ikkje lenger til behovet, og det var sterkt ønskeleg å utvide retten til å utferde setlar. Målet var nærmast å få

frigjort ein del av seteldekningsgullet. I 1939 representerte gullet nesten den doble verdien av det tilsvarande beløpet i setlar.

Den andre verdskrigen vart eit brot i utviklinga av Noregs Bank si rolle i økonomien. Sjefdirektør Nicolai Rygg vart att i Oslo for å leie den okkuperte Noregs Bank. Arnold Ræstad vart med regjeringa og Stortinget til England der han leia den frie Noregs Bank. Denne delinga kravde naturleg nok mellombels endringar i lova om Noregs Bank. Dei første punkta gjelder for Noregs Bank i det okkuperte Noreg. Dei siste punkta gjelder for Noregs Bank i London.

2.2.47 Vedtak av 15. april 1940 om oppretting av Administrasjonsrådet

Høgsterett oppretta eit råd, Administrasjonsrådet, for å opprette ordna forhold i dei okkuperte delane av landet og skape ordna forhold for produksjon og omsetning. Rådet hadde ikkje politiske oppgåver. Gunnar Jahn, som vart sentralbanksjef etter krigen, var leiar av Finansdepartementet og rådet. Han var ein fortruleg venn av Nicolai Rygg, slik at samarbeidet mellom Noregs Bank og departementet fungerte særst godt. Vidkun Quisling si kuppregjering frå 9. april gjekk av til fordel for Administrasjonsrådet.

Direktør Thorkildsen kom tilbake til Noregs Bank onsdag morgon 10. april. Same dag reiste Rygg til Elverum der han konfererte med eit utval oppnemnd av Stortinget. Partane var einige om at Rygg måtte reise tilbake til Oslo for å sikre ei best mogeleg leing av Noregs Bank. Måndag 15. april tok han difor opp att arbeidet i banken.

25. september 1940 løyste Richskommissar Teroven Administrasjonsrådet frå sine oppgåver. Banksjef E. Sandberg vart leiar av Finansdepartementet og tok over Jahn si rolle i forhandlingane med okkupasjonsmakta. Den 1. februar 1942 vart Nasjonal Samling (NS) gjeve styret av landet. Quisling vart minsterpresident og kaptein F. Prytz sjef for Finansdepartementet.

2.2.48 Provisorisk ordning av 22. april 1940 om pengevesenet i Noreg

I møte på Elverum 9. april 1940 gav Stortinget fullmakt til regjeringa til å handle i alle typar spørsmål. Dette galdt også i pengespørsmål som etter Grunnlova sorterte direkte under Stortinget. Penge- og kredittvesenet måtte tilpassast etter den situasjonen som krigen skapte.

Ordninga inneheldt i alt 15 punkt om Noregs Bank og pengevesenet:

- 1) Pengeeininga skulle fortsett vere krone. Kongen fastsette kursen på utanlandsk valuta.
- 2) Norske setlar trykte av Noregs Bank og skiljemynt frå før 9. april 1940, samt engelske og franske pengesetlar og skiljemynt som er gjeldande i vedkomande land var tvungne betalingsmiddel.
- 3) Norske pengesetlar frå det okkuperte området, eller som tyskarane lot trykkje, var ikkje gyldige betalingsmiddel i område under den norske regjeringa.
- 4) Setelmengda i dei frie områda måtte ikkje utgjere meir enn 150 millionar kroner over gullreservene og reservene av engelsk og fransk valuta.
- 5) Noregs Bank sitt hovudsete skulle vere plassert utanfor Oslo.
- 6) Gullbeholdninga kunne vere heilt eller delvis plassert i utlandet.
- 7) Den første i kvar månad skulle Noregs Bank offentleggjere verdien av gullbeholdninga og verdien av fordringane på utlandet.
- 8) Det same galdt for mengda av engelsk og fransk mynt som vart omsett i Noreg.
- 9) Når tyskokkuperte område vart tekne tilbake, skulle Noregs Bank straks leggje beslag på setlar som var produsert av tyskarane.
- 10) Etter oppmoding frå regjeringa skulle Noregs Bank stille midlar til rådvelde for å sikre krigføringa og forsyningane.
- 11) Noregs Bank skulle også ta over kontrollen med verksemda til bankane og sparebankane. Også omsetnaden av valuta vart lagt under Noregs Bank.

- 12) Noregs Bank kunne honorere sjekkar og andre tilvisingar eller betalingsordre på engelske og franske bankar.
 - 13) Kongen fekk fullmakt til å oppnemne frå nytt av kvar og ein av Noregs Bank sin direksjon og varamenn. Direksjonen fekk same mynde som til då var gjeve representantskapet og direksjonen.
 - 14) Finansdepartementet fekk fullmakt til å fastsetje nærmare reglar for gjennomføring av denne provisoriske forordninga.
 - 15) Elles var lovgjevinga om pengevesenet, om Noregs Bank og om bankane og sparebankane gjeldande.
- På dette grunnlaget forma Noregs Bank si rolle i det frie Noreg.

2.2.49 Kongeleg resolusjon av 22. april 1940 om pengevesenet i Noreg

I medhald av denne resolusjonen vart det avgjort at hovudsetet inntil vidare skulle vere i Møre og Romsdal fylke og at medlemmene av direksjonen per 9. april vart fritekne frå sine verv. Det vart oppnemnd ein ny direksjon med Arnold Ræstad som formann.

2.2.50 Kongeleg resolusjon av 7. juni 1940 om hovudsetet til Noregs Bank

Den nyoppnemnde direksjonen for Noregs Bank i det frie Noreg vart med Kongen, regjeringa og Stortinget til England. Det vart difor vedteke at hovudsetet til Noregs Bank frå 7. juni og inntil vidare skulle vere i England på den staden som Finansdepartementet avgjorde.

I tillegg til reservene i utlandet disponerte direksjonen Ræstad midla frå Gjøvik, Hamar, Ålesund, Bodø, Tromsø, Hammerfest og Vardø avdeling. Desse avdelingane vart sett i funksjon att så snart krigssituasjonen gjorde det mogeleg.

2.2.51 Kongelege resolusjonar i samband med mellombels flytting av hovudsetet til Storbritannia

I samband med evakueringa av Noregs Bank og gullbeholdninga til England vart det utarbeidd ei rekkje provisoriske instruksar. Det vil føre for langt å gå i detalj inn på kvar av desse, men det kan likevel vere tenleg med ein oversikt over desse.⁷

- 1) Provisorisk anordning av 16. april 1940 om mellombels betalingsutsetjing.
- 2) Kongeleg resolusjon av 22. april 1940 når det gjeld vekslingsforholdet mellom lovlege norske og engelske pengar.
- 3) Kongeleg resolusjon av 22. april 1940 om setet for Noregs Bank og samansetninga av direksjonen. Medlemmene per 9. april vart løyst frå sine verv. Nye medlem vart utnemnd i staden: Dr. Arnold Ræstad som formann, banksjef Thorsen, professor Keilhau, stortingsmann Colbjørnsen og konsul Hansen.
- 4) Kongeleg resolusjon av 22. april 1940 om deponeringa av gullbeholdninga.
- 5) Kongeleg resolusjon av 26. april 1940 om direksjonen i Noregs Bank. Direktør Jens Nørve, frå Noregs Bank avdeling Gjøvik, overtok plassen til banksjef Thorsen.
- 6) Kongeleg resolusjon av 26. april 1940 om mellombels vedtak om tilvising av statsutgifter til sivile føremål, lån til kommunale forsyningar, utbetaling av løn mm.
- 7) Kongeleg resolusjon av 26. april 1940 om vekslingsforholdet mellom lovlege norske og britiske eller franske pengar.
- 8) Kongeleg resolusjon av 8. mai 1940 om overføring av administrasjonen av alle statsgaranterte bankar til Finansdepartementet.
- 9) Provisorisk anordning av 8. mai 1940 om mellombels forlenging av fristen for protest av vekslar og sjekkar.
- 10) Kongeleg resolusjon av 18. mai 1940 om fullmakt for Finansdepartementet til å teikne aksjar i eit nytt skadeforsikringsselskap i den ikkje okkuperte delen av Nord-Noreg.

⁷ Desse forordningane er trykt som bilag nr.1 i *Beretning fra direksjonen for Norges Bank om virksomheten i det frie Norge og i London i tiden 22. april 1940 til 13. juli 1945*, Oslo 1946

- 11) Kongeleg resolusjon av 31. mai 1940 om lån av statsgaranterte midlar til godkjende fiskarsamvirkelag.
- 12) Kongeleg resolusjon av 31. mai 1940 om fullmakt for Finansdepartementet til på vegne av statskassa i visse tilfelle å stille garanti i samband med lån som spare- og aksjebankar i dei ikkje okkuperte områda måtte ta opp i Noregs Bank.
- 13) Provisorisk anordning av 7. juni 1940 om hovudsetet for Noregs Bank. Det vart avgjort at hovudsetet for banken skulle vere utanfor Oslo. Hovudsetet kunne også plasserast utanfor Noregs grenser.
- 14) Kongeleg resolusjon av 7. juni 1940 om hovudsetet for Noregs Bank. Det vart vedteke at hovudsetet inntil vidare skulle vere plassert i Storbritannia.
- 15) Kongeleg resolusjon av 7. juni 1940 om direksjonen for Noregs Bank. Konsul Hansen frå Molde vart løyst frå vervet, og skipsreiar Thomas Olsen vart nytt medlem. Også varamennene vart løyst frå sine verv, og nye tilsett.
- 16) Provisorisk anordning av 6. juli 1940 om oppskrivning av gullbeholdninga til Noregs Bank. Gullet vart bokført til ein pris på 4960 kroner per kilogram. Agiogevinsten vart delt mellom staten (4/5) og banken (1/5).
- 17) Provisorisk anordning av 26. juli 1940 om representantskapet for Noregs Bank. Lova om Noregs Bank vart endra slik at det heitte at: Banken står under en overbestyrelse av et representantskap på 9 medlemmer og under bestyrelse av en direksjon på 5 medlemmer.
- 18) Kongeleg resolusjon av 26. juli 1940 om oppnemning av medlem til representantskapet. Dei nye medlemmene var generalkonsul Gabriel Conradi, Johan Ingebrigtsen, Knud Sømme, Bjørn Kverndal, Oscar Christophersen, Kristian Krefting, Eric Irgens, Bernt Lund og Arne Ellingsen.
- 19) Kongeleg resolusjon av 26. juli om oppnemning av varamenn til direksjonen. Nye varamenn var skipsreiar Hysing Olsen, handelsråd J.G. Ræder og direktør Nils Petersen.
- 20) Kongeleg resolusjon av 26. juli 1940 om oppnemning av dei menn som etter §36 i lova om Noregs Bank skulle motta underretning frå direksjonen og verte framlagt banken sine bøker.
- 21) Kongeleg resolusjon av 29. oktober 1940 om overføring av Noregs Bank sine middel i Federal Reserve Bank of New York til regjeringa.
- 22) Kongeleg resolusjon av 28. juni 1941 om oppnemning av medlem til representantskapet. 19. desember 1940 døydde Christophersen, og Conrad Norman Minotti Bøhn vart utnemnd som nytt medlem.
- 23) Kongeleg resolusjon av 15. august 1941 om dekning av utgifter i samband med transporten av gullbeholdninga til Canada og Amerika.
- 24) Kongeleg resolusjon av 22. mai 1942 om oppnemning av nytt medlem i direksjonen. Thomas Olsen vart løyst frå vervet, og advokat Annæus Schjødt vart nytt medlem.
- 25) Kongeleg resolusjon av 3. juli 1942 om direktør I. Hysing Olsen og handelsråd J.G. Ræders avgang som varamenn for direksjonen. Nye medlem var stortingsmann Carl Wright og forretningsfører Ingvald Haugen.
- 26) Kongeleg resolusjon av 21. august 1942 om oppnemning av nytt medlem til direksjonen. Ole Colbjørnsen vart løyst frå vervet som medlem i direksjonen, og forretningsfører Konrad Nordahl vart utnemnd i staden.
- 27) Provisorisk anordning av 3. september 1943 om mellombels ordning av pengestellet i frie norske område.
- 28) Kongeleg resolusjon av 16. juni 1944 om oppnemning av medlem i representantskapet. Advokat Bernt Lund vart løyst frå vervet, og advokat Nils Dybwad nytt medlem.
- 29) Provisorisk anordning av 30. juni 1944 om mellombels ordning av pengevesenet i frie norske område.
- 30) Provisorisk anordning av 10. november 1944 om Finansdepartementet sin rett til å utarbeide føresegner om valutakontroll med vidare.

- 31) Kongeleg resolusjon av 10. november 1944 om leiinga av Noregs Bank etter frigjeringa. Frå den tida delar av Noreg vart fritt og fram til Kongen fekk avgjort føresegner om samansetninga av representantskapet og direksjonen, fekk Finansdepartementet den mynde som desse vanlegvis hadde. Departementet fekk også mynde til å tilsetje styrarar ved avdelingane.
- 32) Kongeleg resolusjon av 10. november 1944 om godkjenning av pengesetlar og skiljemynt.
- 33) Kongeleg resolusjon av 10. november 1944 om fastsetjing av dei beløp det skulle verte utgjewe kronesetlar for.
- 34) Kongeleg resolusjon av 20. november 1944 om å setje i verk provisorisk anordning frå 30. juni same år.
- 35) Kongeleg resolusjon av 20. november 1944 om delegasjon til Finansdepartementet sin representant i regjeringsdelegasjonen med einskilde provisoriske instruksar for frigjorde område tillagt Kongen.
- 36) Kongeleg resolusjon av 16. februar 1945 om tilgang for Finansdepartementet til å innfri ved forfall løpande statsvekslar og utgje nye statsvekslar i frigjorde område av Finnmark fylke.
- 37) Provisorisk anordning av 16. februar 1945 om fullmakt for Finansdepartementet til å gje Noregs Bank rett til å ta opp bankkreditt i Amerika på inntil 15 millionar dollar.
- 38) Provisorisk anordning av 9. mars 1945 om å auke føresegna av 16. februar same år til 16 millionar dollar.
- 39) Kongeleg resolusjon av 13. juli 1945 gjeldande for: 1; Flytting av hovudsetet frå London tilbake til Oslo, 2; Løyse banken sine direktørar og representantar i London frå sine verv og 3; Tilsetje direktørane Rygg og Thorkildsen som formann og nestformann i direksjonen.

Noregs Bank fekk etter krigen ei meir direkte og aktiv rolle i utforminga av den økonomiske politikken. Samstundes voks det fram eit nytt syn på banken si stilling og mål for penge- og kredittpolitikken. Det vart viktig at Noregs Bank førte ein penge- og kredittpolitikk som tok nasjonale omsyn. For å sikre at det vart slik var det viktig at det formelle grunnlaget vart lagt gjennom utstrekt samarbeid og innføring av nye lovar som regulerte forholdet mellom styresmaktene, banken og resten av penge- og kredittinstitusjonane.

I 1950 vart det sett ned ein komite, under leiing av Frihagen, som mellom anna hadde til oppgåve å kome med forslag til ny lov. Komiteen leverte si innstilling i 1953, men det vart aldri fremja proposisjon for Stortinget. Andre lovar vart derimot vedtekne.

2.2.52 Lov av 5. september 1945 om visse finansielle tiltak

Lova var grunnlaget for saneringa av pengevesenet i 1945. Til lova knytte det seg ein kongeleg resolusjon om innløyising av Noregs bank sine setlar, registrering av bankinnskot, verdipapir med meir.

2.2.53 Lov av 8. juni 1949 om statens overtaking av aksjane i Noregs Bank

Denne lova vedtok at Noregs Bank skulle vere ein statleg aksjebank. Dette var eit steg bort frå at privat kapital bidrog til å sikre banken mot politisk påverknad. Overtakinga vart gjennomført til tross for forholdsvis kraftig motstand frå mindretallet på Stortinget. Ordsiftet kring lova reiste spørsmål om kva slag stilling Noregs Bank burde ha i høve til dei politiske styresmaktene, og fekk fram motsetningane mellom det gamle og det nye synet på banken og pengevesenet.

2.2.54 Lov av 14. juli 1950 om valutaregulering

Valutareguleringslova var ei fullmaktslov som gav Finansdepartementet fullmakt til å regulere alle valutatransaksjonane med utlandet. Noregs Bank var utøvande organ for fleire viktige oppgåver når det gjaldt utøvinga av valutareguleringa. Dette førte igjen til at departementet

fekk instruksjonsmynde i valutasaker. Denne instruksjonsmynden kunne gjennomførast både ved generelle retningslinjer og ved pålegg i einstilte saker. Lova om Noregs Bank frå 1892 sa på si side lite om banken sine valutaoppgåver.

2.2.55 Lov av 28. juni 1952 om aksje- og sparebankers innskottsreserve i Noregs Bank

Også denne lova gav dei politiske styresmaktene høve til å gripe aktivt inn i pengepolitikken for å regulere marknaden. I lova heitte det at når det vart vurdert som naudsynt av omsyn til penge- og valutaforholda, kunne Kongen avgjere at aksje- og sparebankane skulle ha ståande ein innskottsreserve på folio i Noregs Bank. Lova vart sett i verk i januar 1955.

2.2.56 Lov av 17. juli 1953 om mellombels lov om tilgang til regulering av renter og provisjon

Lova gav styresmaktene høve til direkte å regulere kredittinstitusjonane sine rentevilkår. Etter §1 vart kredittinstitusjonane pålagt å gje melding til Noregs Bank om sine rente- og provisjonssatsar. Kongen kunne på grunnlag av §2 avgjere at rente- og provisjonssatsane ikkje kunne verte endra utan med samtykke av Noregs Bank. Vidare kunne Kongen på grunnlag av §3 avgjere at lån mot utferding av partialobligasjonar ikkje skulle leggjast ut til offentleg teikning eller verte opptekne på annan måte utan samtykke frå Noregs Bank.

Etter at det vart naudsynt å stille opp ei prioritert rekkefølge for ulike prosjekt og føreta nærmare vurdering av dei einstilte låneopptaka, kom direksjonen i Noregs Bank fram til at dette burde vere ei oppgåve for Finansdepartementet. Regjeringa samtykte med direksjonen sitt syn, og ved fornyinga av rentelova 1. juli 1956 vart mynda etter §3 overført til Finansdepartementet.

2.2.57 Lov av 29. juni 1956 om forlagspant for Norges Bank

Dette var ei lov om forlagspant for Noregs Bank ved utlån til tilverknad og omsetjing av fisk og fiskeprodukt. Desse låna vart for ein stor del gjeve med garanti frå staten og vart innført allereie i 1921. Lova vart oppheva 1. januar 1981.

2.2.58 Lov av 22. desember 1961 om overføring av myntvesenet til Noregs Bank

Med verknad frå 1. januar 1962 vart myntvesenet overført til Noregs Bank. Etter lova kunne Noregs Bank utmynte så mykje skiljemynt som banken fann naudsynt for å tilfredsstille etterspurnaden. Den Kongelige Mynt sine aktiva vart ved vedtak i Stortinget 14. desember 1961 vederlagsfritt overført til Noregs Bank frå 1. januar 1962. Frå same tid fekk banken ansvar for å dekkje utgiftene til administrasjon av myntvesenet.

Etter eldre tradisjon var det Kongen sitt privilegium å utgje myntar. Dette hang saman med at mynten var verdt si vekt i edelt metall, som i all hovudsak var anten sølv eller gull. Privilegiet til å utgje setlar vart gjeve ein eller fleire bankar for å best mogeleg sikre at setelpressa ikkje vart brukt til å finansiere statlege utgifter. Då ein gjekk bort frå å prege myntar av sølv og over til andre legeringar og metall som gjorde at mynten ikkje hadde reell pålydande verdi, var det ikkje noko til hinder for at setelbanken også kunne drive myntvesenet.

2.2.59 Lov av 14. desember 1962 om skattefrie fondsavsetningar

Etter denne lova har næringsdrivande tilgang til å deponere skattefrie fondsavsetningar til investeringsfond i Noregs Bank. Denne ordninga tok primært sikte på å jamne ut konjunktursvingningar. Det har heile tida vore viss avgrensingar for slike plasseringar, slik som til dømes at pengane måtte brukast til marknadstilpassing i utlandet, eller til miljøtiltak.

2.2.60 Lov av 25. juni 1965 om løyve til å regulere penge- og kredittmarknaden

Penge- og kredittlova var ei fullmaktslov som gav styresmaktene høve til å bruke ei rekkje verkemiddel til å utforme penge- og kredittpolitikken. Komiteen som leverte innstilling til ny

lov vart leia av direktør Knut Getz Wold. Getz Wold var sentralbanksjef i perioden 1971-1985. Lova gav detaljerte instruksar om kva slag tiltak som kunne takast i bruk. I §1 heitte det: Kongen kan i medhold av denne lov utferdige bestemmelser om likviditetsreserver, valutadekningsreserver, tilleggsreserver, plasseringsplikt, direkte utlånsregulering for visse kredittinstitusjoner, høyeste rentesats for utlån og emisjonskontroll. Departementet kan utferdige bestemmelser om oppgaveplikt for den som driver virksomhet, og om plikt til å gi oppgaver over rentesatser.

Lova avløyste rentelova og innskottsreservelova. Kredittlova førte også til at ei rekkje verkemiddel som tidlegare vart brukt i dei frivillige kredittavtalane, vart lovfesta. Det kredittpolitiske samarbeidsorganet Samarbeidsnemnda vart difor lagt ned då kredittlova vart vedteken. Dei ulike aktørane på penge- og kredittmarknaden gjekk inn for bruk av generelle, indirekte verkemiddel og kredittavtalar, og såg ingen grunn til å halde fast ved Samarbeidsnemnda. Kredittlova vart likevel vedteken og brukt aktivt av ulike regjeringar.

2.2.61 Lov av 7. juli 1967 om skattefri avsetnad til premiefond for arbeidsgjevaravgift til folketrygda

Denne ordninga vart administrert av Noregs Bank. Innbetalinga av dei avsette midla vart gjort for rekning av folketrygdfondet. Det vart oppretta ein konto for kvar arbeidsgjevar som brukte denne tilgangen.

2.2.62 Lov av 15. mars 1973 om 1- og 2-ører

Lova avgjorde at mynt med pålydande 1- og 2-øre opphøyrdde å vere lovleg betalingsmiddel frå 1. januar 1974, og at utmyntinga av slike straks skulle opphøyre.

2.2.63 Lov av 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste

Fagkomiteen på Stortinget gjorde det klart i si innstilling at prinsippet i § 1 om jamstilling mellom nynorsk og bokmål skulle nyttast også for setlar, mynt og frimerke.

2.2.64 Lov av 17. desember 1982 om 25- og 5-ører

Lova gav heimel for å stoppe produksjonen av og trekkje inn 5- og 25- øren.

2.2.65 Lov av 24. mai 1985 om Norges Bank og pengevesenet

Det er denne lova som er gjeldande lov for Noregs Bank. Lova vart utarbeidd på grunnlag av Ryssdalutvalet si innstilling NOU 1983:39 *Lov om Norges Bank og pengevesenet*. I det store og heile kan ein seie at lovforslaget innebar ei opprydding og kodifisering av den praksis som hadde nedfelt seg fram til vedtaket, men som kanskje ikkje heilt tok høgde for utviklinga internasjonalt og i marknadene som var på gang.⁸ Det var særleg forslaget om lovfesta instruksjonsrett for regjeringa overfor banken skapte som diskusjon.

2.2.66 Vedtak av 10. juli 1991 om 10-ører

Den 10. juli vedtok hovudstyret at tjøremynten skal trekkjast tilbake ved kunngjering i mars 1992, og ikkje lenger vere gyldig betalingsmiddel frå mars 1993. Etter den tid kan mynten vekslast inn i Noregs Bank i ytterlegare 10 år.

⁸ Nyhagen Bernt, "Sentralbanklovgivning – utviklingslinjer og endringsbehov" i festskrift til Kjell Storvik, Oslo 1999

Kapittel 3

Leiinga av Noregs Bank og det administrative senteret

Representantskapet er sett saman av 15 medlem, og er Noregs Bank sitt øvste organ. Representantskapet utøver tilsyn på vegne av Stortinget. Dei 5 medlemmene i direksjonen har som oppgåve å leie Noregs Bank i dei daglege gjeremåla. Direksjonen sitt ansvarsområde er i dag hovudsetet, avdelingane, seteltrykkeriet og Den Kongelige Mynt. Ved kvar av banken sine 20 avdelingar var det fram til 1989 tilsett eit styre med ansvar for Noregs Bank sine tenester i det området av landet. Hovudsetet for banken vart i 1816 lagt til Trondheim, men etter press frå ulike hald vart det sommaren 1896 vedteke å flytte hovudsetet til Kristiania frå januar 1897.

3.1 Representantskapet⁹

Lovane om Noregs Bank frå 1816 og 1892 inneheld eit sett med reglar for verksemda, og det som ikkje var nemnd som tillate, var forboden verksemd. Noregs Bank vart organisert som ein aksjebank. Generalforsamlinga vart likevel aldri samankalla, og det var representantskapet som overtok oppgåvene med kvart år å velje representantar for banken, kome med forslag til endringar i lova og leggje fram ein oversikt over tilstanden i banken.

Fram til 1892 vart representantskapet kalla representationen. I denne framstillinga vert det førstnemnde brukt. Representantskapet vart tildelt omfattande kontrolloppåver med banken. På vegne av interessantskapet var det representantskapet som hadde det øvst ansvaret og førte tilsyn med banken. Gjennom regjeringa var det representantskapet si oppgåve å fremje forslag til Stortinget om endringar i fundasjonen. Her må ein ha i minne at Stortinget fram til 1869 var samla berre kvart tredje år, slik at sjølv om representantskapet representerte den lovgjevande makta, gjekk mykje av kontakten med Stortinget gjennom den utøvande makta. I foreining med direksjonen valte representantskapet dei embetsmennene i Noregs Bank som ikkje var valt av Stortinget.

Representantskapet var tillagt løyving Smynde overfor direksjonen og avdelingane. Dette var også i tråd med maktdelingsprinsippet mellom Stortinget som lovgjevande og løyvande makt og regjering som utøvande makt. Av praktiske grunnar var det likevel naturleg at direksjonen og avdelingane fekk mynde til å bruke naudsynte beløp til vanlege utgifter innan gitte grenser. I dei tilfella der det vart kjøpt inn dyrt utstyr til dømes, vart det sendt inn melding til representantskapet.

Ei av dei viktigaste oppgåvene var å føre kontroll med banken si verksemd gjennom innsyn i kassen, sølvfondet og meldingane frå direksjonen. I vanskeleg saker der direksjonen meinte det var naudsynt å søkje råd, var det representantskapet som hadde avgjerande mynde. Utover hundreåret var det fleire og fleire byar som søkte om at Noregs Bank oppretta avdelingskontor i byen. I samråd med direksjonen var det representantskapet si oppgåve å vurdere om det skulle opprettast avdelingar og kvar dei skulle liggje.

I fundasjonen vart det slått fast at det skulle vere minst eit møte kvart kvartal, eller så ofte som representantskapet fann det naudsynt. Direksjonen hadde dessutan høve til å oppmode om møte dersom det var ønskeleg. Til kvart møte vart det ført forhandlingsprotokoll. Det var ei særskild viktig oppgåve å heile tida ha oversikt over tilstanden i banken, og på kvart møte vart direksjonen sin forhandlingsprotokoll gjennomgått for å saumfare den daglege styringa av banken. Ved avgjerd i alle saker fekk alle representantane lik røysterett, slik at det måtte loddtrekning til dersom det var like mange røyster for som imot.

⁹ Rygg II (1954) og NOU 1983:39 ss.183-191 og 345-353 gjer greie for representantskapet si rolle og oppgåver

Fundasjonen sa ingenting om at det skulle veljast formann for representantskapet, likevel vart det valt ein slik. Alle medlemmene hadde lik røysterett, og det vart loddtrekning dersom det var like mange røyster for som imot i ei sak. Lova frå 1892 slo derimot fast at det skulle veljast formann. Formannen hadde til oppgåve å heile tida halde seg orientert med verksemda i banken, sjå til at representantskapet gjorde sine plikter, gjennomgå direksjonsprotokollane og innkomne saker. Formannen var medlem av dei mest sentrale komiteane, Den faste komite og Protokollkomiteen.

Representantane var valde for seks år, og kvart tredje år vart vekselvis sju og åtte bytta ut. Dei fyrste sju vart utvalte etter loddtrekning. Fram til 1869 møtte Stortinget kvart tredje år for å vedta budsjett og lovar samt å stake ut politikken for dei neste tre åra. Stortinget valte fem suppleantar som kunne vere medlem i representantskapet dersom det vart naudsynt i perioden mellom stortinga. Av praktiske grunnar måtte alle representantane bu i Trondheim eller i nærområdet. Denne restriksjonen fall bort i 1892.

3.1.1 Komitear og utval

I tida etter opprettinga av Noregs Bank vart representantskapet delt inn i ulike komitear og utval. Dette vart gjort for å lette den aukande arbeidsbøra og skape ei føremålstenleg arbeidsordning.

Komiteen for å gå gjennom ettersynsberetningane, med to medlem, vart oppnemnd for første gang 27. juli 1819.

Protokollkomiteen vart oppretta i 1819 etter paragraf 55 i fundasjonen. Komiteen sine fire medlem har til oppgåve å gjennomgå direksjonsprotokollane. Ved merknader av særleg art må desse meldast til representantskapet.

Desisjonskomiteen vart for første gong oppretta 15. mars 1821. Også denne komiteen har to medlem. Komiteen møter ein gong i året for å på grunnlag av direksjonen sin årsrekneskap og rapport frå revisjonen, gje innstilling om godkjenning av rekneskapen.

Ettersynskomiteen ved hovudsetet har til oppgåve å gjennomgå kassa, fond og deposita etter paragraf 42 i fundasjonen. I 1842 vart komiteen utvida frå to til tre medlem. Arbeidsmengda etter den auka setelutstedingsretten det året, førte til både større arbeidsmengde og ansvar. Ein av funksjonærane frå revisjonen, helst revisjonssjefen, er medlem av komiteen og leier ettersynet ved hovudsetet.

Tellekomiteen / Setelkomiteen vart vedteken oppretta 16. juni 1818, og det første valet på medlem fann stad 22. november 1821. Den første tida var det to representantar og ein direktør i denne komiteen. Seinare er komiteen sett saman av ein representant formann og fire funksjonærer i revisjonen. Denne komiteen mottar kasserte setlar frå direksjonen.

Ettersynskomiteen ved skillemyntkontoret er sett saman av to medlem frå funksjonærstaben i revisjonen. Komiteen vart oppretta 18. oktober 1893.

Den faste komite med fem medlem vart oppretta i 1901 for å førebu og gje innstilling i alle saker som vert lagt fram for representantskapet. Formann og nestformann i representantskapet er medlem. I penge-, kreditt- og valutaspørsmål drøfter komiteen slike spørsmål med formann i direksjonen. Administrative spørsmål vert drøfta med direktøren i administrasjonsavdelinga.

Akkordutvalget hadde som ansvar å førebu sakar og søknadar om akkordforhanlingar. Noregs Bank sine utlån til private næringsdrivande kunne føre til tap for banken. I slike saker kunne det verte spørsmål om akkord. Etter innstilling frå direksjonen avgjorde representantskapet søknader om akkord. Utvalet hadde ei rekkje saker til handsaming i dei til tider harde mellomkrigsåra.

Valgkomiteen vart oppretta 15. februar 1926. Oppgåva var å innstille til val til komitear og sekretær med meir. For ettersynskomiteane ved avdelingane voks det fram ein praksis slik at det var direksjonen, etter oppmoding frå representantskapet, som henta materiale hovudsakleg gjennom fylkesmennene, som la fram forslag.

Tilsynskomiteen for seteltrykkeriet. Fram til 4. november 1942 var det slik at ein av direktørane førte tilsyn med seteltrykkeriet. For å auke tryggleiken vart det vedteke å opprette ein eigen komite med eit medlem frå direksjonen, ein frå representantskapet i tillegg til revisjonssjefen som skulle føre kontroll med trykkeriet.

Tilsynskomiteen for Den Kongelige Mynt vart oppretta i samband med at Den Kongelige Mynt vart overført til Noregs Bank i 1962. Representantskapet, direksjonen og Kongsberg kommune utnemner eit medlem kvar. Naturleg nok vert tilsynet utført i tett samarbeid med revisjonen. Tilsynskomiteen har i hovudsak ein rådgjevande funksjon, medan revisjonen utfører kontrollen.

3.1.2 Løyvings- og tilsetjingsmynde

Avgrensinga mellom representantskapet og direksjonen den første tida var ikkje skarp. Arbeids- og ansvarsområda greip inn i kvarandre. Representantskapet avgjorde i hovudsak alle tilsetjings-, oppseiings-, løns- og pensjonsspørsmål, og fatta vedtak om større investeringar i realkapital. Etter fullmakt frå representantskapet innvilga direksjonen naudsynte beløp til dekning av driftsutgiftene ved banken.

Representantskapet har mellom anna til oppgåve å utarbeide reglement for Noregs Bank. Reglementet gjev detaljerte reglar om banken si verksemd, og då særleg på område der kontrolltiltak og sikringsspørsmål står sentralt. Direksjonen fekk fullmakt til å avgjere spørsmål som var tillagt sjølve banken og banken si verksemd. Direksjonen sine reglar og retningslinjer er samla i *Håndbok for Norges Bank*.

Representantskapet tok initiativ til undersøking av forholda ved avdelingane, hadde gull og nye setlar under sin kontroll, og tok på det viset til ein viss grad del i den daglege administrasjonen. I ei rekkje spørsmål er representantskapet overordna direksjonen og leiinga ved avdelingane. Særleg gjelder det utforminga av generelle retningslinjer for Noregs Bank si verksemd og i personal- og lønsspørsmål. På møte i representantskapet 1. desember 1980 vart det, for å gjere sakshandsaminga enklare, vedteke å overføre dette ansvaret til direksjonen.

Etter lova av 1892 hadde representantskapet mynde til i prinsippet å avgjere alle viktige personalspørsmål, slik som tilsetjingar, avskil og løns- og pensjonsspørsmål. Delar av denne mynda er overlata til direksjonen. Fram til endringa av reglementet i 1955 var også styret ved avdelingane gjevne avgrensa mynde til å bruke midlar innanfor rammer som var gjevne av representantskapet. Overgangen til budsjettssystem i 1975 endra ikkje den tidlegare praksisen i særleg grad.

3.1.3 Kontrollmynde

Lova av 1892 påla representantskapet minst ein gang i kvartalet å ettersjå direksjonen og avdelingsstyra sine bøker. I tillegg hadde direksjonen og avdelingsstyra sjølv ansvar for å sjå etter sine egne bøker. Representantskapet utarbeider instruks for revisjonen og gjev rekneskapen den endelege godkjenninga. Revisjonen er tilsett av og direkte underlagt representantskapet.

Direksjonen har ansvaret for rekneskapsføringa. Rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til godkjenning. Før representantskapet handsamar rekneskapen, vert han gjennomgått av revisjonen. Rekneskapen med revisjonen sine merknader vert handsama av desisjonskomiteen, som gjev innstilling. Årsrekneskapen vert normalt godkjent av representantskapet på møtet i februar.

Representantskapet vert heldt orientert om direksjonen sitt syn på penge-, kreditt- og valutaspørsmål samstundes som det har høve til å gje uttrykk for egne meininger. I det heile synest det som at samarbeidet mellom direksjonen og representantskapet har fungert godt. Ei viss usemje var det naturleg nok til tider, slik som då direksjonen i 1900 klaga over at representantskapet tok direkte kontakt med avdelingane utan å bruke direksjonen som mellomlekk. På den andre sida ynskte representantskapet å verte teke med på råd i sentrale

saker. 5. desember 1966 vart det vedteke at: *Saker av sentral betydning for norsk økonomi og Norges Banks virksomhet bør – hvis mulig – drøftes med den faste komite før direksjonen treffer sin avgjørelse. I den utstrekning tiden tillater det, bør slike saker også drøftes i representantskapet.*

Utover 1800-talet var det fleire og fleire byar søkte om at det vart oppretta avdeling i byen. I samråd med direksjonen var det representantskapet si oppgåve å vurdere om det skulle opprettast avdelingar og kvar dei burde liggje. Etter 1913 er det ikkje oppretta nye avdelingar. I 1989 vart det derimot lagt ned i alt seks avdelingar.

3.1.4 Representantskapet etter lova av 1985

Lova førte ikkje til store endringar. Representantskapet sine viktigast funksjonar er framleis å vedta budsjett for Noregs Bank, avgjere om banken skal ha avdelingar og utanlandskontor, føre tilsyn med drifta i banken og fastsetje banken sin rekneskap. Dei øvrige funksjonane som tidlegare låg under representantskapet vart overført til hovudstyret. Ryssdal-utvalet, som leverte innstilling til ny lov om Noregs Bank, føreslo at representantskapet ikkje fekk nokon *overbestyrelsesfunksjon* som tidlegare.

3.2 Direksjonen¹⁰

I takt med utviklinga har tyngdepunktet for direksjonen sine oppgåver gått over frå tradisjonell diskonto- og utlånspolitikk til rådgjeving og gjennomføring av ulike regulerings- og kontrolltiltak. Også samansetninga av direksjonen har endra seg frå at Stortinget oppnemnde direktørane, til Kongen oppnemnde fast administrerande direktør i 1892 og til at direksjonen vart omorganisert til hovudstyret i 1985. I dag er direksjonen/ hovudstyret sitt ansvarsområde hovudsetet, avdelingane, Norges Banks Seddeltrykkeri og Den Kongelige Mynt, i tillegg til ulike rådgjevingsoppgåver i penge-, kreditt- og valutapolitiske spørsmål. Direksjonen har ansvar for den daglege leiinga, og representerer Noregs Bank utad.

Lova av 1816 gav grundig oversikt over kva som var banken si oppgåve, og det var direksjonen som stod for det daglege styret. Direksjonen fekk til oppgåve å leie banken, forvalte midlane og ...*sørge for alt det, hvorved dens Forretninger ordentlig kan fortsættes paa den i Foundationen og Conventionen foreskrevne Maade til Interessantskabets Fordeel.*¹¹ Stortinget valte direktørane for seks år av gangen, og kvart tredje år vart vekselvis to og tre byta ut. Det var igjen Stortinget si oppgåve å velje nye medlem for dei som vart byta ut, men dei avtroppande direktørane hadde høve til attval. Dei fyrste fem direktørane sat til dømes i 16, 19, 41, 17 og 7 år i leiinga. Med unntak av Jacob Roll, direktør i 41 år, vart dei ikkje bytta ut før dei døydde. Dette sikra kontinuitet i leiinga og gav samstundes direksjonen høve til å utforme banken si verksemd i dei fyrste vanskelege åra etter opprettinga i 1816.

I §46 i lova heitte det: *Af Direkteurene skulle i det Mindste tvende være af Handelsclassen og tvende udenfor Samme.* Det var med andre ord praktiske menn med erfaring frå handelsverksemd som banken søkte. For å opprette ein bank med einerett til å utgje setlar var det ikkje tilstrekkeleg med teoretisk kunnskap, det vart difor lagt vekt på at direktørane hadde erfaring med både diskontering av vekslar og andre oppgjersformer. Fram til Nicolai Rygg vart sjefdirektør i 1920, var det til dømes 17 av 40 direktørar som var registrert med tittelen kjøpmann, grosserar eller konsul.¹² Rygg hadde erfaring frå forskning og undervisning ved universitetet og frå Statistisk Sentralbyrå. Med denne bakgrunnen representerte han ein ny type leiar i banken. Alle sjefdirektørane og fleire av medlemene i direksjonen etter Rygg hadde embetseksamen og nokre hadde akademiske karriærer. Noregs Bank sine nye arbeidsoppgåver og endra rolle har kravd sterkare teoretisk forankring enn

¹⁰ Rygg II (Oslo 1954) og NOU 1983:39 ss.191-197 og ss.333-345 gjev inngåande greie for direksjonen sine oppgåver og rolle opp gjennom tida

¹¹ §45 i fundasjonen

¹² sjå vedlegg 1

tidlegare. På same vis som for representantskapet vart det lovfesta at direktørane måtte bu i Trondheim eller slik at dei lett kunne delta i direksjonen sine forretningar.

Kvar dag til ei gitt tid var det ein direktør til stades i banken for å føre det daglege tilsynet med banken og forretningane. Han hadde også mynde til å tavgjere som ikkje kravde samråd med dei andre direktørane. Direksjonen skulle møte to ganger i veka. På desse samlingane vart søknader om diskontering og lån handsama. Minst tre direktørar måtte samtykke i slike saker, og alle avgjerder vart tekne etter røyster. Sølv- og seinare gullstandarden skapte eit på mange måtar sjølvregulerande system og førte til restriksjonar på direksjonen sin handlefridom. Direksjonen var pålagt å føre forhandlingsprotokoll på alle møtene for å dokumentere avgjerdene. Desse protokollane vart lagt fram for representantskapet fire ganger i året.

Noregs Bank var lenge ein av dei få institusjonane med inngåande kjennskap til penge-, kreditt- og valutapolitikk. Difor var det naturleg at banken ved direksjonen fekk ei rådgjevande rolle i høve til dei politiske styresmaktene. Dette er ei rolle som seinare er blitt styrkt. Etter at Rygg tok over leiinga fekk årsmeldingane og den årlege talen til representantskapet ei viktigare stilling. I desse talane manta Rygg og seinare direktørar til måtehald og fornuftig penge- og kredittpolitikk.

Så lenge det var sterke restriksjonar på handel med valuta, hadde banken også der ei viktig oppgåve. Valutareguleringa skjedd med heimel i lova om valutaregulering frå 1950. I prinsippet var alle transaksjonar med valuta forbode med mindre Noregs Bank hadde gjeve løyve til slik handel. Eit eige råd, *Valutarådet*, vart oppretta for å bistå departementet og Noregs Bank.

Det er også naturleg at Noregs Bank med sine særskilde kunnskapar i penge- og kredittpolitiske spørsmål, sitt kjennskap til strukturproblem i kredittsystemet og med nær kontakt til penge- og kredittmarknaden, følgjer utviklinga i denne marknaden nøye. Noregs Bank har på dette grunnlaget uttalerett før det vert gjeve konsesjon til oppretting av nye forretningsbankar eller til etablering av filialar.

Etter lova om Noregs Bank frå 1892 vart det vedteke å tilsetje ein fast administrerande direktør som leiar av direksjonen. Venstremannen Karl Gether Bomhoff var den første fast tilsette leiaren av direksjonen, og han sat i den stillinga like fram til 1920. I 1905 vart August Teilman Wilhelmsen tilsett som den første faste nestformannen i direksjonen. I motsetnad til praksisen frå 1816, fekk ikkje formannen og nestformannen drive handels-, industri- eller bankverksemd. Medlem av regjeringa kunne heller ikkje sitje i direksjonen så lenge han hadde denne stillinga. Lova slo også fast at medlem av direksjonen, representantskapet og styret ved avdelingane ikkje kunne ha slike verv dersom han hadde innstilt sine betalningar.

Direksjonen fungerte som eit kollegium utan noko skilje mellom dei av Kongen fast tilsette og dei medlemmene som var valt av Stortinget. Formannen hadde likevel dobbelrøyst dersom det var like mange røyster både for og imot.

3.2.1 Overgang til hovudstyre

I den nye lova om Noregs Bank frå 1985 vart det vedteke at direksjonen skulle heite hovudstyret. I 1987 vart talet på medlem auka frå fem til ni, og Kongen oppnemner sju av desse. To av medlemmene vert valt mellom dei tilsette i banken. Desse fekk tale-, forslags- og røysterett i administrative saker. Statssekretær Kari Gjesteby var den første kvinna som i 1987 vart medlem i hovudstyret.

Ryssdal-utvalet, som kom med innstilling til lova, meinte at Noregs Bank sitt nære samarbeid med den sentrale forvaltninga gjorde det naturleg at det var Kongen som oppnemnde hovudstyret. Dette var i tråd med utviklinga etter siste verdskrigen då fullmaktene til å ta i bruk nye virkemiddel i penge-, kreditt- og valutapolitikken stort sett var lagt til Kongen og departementa. Ryssdal-utvalet føreslo difor at hovudstyret skulle ha den utøvande og rådgjevande mynda og samstundes leie banken si verksemd og forvalte banken sine middel.

3.3 Styret ved avdelingane

Ved kvar avdeling vart det av Stortinget oppnemnd eit styre på tre medlem. Bestyrerane skulle bu anten i kjøpstaden eller så nære at han dagleg kunne møte. Dei var tilsett for seks år om gangen, men med høve til attval. For å sikre at det vart tilsett folk med praktisk erfaring frå pengestell, heitte det at minst ein av bestyrerane måtte vere frå handelsklassen, og minst ein utanfor denne klassen.¹³ Bestyrerane møttest i hovudsak for å innvilge pantelån og diskontolån og kontrollere avdelinga sine bøker. Avdelingane har tradisjonelt sett hatt ei relativt fri stilling andsynes direksjonen ved hovudsetet. Diskontoen var til dømes ulik frå avdeling til avdeling alt etter som penge- og kredittforholda var i vedkomande region.

3.3.1 Spørsmålet om administrerande direktør ved avdelingane

Først i 1931 vart det vedteke at det kunne tilsetjast fast direktør ved avdelingane. Dette var slutten på ein lang kamp og ordskifte om spørsmålet. Bankkommisjonen som leverte innstilling til ny lov i 1888 hadde spørsmålet oppe til diskusjon. Berre eit av dei tre medlemmene føreslo, for å styrke avdelingane si stilling, at det vart tilsett fast tilsette direktørar ved avdelingane. Forslaget i den kongelege proposisjonen av 1890, som føreslo at det burde vere fast direktør for Bergen og Trondheim, fekk ikkje tilsegn frå Stortinget. Lova kom difor ikkje fram til noko anna enn at dei tre i avdelingsstyret skulle velje eit medlem som formann.

Direksjonen fremja saka ved fleire høve, men representantskapet kunne ikkje seie seg samd. Departementet meinte det ville vere ei god løysing, men så lenge representantskapet og Stortinget ikkje ville gå med på saka, vart ikkje spørsmålet fremja. Direksjonen på si side viste til hendingane i Bodø og Skien, og meinte at faste direktørar ville vere med på å førebyggje tap ved avdelingane. I meldinga frå 1902 gjentok direksjonen si oppfatning og viste til at det ved avdelinga i Skien til tross for dom ikkje var mogeleg å fjerne styret der til tross for dei grove feila som var utført.

Seinare vart saka fremja for Stortinget i 1904, 1909, 1918, 1919, 1930 og til sist i 1931. Då vart det mogeleg å gjennomføre reforma som det så lenge vart arbeid for. Ved lov av 22. mai 1931 vart det opna for at representantskapet i foreining med direksjonen kunne tilsetje ein administrerande direktør som medlem av styret ved dei avdelingane som banken avgjorde, medan formannen vart valt av dei av Stortinget utnemnde styrarane. Kontorsjef Eduard Dahl Ingebrigtsen ved Ålesund avdeling vart tilsett i møte i representantskapet 12. september 1932 og var den første administrerande direktøren ved ein avdeling. Same året vart overrettssakfører Sigurd Werring tilsett ved Fredrikstad avdeling og kontorsjef Jens Nørve ved Gjøvik avdeling.

3.3.2 Den daglege leiinga ved avdelingane

I årsmeldinga for 1967 uttrykte direksjonen at styreordninga ved avdelingane var mogen for revisjon, men spørsmålet vart overlata til komiteen som skulle kome med innstilling til ny lov om Noregs Bank. Den daglege leiinga av avdelingane vart utført av direktøren. Etter § 29 i lova frå 1892 heiter det at ein av dei som var valt av Stortinget også skulle vere til stades i forretningstida, men den praksisen gjekk ein bort frå. Bestyrerane møter til styremøta som normalt vart halde kvar fjortande dag. På desse møta la direktøren fram det som skulle handsamast av styret, slik som lånesaker, bankpolitiske saker, konsesjonssøknader frå bankar og søknader om heving av aksjekapitalen, rapportar om DUF-engasjement, informasjon, oversikt over engasjement ved avdelinga, erstatning for brente pengesetlar og personalsaker med meir. I større saker vart styret på førehand tilsendt sakspapir. Alle vedtak i styret vart protokollført.

¹³ § 51 i fundasjonen frå 1816

I tillegg til styremøta føretok bestyrerane fire ganger i året ettersyn av avdelinga sine finansielle aktiva. Det vart gjennomført kvart kvartal og kom i tillegg til dei ettersyna som representantskapet og revisjonen etter lova heldt.

3.3.3 Styret etter lova av 1985

Ryssdal-utvalet uttalte i si innstilling at dei fleste oppgåvene ved avdelingane var av ein slik art at dei ikkje kravde handsaming i styret, anten det dreidde seg om reint ekspedisjonsmessige saker, eller om det var spørsmål om utgreiingar på det generelle planet.¹⁴ Styra som var valt av Stortinget hadde ingen rapportplikt. Dei var difor strengt tatt ikkje Stortinget sin forlenga arm inn i leiinga av avdelinga. Utvalet såg likevel ikkje bort frå at det for nokre avdelingar var trong til å ha eit styre.

Etter endringa i sentralbanklova som trådte i kraft 1. mars 1989, er det opp til hovudstyret å vedta om det skal være styre ved dei einskilde avdelingane. Dersom det er tilfelle, er det representantskapet som oppnemner medlemmene. Avdelingsstyra opphøyrdde å fungere då lova trådte i kraft, og det er ikkje vedteke å oppnemne nye.¹⁵

3.4 Plasseringa av hovudsetet¹⁶

Plasseringa av hovudsetet var eit av dei første administrative spørsmåla det måtte takast stilling til. Det var ulike meiningar om kvar Noregs Bank burde liggje, og striden stod mellom Trondheim, Bergen og Kristiania. Avgjerda var eit resultat av både politisk og meir ideologisk karakter.

Dersom aksjekapitalen på frivillig vis vart tilstrekkeleg stor, skulle hovudsetet leggjast til Kristiania. Stortinget meinte at ein sentralbank som var tufta på frivillig kapital ikkje ville ha vanskar med å hevde si sjølvstendige stilling andsynes regjeringa. Ein bank som regjeringa hadde pressa fram gjennom ein særskatt kunne kome til å stå i fare for å kome under maktutøving frå den same regjeringa. For å understreke dette problemet vart det på Stortinget, med 41 mot 38 røyster, vedteke at hovudsetet for banken skulle liggje i Trondheim. Den sjølvstendige stillinga skulle altså markerast ved geografisk å plassera banken langt frå regjeringa.

Fram til midten av hundreåret vart det frå ulike hald fremja forslag om flytting av hovudsetet. I perioden 1839-1860 vart saka fremja på alle storting med unntak av to, men utan at det var mogeleg å få fleirtal for flytting. I 1848 vart det for fyrste gong framsett kongeleg proposisjon om flyttespørsmålet. Då Odelstinget i 1860 røysta ned forslaget med 49 mot 37 røyster, vart det eit avbrot i saka fram til 1890 då Stortinget skulle handsame Bankkomiteen av 1884 sitt forslag til revisjon av lova om Noregs Bank. I Odelstinget var det fleirtal for flytting, men saka vart ikkje endeleg handsama i Stortinget. Det same hendte året etter, då vart lovforslaget på ny reist av regjeringa til Emil Stang. Denne gongen var det ei samrøystes regjering som stod bak at hovudsetet måtte flyttast. I 1892 var det derimot fleirtal i regjeringa for at hovudsetet framleis skulle liggje i Trondheim. Difor vart det eit viktig spørsmål også under den endelege lovhandsaminga same året.

Dei fleste stortingsrepresentantane meinte det var mest som talte for at banken framleis skulle liggje i Trondheim. Med 47 mot 37 røyster vart det avgjort at ordlyden i §13 i lova om Noregs Bank skulle vere: *Norges Bank har sitt Hovedsæte i Trondhjem. Dessuten har Banken Afdelinger, hvor det er eller bliver bestemt.*

¹⁴ NOU 1983:39, s.206

¹⁵ *Norges Banks beretning og regnskap – 1988*, s.E1

¹⁶ Borlaug, Egil, "Plasseringa av hovudsetet" i *Orientering*, 1997/6

3.4.1 Hovudsetet til Kristiania

Trass i at flyttespørsmålet var gjenstand for ordskifte i fleire år og endeleg lovfesta, kom det opp att også i 1896. Tida viste seg då å vere mogen for flytting, og etter ein politisk dragkamp vart det vedteke ved lov av 27. juli 1896 at hovudsetet skulle leggjast til Kristiania frå 1. januar året etter.

Dei tyngste innvendingane mot flyttinga kom venteleg frå direktør Karl Gether Bomhoff. Bomhoff sat i direksjonen i heile 35 år frå 1885 til 1920. Frå 1893 fungerte han som den fyrste fast tilsette formannen i direksjonen og som den fyrste direktøren for heile banken. Bomhoff viste til at Noregs Bank hadde andre mål enn å vere ein spekulasjonsbank for å tene mest mogeleg pengar. Noregs Bank burde ikkje vere aktiv på valutaområdet for å tene handelsstanden, men stå imot presset frå dei økonomiske interessene i Kristiania. Han understreka også at Noregs Bank måtte vere uavhengig og fri for press frå dei politiske styresmaktene og embetsverket: *Jeg har sagt det før, at jeg tror, Bankens Ledelse ligesaa godt kan foregaa fra Trondhjem som fra Kristiania, og jeg tror, bedre, fordi den i Hovedstaden vil være udsat for et Tryk, som man ikke kan vide, hvorlænge en Direction vilde kunne modstaa, idet man baade fra Kristianias Side kan ville søge at bringe Banken over i et andet Spor, og kanske ogsaa fra Regjeringens Side. Norges Bank bør opretholdes som en selvstændig Institution under Stortingets Kontrol.*¹⁷

Sjølv om innføringa av parlamentarismen i 1884 slo fast prinsippet om at regjeringa skulle byggje på fleirtalet i Stortinget, så ynskte Bomhoff å understreke at Noregs Bank var Stortinget sin bank, og at han måtte vere uavhengig av regjeringa.

Styret i Noregs Bank hadde fleire folk på Stortinget i denne perioden. Jacob Lindboe frå Trondheim Venstre sat som formann i representantskapet i perioden 1894 til 1899, tidlegare hadde han sete fem år i direksjonen. Lindboe var imot flytting. Han argumenterte med at Noregs Bank ikkje berre skulle søkje overskot, men sørgje for stabilitet i heile økonomien og aldri setje pengevesenet i fare. I dette arbeidet ville det vere ein fordel at hovudsetet hadde også fysisk distanse til pressområda: *Nei, imellom ser man klarest og roligst paa Forholdene, naar man staar udenfor; da lader man sig ikke saa let paavirke av Døgnets Skrig...*¹⁸ Lindboe meinte at presset for å få flytta hovudsetet var både utidig og brutalt.

Høgre og Moderate Venstre sikra stortingsfleirtal for flytting av Noregs Bank sitt hovudsete frå provinsbyen Trondheim til hovudstaden Kristiania. Direktør Bomhoff fekk ikkje gjennomslag for sitt syn på den geografiske plasseringa, men i ettertid kan ein sjå at han var med på å understreke og utvikle Noregs Bank si sjølvstendige rolle. Bomhoff leia banken etter lova av 1892 frå hovudsetet i Kristiania. Lovreguleringa var eit middel til å binde seg til egne avgjerder og løfte saka ut av den til ei kvar tid politiske dagsorden. Dette kom klårt fram også i den perioden Nicolai Rygg sat som øvste leiar i banken. Flyttinga av hovudsetet i 1897 rokka ikkje ved banken sin suverenitet.

¹⁷ Ovenfor, s.1186

¹⁸ Ovenfor, s.1192

Kapittel 4

Noregs Bank sine avdelingar

Allereie ved opprettinga av Noregs Bank vart det vedteke å opprette avdelingar i stiftstadane Kristiania, Bergen og Kristiansand i tillegg til hovudsetet i Trondheim. Kort tid etter voks det fram krav frå andre kjøpstader og byar om at det burde opprettast avdelingar også der. Skien avdeling vart oppretta i 1835, og siste avdeling vart oppretta i Arendal i 1914. Då hadde Noregs Bank avdelingar i 20 byar. Kvar avdeling hadde ei forholdsvis fri stilling i forhold til hovudsetet og direksjonen. Avdelingane vart leia av eit styre på tre menn. Frå 1931 vart det høve til å tilsetje fast administrerande direktør, og Ålesund, Fredrikstad og Gjøvik var først ute i så måte. Etter siste verdskrigen har avdelingane gjennomgått store endringar.

4.1 Oppretting av avdelingar

For å auke tilgangen på pengar og kreditt rundt om i landet, vart det utover hundreåret oppretta i alt 20 avdelingar av Noregs Bank. Avdelingane dekkja til slutt heile landet geografisk. Under dansketida var dei norske handelshusa i stor grad avhengige av kredittar frå bankane i København, og norske interesser vart lågt prioritert av desse bankane.

I første omgang vart det lovfesta å opprette avdelingar i kvart av stifta i landet, det vil seie i Bergen, Kristiansand S og Kristiania.¹⁹ Det var tidleg klårt at spørsmål om nye avdelingar ville kome, og i lova om Noregs Bankheitte det: *I andre Kjøbstæder maa Representanterne, i forening med Directeurerne, indrette Filialafdelinger, naar, og for saa lang Tid, det ansees rigtig.*²⁰ Retten til å opprette avdelingar var altså løfta ut av politikken og gjeve til representantskapet. Det er rimeleg å tru at politikarane ville vorte utsett for eit kraftig press frå sine veljarområde dersom dei hadde avgjerande mynde i avdelingsspørsmålet. Utover hundreåret var det fleire oppmodingar til stortingsrepresentantane i denne saka, men grunna rolledelinga førte det ikkje fram.

Det vart likevel oppretta fleire avdelingar. Sams for byane og kjøpstadene som søkte var ynsket om betre tilgang på kreditt, samstundes som det gav ikkje så reint lite status at byen kunne smykke seg med ein avdeling av Noregs Bank. Grensene for kvar avdeling sitt omland i dag er meir flytande enn tidlegare, og transportforholda er eit vel så viktig kriterie som dei historiske.

4.1.1 Trondheim, Oslo, Bergen og Kristiansand avdeling

Då hovudsetet vart flytta til Kristiania i 1897 fekk Trondheim status som avdeling. Før det hadde Kristiania slik status. Frå først av var avdelingane sitt ansvarsområde delt inn etter bispeområda. Då Skien avdeling vart oppretta i 1835 kilte avdelinga seg mellom Kristiania og Kristiansand ved å overta område frå begge. I *Norges Bank. Distriktsfortegnelse* frå 1938 kan ein sjå at kvar avdeling var delt inn etter domssogn. Einskilde avdelingar delte domssogn ved at nokre herred høyrde til ein avdeling og andre til ein annan. I *Norges Statskalender 1988* er kvar avdeling delt inn etter sorenskriveri. Det ligg utanfor ramma av dette skrivet å gje ei fullstendig utgreiing av korleis avdelingane sitt ansvarsområde har utvikla seg.

¹⁹ §11 i lova av 1816

²⁰ same stad

Trondheim avdeling dekte frå starten av, då hovudsetet låg i byen, alt nord for Dovre. Seinare er det avgrensa til distriktet Trondheim, Steinkjer, Namsos, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.²¹

Hovudsetet dekte byane Oslo, Drøbak, Moss, Kongsvinger, Son og Hølen ladestad i tillegg til Follo, Aker, Nedre Romerike, Nes, Eidsvoll, Rakkestad (Trøgstad, Askim, Eidsberg og Mysen herred), Moss (Spydeberg, Våler, Hobøl, Rygge og Jeløy herred), Vinger og Odal, Solør (Brandval, Grue og Hof) og Hadeland og Land domssogn (Jevnaker, Lunner, Gran og Brandbu herred).

Bergen avdeling dekte Bergen, Flora; Kvinnherad unnateke Eid sogn, Stord, Fitjar, Tysnes av Sunnhordland sorenskriveri, Midthordland, Nordhordland, Hardanger sorenskriveri, Voss sorenskriveri av Hordaland; Sogn og Fjordane.

Kristiansand avdeling dekte Kristiansand, Flekkefjord, Mandal, Farsund, Birkenes, Høvåg sogn av Lillesand av Sand sorenskriveri, Setesdal sorenskriveri av Aust-Agder, Vest-Agder.

4.1.2 Skien og Drammen avdeling

Tjue år, 14. mars 1836, etter stiftinga av Noregs Bank vart avdelinga i Skien oppretta. Då hadde politikarar, handelsfolk og industrifolk i fleire år arbeidd for at det vart etablert avdeling i byen. Det vart mellom anna vist til at Skien var nummer seks i rekkja av byar då det galdt aksjeteikninga for banken. Skien avdeling dekte, fram til nedlegginga i 1989, distriktet Skien, Porsgrunn, Notodden; Telemark med unnatak av Nissedal og Fyresdal av Vest-Telemark sorenskriveri.

To år deretter, 22. januar 1838, fekk Drammen sin avdeling av Noregs Bank. Allereie i 1821 og 1827 vart det retta ein førespurnad til Stortinget, men representantskapet slutta seg til Kristiania avdeling sitt syn, og meinte at det ikkje var tilstrekkelege grunnar til å opprette ny avdeling berre fire mil unna den nærmaste. Ein frykta også for at dersom Drammen vart tilgodesett ville fleire andre byar også krevje det same. Kostnadene skremde også. I Drammen vekte det på den andre sida harme at jamvel ikkje solide namn frå byen var tilstrekkeleg til å få diskontert vekslar i hovudstaden. Mangelen på kreditt var stor, og for ein handels- og industriby som Drammen baud det på store problem. Søknaden frå 1837 førte til slutt fram. Drammen avdeling dekte, fram til nedlegginga i 1989, distriktet Drammen, Horten, Kongsberg, Holmestrand, Ringerike, Buskerud fylke; Holmestrand sorenskriveri, Våle og Borre av Horten sorenskriveri av Vestfold.

4.1.3 Stavanger, Tromsø, Halden og Lillehammer avdeling

Representantskapet frykta for at det ville kome eit skred av søknader om oppretting av avdelingar. Slik gjekk det likevel ikkje. Det kan synast som at Noregs Bank sine kriteriar var strenge og at dette var med på å redusere talet på søknader. Etter at Skien og Drammen fekk avdelingar, gjekk det fjorten år før representantskapet gav klårsignal for nye. Både dei politiske styresmaktene og folk flest reagerte på leiinga i Noregs Bank sin uvilje til å opprette avdelingar. Stortinget vedtok difor i 1851 ei lov om oppretting av bankkontor. Bankkontora fekk høve til å utføre dei same forretningane som avdelingane bortsett frå å oppbevare edle metall og store pengesummar. Dette skiljet stod ved lag like fram til den nye lova om Noregs Bank kom i 1892, sjølv om forskjellen i praksis ikkje var så stor.

Oktober 1852 var turen komen for Stavanger og Tromsø. Tromsø søkte allereie i 1836 om avdeling, men både representantskapet og direksjonen meinte at ei avdeling der ikkje ville kaste noko av seg. Byen hadde heller ikkje godt vern mot fiendtleg angrep. Tolmod, nye søknader og sterk støtte mellom anna frå handelsnæringa i området førte likevel fram til slutt. Stavanger hadde ikkje tilsvarende lang søketid. Handel og industri stod sterkt i byen, og

²¹ kjelda er *Norges Statskalender 1988*, inndelinga gjeld difor for tida etter at heile avdelingsnettlet var bygd ut og før nedlegginga av seks avdelingar og omgjerjing av to i 1989

trongen til kreditt var stor. Løna til bestyrelsen i Stavanger vart sett til 300 speciedaler, medan leiarane i Tromsø fekk 200 speciedaler.²²

Stavanger avdeling dekte distriktet Stavanger, Eigersund og Sandnes, Dalane sorenskriveri, Jæren sorenskriveri, Ryfylke sorenskriveri av Rogaland.

Tromsø avdeling dekte distriktet Tromsø, Harstad; Troms. Gratangen, Lavangen, Salangen av Ofoten sorenskriveri av Nordland.

Berre to år seinare, 2. oktober 1854, vart bankkontoret i Halden, Fredrikshald, etablert. Då var det gått femten år sidan byen første gang søkte. Det var eit stort behovet for lån i distriktet. Dei to første månadene vart det lånt ut 197 600 av dei 200 000 speciedalarane kontoret var tildelt. Halden avdeling dekte, fram til nedlegginga i 1989, distriktet Halden; Halden sorenskriveri, Marker, Rømskog av Heggen og Frøland sorenskriveri, Skjeberg, Rakkestad av Tune sorenskriveri, Hvaler av Onsøy sorenskriveri av Østfold.

Også regionen rundt og nord for Mjøsa ynskte at det vart oppretta avdeling av Noregs Bank. Allereie frå 1837 starta kjøpmann og ordførar Wiese det omstendelege arbeidet som vart kravd, men representantskapet meinte i 1839 at det ikkje var tenleg å kome søknaden i møte. I 1861 vart det likevel klart for bankkontor også på Lillehammer. I ettertid vert Lillehammer avdeling best hugsa på grunn av gulltransporten i april 1940. Lillehammer var då første etappe på vegen frå Oslo, til Tromsø over til England og USA. Avdelinga dekte distriktet Lillehammer; Ringsake, Veldre og Brøttum sogn av Ringsaker av Nord-Hedmark sorenskriveri av Hedmark; Nord-Gudbrandsdal sorenskriveri, Sør-Gudbrandsdal sorenskriveri av Oppland.

4.1.4 Bodø, Kristiansund N og Hamar avdeling

Avstandane i Nord-Noreg er lange og det tok lang tid å reise frå både Tromsø og Trondheim til Bodø, og det kunne føre til vanskelege forhold for næringar som var avhengige av kredittar. Det var difor naturleg at også Bodø 8. februar 1875 fekk oppretta eigen avdeling. Bodø avdeling dekte distriktet Bodø, Narvik og Nordland. Av Ofoten sorenskriveri høyrer Gratangen, Lavangen og Salangen til Tromsø avdeling.

Fem år deretter, 15. august 1880, kom turen til Kristiansund N. Kredittmangelen i området var stor, og handelshusa og politikarane i klippfiskbyen var sterke pådrivarar for å opprette avdeling. Avdelinga dekte, fram til omdanninga til løningskontor i 1989, Kristiansund sorenskriveri, Nordmøre sorenskriveri og Hustad sogn av Fræna av Romsdal sorenskriveri av Møre og Romsdal.

Nitten år etter opprettinga av avdelinga på Lillehammer kom turen til den andre store kjøpstaden i regionen rundt Mjøsa. Noregs Bank sitt kontor på Hamar vart oppretta 1. juni 1881. Avdelinga dekte, fram til nedlegginga i 1989, Hamar; Nes, Stavsjø og Furnes sogn av Ringsaker, Vang av Nord-Hedmark sorenskriveri, Sør-Hedmark sorenskriveri, Solør sorenskriveri, Vinger og Odal sorenskriveri, Nord-Østerdal sorenskriveri, Sør-Østerdal sorenskriveri av Hedmark.

4.1.5 Ålesund, Vardø, Gjøvik og Larvik avdeling

Etter at den nye lova om Noregs Bank hadde virka i ti år, vart det året 1902 oppretta i alt fire nye avdelingar, Ålesund 2. januar, Vardø 1. april, Gjøvik 1. november og Larvik 15. november. Med etableringa av desse avdelingane var Noregs Bank representert i alle fylke med unntak av Aust-Agder og Sogn og fjordane. Også lova frå 1892 slo fast at representantskapet i samråd med direksjonen hadde til oppgåve å fatte avgjerd i spørsmål om oppretting og nedlegging av avdelingar.

Ålesund avdeling dekte distriktet Ålesund, Molde; Søre Sunnmøre sorenskriveri, Nordre Sunnmøre sorenskriveri unnateke Hustad sogn av Fræna av Romsdal sorenskriveri av Møre og Romsdal.

²² Kopibok nr.2 for representantskapet, s.3

Vardø avdeling dekte distriktet Vardø, Vadsø: Tana og Varanger sorenskriveri av Finnmark.

Gjøvik avdeling dekte, fram til nedlegginga i 1989, distriktet Gjøvik, Toten sorenskriveri, Hadeland og Land sorenskriveri, Valdres sorenskriveri av Oppland.

Larvik avdeling dekte distriktet Larvik, Sandefjord, Tønsberg, Stavern; Ramnes av Horten sorenskriveri, Jarlsberg sorenskriveri, Tønsberg sorenskriveri, Larvik sorenskriveri av Vestfold.

4.1.6 Fredrikstad, Hammerfest, Haugesund og Arendal avdeling

I takt med auka økonomisk aktivitet vart Noregs Bank sitt avdelingsnett ytterlegare utvida. Fredrikstad avdeling vart oppretta 15. november 1909, og nok ein gang var det handelskreftene i byen som støtta søknaden. I første omgang vart det gjennomslag for at Fredrikstad i 1905 fekk eit medlem i bestyrelsen i Halden. Fredrikstad avdeling dekte distriktet Fredrikstad, Moss, Sarpsborg; Borge av Sarpsborg sorenskriveri, Varteig, Tune, Skiptvet av Tune sorenskriveri, Onsøy, Kråkerøy, Rolvsøy av Onsøy sorenskriveri, Moss sorenskriveri, Spydeberg, Eidsberg, Trøgstad, Askim av Heggen og Frøland sorenskriveri av Østfold.

Med Hammerfest avdeling 15. februar 1910 fekk Finnmark to avdelingar. Avdelinga dekte distriktet Hammerfest: Alta sorenskriveri, Hammerfest sorenskriveri av Finnmark.

18. mai 1910 kilte Haugesund avdeling seg geografisk mellom avdelingane i Bergen og Stavanger, og med det var Vestlandet godt dekkja sjølv om Sogn og Fjordane ikkje var representert. Haugesund avdeling dekte, fram til omdanninga til kassakontor i 1989, distriktet Haugesund, Karmsund sorenskriveri av Rogaland, Etne, Ølen, Sveio, Bømlo av Sunnhordland sorenskriveri av Hordaland, Eid sogn av Kvinnherad.

Like før første verdskrigen, 16. mars 1914, var turen komen til Aust-Agder og til Arendal. Noregs Bank sitt avdelingsnett spreidde seg då over heile landet med eit tyngdepunkt rundt det sentrale austlandsområdet. Avdelinga dekte, fram til nedlegginga i 1989, distriktet Arendal, Risør, Grimstad; Nissedal, Fyresdal av Vest-Telemark sorenskriveri av Telemark; Holt sorenskriveri, Nedenes sorenskriveri, Vestre Moland, Lillesand sogn av Sand sorenskriveri av Aust-Agder.

4.1.7 New York, Regjeringskvartalet og Huseby leir

Under andre verdskrigen vart Noregs Bank sitt gull ført over til USA og Canada, samstundes vart det oppnemnd ny leining for banken i det frie Noreg. Dr. Arnold Ræstad vart tilsett som leiar av direksjonen i London. Ræstad hevda i ein rapport av 11. november 1940 at Noregs Bank trengte ein fast representasjon i USA så lenge krigen varte. Spørsmålet vart likevel liggjande til representantskapet i London den 7. juli 1942 godtok direksjonen sitt forslag, og kontoret opna 1. oktober same året. Halvard Hillestad var Noregs Bank sin representant i perioden 1942-1962. Kontoret hadde mellom anna til oppgåve å opprette kontaktar i USA og underrette direksjonen om utviklinga på område som hadde interesse for Noregs Bank. Hillestad vart også engasjert i forvaltninga av Nortraship og dollarbeholdninga til trekkkontoret. Etter krigen vart det vedteke å halde fast ved ordninga med kontor i New York, Gjennom dyktige leiarar og evne til tilpassing er kontoret blitt ein nyttig del av Noregs Bank.²³

Som ei teneste til offentleg tilsette og militære med lønskonto i banken, hadde Noregs Bank ekspedisjon i regjeringskvartalet frå 1968 og ved Huseby leir frå 1970. Båe desse ekspedisjonane vart lagt ned våren 1993.

4.2 Organisasjon og administrasjon

Noregs Bank sine avdelingar vart leia av ein betyrelse på tre menn. Ei forsvarleg bankdrift ved avdelingane vart sikra ved hjelp av detaljerte lover, og nok ein gong ser vi at grunnlaget for administrasjonen av Noregs Bank var lovene.

²³ sjå Bjarne Hansen, *Norges Bank – 50 år i New York*, hefte, Oslo 1993

Bestyrelsen hadde også mynde til å tilsetje kasserar, bokhaldar og andre som det var trong til for å få avdelinga til å fungere. Ved fleire avdelingar tok bestyrelsen dei første åra seg av det aller meste av det praktiske arbeidet, samstundes som det var dei som avgjorde søknader om lån og andre førespurnader retta til banken. I 1931 vart det opna for å tilsetje fast administrerande direktør, og frå 1955 var det slike direktørar ved alle avdelingane. Etter § 29 i lova frå 1892 skulle det dagleg vere ein frå bestyrelsen til stades i banken i kontortida. Dette vart det gått bort frå etter kvart som den daglege leiinga vart utført av administrerande direktør. Bestyrelsesmøtene vart halde normalt ein gang i veka.

Ved alle avdelingane var det tilsett ein kasserar, ein bokhaldar, og ved dei største avdelingane også ein 2. kasserar. Nokre avdelingar hadde skilt ut myntvekslinga frå dei andre kasseforretningane. Ved einskilde av desse avdelingane var det tilsett ein særskild skiljemyntkasserar, medan andre avdelingar hadde ein funksjonær til å ta seg av dei oppgåvene. Einskilde avdelingar delte arbeidet i eit sekretariat og ein ekspedisjonsavdeling, medan ved andre utførte dei same funksjonærene både skrankearbeidet og brevskrivninga.²⁴

Etter kvart som arbeidsmengda og talet på oppgåver auka, vart også avdelingane delt inn i seksjonar og område. I 1963 bad Stortinget om at Noregs Bank gjennomførte ei utgreiing om rasjonalisering av verksemda og forenkling av administrasjonsordninga ved avdelingane. Det vart då slått fast at administrasjonen måtte sjåast i samheng med om ein skulle halde fast ved avdelingsnett i den dåverande forma. Etter at Ryssdal-utvalet, som vart sett ned for å kome med innstilling til ny lov om Noregs Bank vart sett ned i 1968, vart spørsmålet om avdelingane lagt på is. Frå 1989 opphøyrd ordninga med bestyrelse for avdelingane.

4.3 Oppgåver ved avdelingane

Avdelingane dreiv bankverksemd som i det store og heile svarte til hovudsetet sine funksjonar, slik som å innvilge lån, distribuere setlar og skiljemynt og utføre vanlege bankforretningar. I den utstrekning som plassforholda gav rom for det, oppbevarte avdelingane og forvalta slike verdiar på same måte som Depotavdelinga gjorde ved hovudsetet. Dei hadde likevel ikkje plikt til å løyse inn setlane med mynt eller sølv. Avdelingane hadde ei etter måten fri stilling andsynes direksjonen og hovudsetet når det galdt å utføre oppgåvene. Fram til lova av 1892 var til dømes diskontoen ulik frå avdeling til avdeling alt etter som penge- og kredittforholda var i vedkomande region. Avdelingane var også innløyingsstader for ei rekkje obligasjonslån.

Til tider fekk einskilde avdelingar sær oppgåver som kunne vere omfattande og føre til stor arbeidsinnsats. Ei slik oppgåve var dei statsgaranterte fiskarlåna som tok til i 1921. Hammerfest og Vardø ytte også viktig assistanse til Den norske Stats Husbank under atterreisninga av bustadmassen i Finnmark og nordlege dalar av Troms. Bodø og Ålesund tok på seg det tekniske arbeidet med Statens Fiskarbank si utlånsverksemd i avdelingane sine distrikt. Hausten 1953 overtok Noregs Bank forvaltninga av lån, bidrag med meir som var innvilga av Utbyggingsfondet for Nord-Norge. Dette arbeidet vart dels utført ved avdelingane i nord og dels ved hovudsetet.

Ei viktig oppgåve for avdelingane var å halde direksjonen underretta om den økonomiske utvikling i distrikta. Frå 1921 vart desse rapportane trykt i den årlege rekneskapen. Det var også viktig at naudsynt informasjon gjekk andre vegen ved at hovudsetet heldt avdelingane oppdaterte om viktige bankmessige og økonomiske spørsmål. I den samanhengen vart det kvar 14. dag utgjeve eit meldingsblad *Orientering for avdelingene*, også ulike rundskriv gjorde den nytten. God kontakt mellom hovudsetet og avdelingane var viktig for å løyse dei oppgåvene som var pålagt Noregs Bank som sentralbanken i landet. Minst ein gang i året besøkte ein av dei høgare funksjonærene ved hovudsetet kvar avdeling.

Oppgåvene ved avdelingane var mange, og det vil føre for langt å gå i detalj inn på kvar av desse. Den generelle økonomiske utviklinga og endringane i Noregs Bank si rolle påverka naturleg noko også avdelingane. I Stortinget si innstilling om Noregs Bank si

²⁴ *Personalhåndbok for Norges Bank*, Oslo 1954, s.43

årsmelding og rekneskap for 1963 stilte Finanskomiteen spørsmål om organisasjonsforma i banken var gagnleg. Komiteen bad om at Noregs Bank vurderte dei oppgåvene som avdelingane hadde for om mogeleg å rasjonalisere verksemda og forenkle administrasjonsordninga. Resultatet vart at avdelingane fekk nye oppgåver å arbeide med. Det kan difor vere av interesse å kort gjere greie for eit utval av oppgåvene:²⁵

- 1) Utlånsverksemda. I samsvar med retningsliner frå Finansdepartementet kunne avdelingane låne ut til bankar i sitt område. Dette var naturleg nok ei viktigare oppgåve tidlegare, og då særleg i førre hundreår med svakt utbygd bankvesen.
- 2) Distribuere setlar og skiljemynt. Overvake kvaliteten på setlane.
- 3) Sørgje for statens pengeomsetning.
- 4) Kasseverksemda auka kraftig etter krigen, frå 575 millionar kroner i 1938 til 4800 millionar kroner i 1964.
- 5) Omsetning av bankgiro.
- 6) Handsame overskotslikviditet frå bankar og offentlege fond utifrå ei pengepolitiske vurdering. Rundskriv frå Finansdepartementet 1. mars 1955, i samband med dei såkalla *februartiltaka* gav melding om dette. Oppgåver i samanheng med kredittlova av 1965, slik som kredittpolitiske reservekrav til bankane frå 1969 og ut 1970-talet.
- 7) Samarbeid med Fiskarbanken og arbeidet med statsgaranterte fiskarlån.
- 8) Samarbeid med Distriktenes Utbyggingsfond, DUF. Direktør Erik Brofoss sat som styreleiar i DUF.
- 9) Valuta-, sjekk-, inkasso- og rembursoppgåver.
- 10) Deponioppgåver.
- 11) Orientering om den økonomiske utviklinga i distriktet.
- 12) Kontakt med dei private bankane.
- 13) Uttale seg om samanslutning av bankar.
- 14) Avdelingane hadde også ei viktig rolle når det gjaldt beredskapen i tilfelle krige eller andre katastrofar.

4.4 Nedlegging av avdelingar og vegen vidare

Direksjonen fastsette på møte 18. mars 1983 mandat for *Borg-utvalget* som skulle gjere greie for avdelingsstrukturen. Utvalet skulle for det første gjennomgå oppgåvene ved avdelingane og vurdere om det var ei tenleg fordeling av oppgåvene mellom avdelingane. Deretter skulle utvalet gjennomgå organisasjonen og administrasjonen av avdelingane og vurdere ulike organisasjonsmodellar.

Innstillinga frå Borg-utvalet danna grunnlaget for distriktsavdelingsprosjektet, *DA-prosjektet*, som vart sett i gang på grunnlag av vedtak frå hovudstyret i Noregs Bank 27. november 1985. DA-prosjektet fekk til oppgåve å utarbeide forslag som skulle leggjast til grunn for utforminga av ein avdelingsstruktur som var tilpassa framtidige krav til tenester frå Noregs Bank. I innstillinga vart det mellom anna foreslått å opprette ein avdeling ved Moelv og leggje ned avdelingane Arendal, Larvik, Drammen, Gjøvik, Lillehammer og Halden.

Spørsmålet var så viktig at det kravde handsaming i Stortinget. Resultatet der var at Drammen avdeling vart den første avdelinga som vart lagt ned 31. desember 1988, og året etter vart avdelingane i Skien, Halden, Kristiansund N overtok som løns- og pensjonskontoer for heile banken, Hamar, Gjøvik, Haugesund (over til kassekontor) og Arendal lagt ned. I den samanhengen vart dei ulike ansvarsområda ført over til andre avdelingar.

I 1988 vart det avgjort at nokre arbeidsoppgåver skulle flyttast ut til avdelingar utanfor Oslo. I løpet av 1989 vart delar av valutakontoret overført til Lillehammer, lønsarbeid og pensjonsutrekning vart flytta til Kristiansund N, ny eining for teknologi vart bygd opp på

²⁵ sjå også *Beretning og regnskap 1964*, s.103

Lillehammer og delar av rekneskapsarbeidet vart lagt til Larvik avdeling. Til saman vart 27 årsverk overført til distriktsavdelingar.

Talet på oppgåver ved avdelingane er dei siste åra likevel blitt redusert samstundes som arbeidsmengda med setel og mynt har auka kraftig. Det er lagt meir og meir vekt på å tilby tenester som er mogeleg å betale for og som sikrar avdelingane inntekter uavhengig av hovudsetet. Overgangen til å gjere avdelingane til meir resultatorienterte einingar stiller nye og omfattande krav både til organiseringa og drifta av avdelingane.

Kapittel 5

Administrasjon og oppgaver

Frå opprettinga i 1816 og fram til i dag har Noregs Bank gått gjennom ei rekkje organisatoriske endringar. Desse endringane har pressa seg fram på grunn av fleire og meir samansette oppgaver for banken. I 1958 vart det gjennomført ei grunnleggjande endring av kontororganisasjonen ved hovudsetet. Dei neste 40 åra har ein også søkt å organisere Noregs Bank slik at han kan vere i best mogeleg stand til å løyse oppgåvene og at organiseringa skal spegle banken sine oppgaver. Organisasjonsutviklinga har heile tida vore ein kontinuerleg prosess. Det har også vore viktig å skilje mellom policy-avdelingane og drifta av banken.

5.1 Frå opprettinga og fram til 1920

Dei større administrative endringane av Noregs Bank starta på sett og vis ikkje før tida rundt 1920 då Nicolai Rygg tok over direktørstolen etter Karl Gether Bomhoff. Likevel kan det vere av interesse å skissere trekka frå den første tida.

Frå opprettinga av banken i 1816 vart det øvste leiaransvaret delt mellom representantskapet og direksjonen. Det var direksjonen som, utan særleg hjelp, stod for den daglege drifta, og først i mai 1818 vart kontrabokhaldar og kasserar tilsett i heil stilling. Noregs Bank dreiv den første tida mest med tradisjonell bankverksemd, som utlån, diskontering og giro. Utøvinga av pengepolitikk sentralbankverksemd under ein fungerande metallstandard la også sterke band på kva som kunne gjerast av aktive inngrep. Dette spegla også krava til organisering. Det viktigaste var å ha gode rutinar på kassehald, bokføring og rekneskapsarbeid.

I løpet av dei neste hundre åra vart avdelingsnettlet ferdig utbygd og ved hovudsetet vart det tilsett fast sjefdirektør og fast nestleiar i direksjonen. Dette styrkte den sentrale leiinga og gjorde det lettare å utvikle også organisasjonen i Noregs Bank. Arkivet etter Direksjonen I (s-3160), i tillegg til arkiva frå distriktsavdelingane, er dei kjeldene som dekkjer denne perioden fram til 1920. Så få skaparar av arkiv kan tyde på at Noregs Bank var organisert på ein enkel måte. Kjeldene seier også mest ingenting om personalpolitikk i, eller administrasjon av banken. Arkiva til Økonomikontoret og Depotkontoret, til dømes, tek til i 1920. Utbygginga av eit eige personalarkiv fann også stad på denne tida.

5.2 Mellomkrigsåra og fram til 1958

I starten av denne perioden sleit banken med store tap og svak kroneverdi som verknader etter første verdskrigen. Den vanskelege økonomiske stoda kravde at noko vart gjort også med organisasjonen. Som nyttilsett direktør var Rygg med på å styrke hovudsetet ved å opprette nye kontor, slik som Statistisk kontor, Økonomikontoret og Depotkontoret. Førstnemnde kontor, under leiing av Alf Eriksen, bidrog til utforminga av Noregs Bank sin politikk. Det kan elles synast som at Rygg og nestleieren i direksjonen, Thorkildsen, sat med det meste av ansvaret i dei fleste spørsmåla. Det var, i alle fall etter dagens målestokk, liten grad av delegering av ansvar utover dei daglege rutinane. Reglementa for banken gav detaljert greie for korleis ulike spørsmål og saker skulle handsamast.

Fram til endringa av administrasjonsordninga i 1958 var hovudsetet delt inn i ti avdelingar i tillegg til seteltrykkeriet. Desse avdelingane var personal, økonomi, depot, valuta, statistisk, sekretariatet, juridisk, bokhaldar, ekspedisjon og kassane. Fleire av desse avdelingane var igjen delt inni ulike kontor med spesifikke arbeidsoppgaver. Nedanfor vil vi

gjere greie for arbeidsoppgåvene ved kvart av desse kontora. På det viset vert det teikna eit bilete av Noregs Bank for denne perioden.²⁶

5.2.1 Sekretariatet

Avdelinga vart leia av ein underdirektør. Han deltok på møte i direksjonen og fungerte som direksjonen sin sekretær og skreiv referat for protokollen. I tillegg til å leie avdelinga var underdirektøren også til ein viss grad ein lekk mellom direksjonen og andre avdelingar. Arbeidet i sekretariatet var delt mellom direksjonssekretariatet og ekspedisjonssekretariatet.

Direksjonssekretariatet hadde til oppgåve å førebu saker som skulle til direksjonen, men med unnatak for saker som naturleg høyrde heime i andre avdelingar. Sekretariatet måtte naturleg nok dekkje eit stort saksområde. Ein kan nemne saker som utlånsverksemda, saker og spørsmål som departementa la fram for banken, kjøp og sal av gull, spørsmål om lovar og reglar som galdt administrasjonen ved hovudsetet og ved distriktsavdelingane, søknader om erstatning for brente setlar, utsending av sirkulær og rundskriv.

Einskilde av sakene vart handsama i underkontor med særskilde arbeidsområde. Dette galdt rembursavdelinga, kontoret for statskassevekslar og kontoret for lisensiering av edle metall som førte tilsyn med sal av gull- og sølvvarer til turistar. Distriktsavdelingane vart kvart år vitja av ein høgare funksjonær frå hovudsetet, i første rekkje underdirektøren og kontorsjefane ved sekretariatet i tillegg til personalsjefen.

Ved Direksjonssekretariatet vart det ført eit sentralregister for engasjement over ein viss storleik ved distriktsavdelingane. Dette registret viste sikringsdepot, statusoppgåver, artsregister over deponerte verdiar med meir. Materialet vart nytta ved handsaming av lånesøknader som vart sendt inn gjennom desse avdelingane. Sekretariatet hadde også eige arkiv, *direksjonsarkivet*, i tillegg til postkontoret som ekspederte all utgåande post.

Testavdelinga var ein typisk spesialavdeling med eit avgrensa arbeidsområde. Der vart det ekspedert inn- og utgåande telegram. Ein god del av telegramma var koda, og det var Testavdelinga som omsette desse koda tekstane.

Ekspedisjonssekretariatet tok imot og sorterte inngåande post til banken, med unnatak av post som var stila direkte til Valutakontoret. Direksjonspost og annan post som var av interesse for leiinga i banken vart sortert ut og sendt inn til det daglege postmøtet som vart leia av sjefen for sekretariatet. Kontoret hadde ansvaret for alt arbeid av ekspedisjonsmessig art som høyrde inn under sekretariatet, slik som overføringar, handsaming av sjekkar, giro og så bortetter. Kontoret hadde eige arkiv.

5.2.2 Juridisk avdeling

Avdelinga, som var ei spesialavdeling for juridisk kyndige, vart leia av ein juridisk sekretær. Dersom banken vart innblanda i rettssaker, så var det avdelinga sitt ansvar å ta vare på banken sine interesser. Saker som rettsleg inndrivning av tilgodehavender, begjæring om konkurs og handsaming av konkursbo gjekk også til Juridisk avdeling. Saker gjeldande for deponering i gjeldshøve måtte også passere avdelinga.

Avdelinga var også med på å utforme større kontraktar og garantierklæringar og forhold som regulerte banken sitt forhold til tredjemann. Når Noregs Bank fekk tilsendt utkast til nye lovar og tolkningsspørsmål, var det naturleg at avdelinga såg på den formelle sida av saka. Juridisk avdeling var også representert i forhandlingane mellom banken og dei tilsette ved Funksjonærforbundet om lønsvilkår med meir.

5.2.3 Depotavdelingen

Avdelinga vart leia av depotsjefen. Oppgåvene var å:

- 1) oppbevare og forvalte deponerte verdiar,

²⁶ sjå vedlegg 9 for endringar i kontororganisasjonen i Noregs Bank

- 2) innløyse kuponger og oppsagde eller uttrekte kuponger av norske statslån og einskilde andre obligasjonslån,
 - 3) arbeide med emisjonar av innanlandske norske statslån og andre obligasjonslån,
 - 4) arbeide med amortisasjon, loddtrekning, av norske statslån og andre obligasjonslån.
- Arbeidet vart fordelt på Depotkontoret, Kupongkontoret og Hvelvkontoret.

5.2.4 Valutaavdelingen

Avdelinga vart leia av ein underdirektør som hadde tre kontorsjefar som leiarar av Valutasekretariatet, Valutaekspedisjonen og Valutakontoret. Sistnemnde kontor var plassert utanfor hovudbygninga og hadde lokale i Dronningensgate 16.

Valutasekretariatet handsama løpande forretningar, slik som spørsmål av generell eller prinsipiell art i samband med valutareguleringa og valutakontrollen, tilrettelegging av materiale og utarbeiding av oversikter og utgreiingar av valutaspørsmål til bruk for direksjonen og styresmaktene, forhandlingar med andre land om betalingsavtalar.

Valutaekspedisjonen arbeidde med omsetninga av valuta og disponering av Noregs Bank sine konti med utlandet. Kontoret utførte det naudsynte arbeidet i samband med å handheve valutareguleringane, handsama søknader om løyve til å føreta betalningar til utlandet for ikkje-materielle ytingar, søknader med omsyn til kapitaloverføringar, utanlandske verdipapir, oppretting av valutakonto med meir. Vidare utførte kontoret alt arbeidet som galdt skipsfarten sine valutaforretningar og sette opp oversikter over betalningar som vedkom skipsfarten. Noregs Bank si inkassoverksemd låg under Valutaekspedisjonen.

Valutakontoret utførte alt ekspedisjonsmessig arbeid i samband med Noreg sine clearingavtalar og såg til at clearingavtalane vart fylgde. På det meste var det i 1936 heile 55 personar som arbeidde med desse avtalane som var inngått med Tyskland, Hellas, Spania, Romania, Italia og Tyrkia. Kontoret handsama søknader om reise- og studievaluta. Det vart også gjennomført etterkontroll av betalningar til og frå utlandet som autoriserte valutabankar føretok etter løyve frå Noregs Bank. Kontoret utarbeidde statistikkar som gav oversikt over landets inntekter og utgifter i framand valuta. Slike statistikkar var viktige hjelpemiddel for direksjonen og styresmaktene i arbeidet med ulike valutaspørsmål.

5.2.5 Statistisk avdeling

Avdelinga vart leia av ein kontorsjef, og arbeidet vart delt mellom Statistisk avdeling og Arkivet.

Statistisk avdeling hadde til oppgåve å følgje med i dagspressa, tidsskrift, litteratur og statistikk på alle område som hadde interesse for Noregs Bank og eventuelt for andre utanfor banken. Avdelinga arbeidde med utgreiingar av penge- og finanspolitisk art og spørsmål som vart lagt fram for banken av styresmaktene. Statistisk avdeling var kontaktstad for ei samla informasjonsteneste for utlandet, distriktsavdelingane og pressa. *Norges Banks Bulletin* som kom ut på engelsk og gav greie for den økonomiske stoda i landet, vart utarbeidd i avdelinga. Vidare utgav han meldingsbladet *Orientering for avdelingene* der det vart søkt å få samla opplysningar som hadde verdi for samarbeidet mellom hovudsetet og distriktsavdelingane. Statistisk avdeling utarbeidde også Noregs Bank si årsmelding.

Arkivet var Noregs Bank sitt endelege arkiv, sentralarkivet.²⁷ Det var her den første fast tilsette arkivar, Frk. Riiber, vart tilsett i 1923. Til dette arkivet vart etter kvart eldre arkivsaker overflytta frå arkiva ved andre kontor. Arkivet si oppgåve var såleis å halde orden på arkivmagasina, vurdere kassasjon og svare på ulike førespurnader. Biblioteket i banken låg under avdelinga. Det var avdelinga som utgav personalkalenderen for Noregs Bank.

²⁷ jamfør *Personalhåndbok for Norges Bank* (brun perm), Oslo 1954, s.28

5.2.6 Bokholderiet

Kontoret vart leia av ein hovudbokhaldar. Bokholderiet utarbeidde Noregs Bank sine rekneskap, som var eit resultat av bokføringa ved hovudsetet og ved distriktsavdelingane.

Grunnlaget for bokføring i Bokholderiet var som følgjer: *Memorialbilag* og *kassebilag*, som var utarbeidd av dei ulike kontora ved hovudsetet og distriktsavdelingane, vart sendt inn for føring. Memorialbilag og kassebilag passerte kvar si kontrollmaskin som rekna ut totalsum for kvar hovudbokskonto og dermed avstemmingsgrunnlag for den påfølgjande bokføringa. Frå kontrollmaskinene gjekk bilaga til kontering og journalføring på konteringsmaskiner. Posteringane på foliokonto, kassekredittkonto, avdelingane sin konto, clearingkonto og valutakontiane vart samla opp på konteringsmaskiner. Dei andre konti vart ført direkte på ei særskild hovudbokmaskin, som også tok opp summene for dei nemnde konti i eit samandrag for hovudbok I. Mellomrekneskapen mellom hovudsetet og distriktsavdelingane vart ført over på ein konto som vart kalla *Norges Banks konto ved avdelingene* og *Avdelingenes konto ved hovedsetet*. Rekneskapen vart avvikla gjennom ein ekstraheringsmemorial. Frå denne memorialen gjekk postane via Bokholderikontoret sin journal, bibøker og underkonti til hovudbok I

Fire ganger i månaden vart det utarbeidd ein oversikt over stillinga i Noregs Bank. Ved slutten av kvar månad sendte avdelingane inn til hovudsetet ein balanse der det var ført opp saldo per ultimo på kvar hovudbokkonto. Frå desse balansene vart tala ført inn i hovudbok II, som er hovudbok for avdelingane. Deretter vart det sett opp ein balanse for alle hovudbokskonti ved hovudsetet og ein tilsvarende balanse for kontiane ved avdelingane. Desse to balansane vart samanarbeidd i ein endeleg generalbalanse for heile banken.

Per 31. desember vart årsrekneskapen sett opp. Direksjonen sendte inn til representantskapet ein detaljert oppstilling av rekneskapen, saman med forslag til fordeling av overskotet. Bokholderikontoret sette opp rekneskapstabellar til årsoppgjeret, og leverte elles i løpet av året grunnlagsmateriale til statistikk og andre oppgåver som det var spørsmål om.

Under Bokholderikontoret sorterte også postkontrollen. Postkontrollen fekk tilsendt all utgåande post som kravde bokføring. Desse breva vart gjennomgått for å sjå til at alle oppdrag var riktig utført og bokført. Samstundes såg kontrollen til at det var korrespondert om alle dei bokførte postane som kravde det.

5.2.7 Ekspedisjonsavdelingen

Avdelinga vart leia av ein kontorsjef og hadde ansvaret for den ekspedisjonsmessige delen av Noregs Bank sine oppgåver. Arbeidet var fordelt på Avregningskontoret, Diskonteringsavdelingen, Folioavdelingen og Kontoret for Statens kasseregnskaper.

Avregningskontoret hadde ansvar for handsaminga av sjekkar, bankremisser, tilvisningar og girooppdrag som kontantoppgjær eller godskriving på konto. For å spare arbeid vart sjekkanne samla i Avregningskontoret som dagleg gjennomførte heile avrekninga gjennom Oslo Bankavregningskontor på Børsen. Den saldo som måtte kome fram for kvar bank, debet eller kredit, vart så gjort opp på deira konti i Noregs Bank. Denne avrekningsordninga viste seg å vere både smidig og arbeidssparande for bankane.

Diskonteringsavdelingen handsama papir som vekslar og sjekkar med meir som vart diskontert av hovudsetet. Det vart ført engasjementslister og risikolister. Risikolistene vart lagt fram for representantskapet som nytta dei som grunnlag for kontrollen med utlånsverksemda i Noregs Bank. Kontoret førte også kassekredittkontiane og forvalta stempelmerka.

Folioavdelingen førte konti i norske kroner, oppretta for rekning av banken sine kunder, som hovudsakleg var innan- og utanlandske bankar, offentlege og halvoffentlege institusjonar og berre i liten utstrekning privatfirma eller privatpersonar.

Kontoret for Statens kasseregnskaper hadde ansvar for alt arbeid vedrørande statskassen sin foliokonto. Kontoen vart disponert av Finansdepartementet. Utbetalinger frå

folikontoen skjedde mot statskassetilvisningar. Finansdepartementet gav dagleg oppgåve over dei tilvisningar som var utferda.

5.2.8 Kassene

Kasseverksemda ved hovudsetet var fordelt på Hovedkassen, Ekspedisjonskassen og Skillemyntavdelingen.

Hovedkassen vart leia av hovudkasserar og var distribusjonsstad for pengesetlane i landet. Kassa forsynte bankar og andre institusjonar i hovudsetet sitt distrikt med setlar i tillegg til distriktsavdelingane etter rekvisisjon frå bestyrerane. Setlane vart mottekne frå Seteltrykkeriet og oppbevart i eigne kvelv. Dei makulerte setlane frå hovudsetet og avdelingane vart samla i Hovedkassen og ført ut for øydelegging. I tillegg til administrasjon av seteldistribusjonen føretok også Hovedkassen kjøp og sal av gull etter nærmare avgjerder frå direksjonen. Den delen av gullet som var i landet, var plassert i hovudkvelvet.

Ekspedisjonskassen vart leia av ein ekspedisjonskasserar. Han utførte kassarbeid i samband med banken sine eigne forretningar, slik som innløyising av kupongar, inn- og utbetalingar i samband med inkassoverksemda, kjøp og sal av noter og anna. Kassa innløyste også funksjonærsekkane.

Skillemyntavdelingen vart leia av ein skiljemyntkasserar. Som namnet tilsa var kassa distribusjonsstad for skiljemynten i landet. Kassa forsynte bankar og andre institusjonar i hovudsetet sitt eige distrikt og avdelingane med skiljemynt. Avdelingane fordelte deretter mynt for sine eigne distrikt. Etter at skiljemyntkasseraren hadde uttalt seg, sette direksjonen ein gang i året fram forslag om ny utmynting for komande budsjettår.

5.2.9 Personalavdelingen

Avdelinga vart leia av personalsjefen. Fram til 1. september 1953 vart personalsakene i Noregs Bank handsama av den dåverande økonomiavdelinga. Frå denne datoen vart personalforvaltninga overført til ein eigen personalavdeling under leiing av ein personalsjef.

5.2.10 Økonomiavdelingen

Avdelinga vart leia av ein økonom og hadde til oppgåve å sørge for at Noregs Bank skaffa til veie hjelpemiddel som var naudsynt for å leggje til rette for ei rasjonell utøving av arbeidet ved dei ulike kontora i banken, slik som møbel, kontormaskiner og kontorrekvisita.

Økonomiavdelingen hadde også ansvar for vedlikehald av maskiner og utstyr og utskifting av utstyr som ikkje lenger var tenleg. Kontoret forsynte også i stor grad distriktsavdelingane.

Noregs Bank sine mange bygningar, og tilsynet og oppussing av desse var også Økonomiavdelingen si oppgåve. Ved slutten av året utarbeidde avdelinga ein detaljert oversikt over omkostningskontoen i banken. Denne oversikten vart sendt til representantskapet.

Den førebuande handsaminga av søknader frå funksjonærar om lån av Boligfondet eller av Pensjonskassa til kjøp av bustad låg også under Økonomiavdelingen. Etter at søknadene var utgreidd vart sakene sendt til direksjonen med innstilling frå avdelinga.

5.2.11 Seteltrykkeriet

Norges Banks Seddeltrykkeri hadde eigen bygning i Nedre Slottsgate. Den daglege drifta vart leia av ein trykkerisjef, og som støtte hadde han ein driftsingeniør og eit administrasjonskontor som vart leia av ein kontorfullmektig. Hovudoppgåva til seteltrykkeriet var og er å trykkje Noregs Bank sine setlar. Seteltrykkeriet sorterte direkte under direksjonen, der ein av direktørane hadde særskild tilsyn med trykkeriet. I møte 26. februar 1979 gav representantskapet sin tilslutning til direksjonen sitt forslag om å etablere eige styre. Dette var tilfelle like fram til 1988 då produksjonsbedriftene vart lagt under sentralbankdirektøren.

Gangen i produksjonen var: Setelpapiret vart telt av ein person frå administrasjonskontoret og ein frå avdeling I i trykkeriet, *Inntellings- og sorteringsavdelingen*. Papiret gjennomgjekk deretter ulike prosessar i andre avdelingar i trykkeriet: avdeling II, *Kobbertrykkavdelingen*, avdeling III, *Boktrykk- og offsetavdelingen*, avdeling IV, *Nummererings- og ferdiggjøringsavdelingen* og avdeling V, *Telleavdelingen* (sluttellinga). Derifrå vart dei ferdige setlane levert til Hovedkassen.

Administrasjonskontoret førte lønskonto dei tilsette i trykkeriet og detaljert driftsrekneskap. Trykkeriet hadde også eigen verkstad for originaltrykkplater der alle trykkplatene vart framstilt og verkstad for vedlikehald og reparasjonar av maskinparken.

5.2.12 Revisjonen

Revisjonen vart leia av ein revisjonssjef. Noregs Bank sin revisjon høyrer direkte under representantskapet der Den faste komite er nærmaste overordna. Arbeidsområdet omfattar hovudsetet, seteltrykkeriet og distriktsavdelingane. Revisjonen er sentralisert ved hovudsetet og avdelingane sine rekneskapar med bilag vert sendt dit. Kvart år gjev revisjonen beretning til representantskapet som har avgjerdsmynde etter lova.

5.3 Administrative endringar i 1958

5.3.1 Administrasjonsutvalget

I samband med omorganiseringa av hovudsetet i 1958 vart det oppretta eit eige organ med ansvar for administrative spørsmål, *Administrasjonsutvalget*. Nye arbeidsoppgåver for banken gjorde det vanskeleg for formannen og nestformann i direksjonen å setje av naudsynt tid til den interne administrasjonen av Noregs Bank. Administrasjonen var heller ikkje tilstrekkeleg utbygd i forhold til den utviklinga som hadde funne stad. Einskilde av direksjonen sine nærmaste medarbeidarar var dessutan utsett for eit sterkt arbeidspress.

Administrasjonsutvalget vart leia av dei fem avdelingssjefane og fekk mynde i personalsaker, innkjøpsmynde, anvisningsmynde i tillegg til saker vedkomande administrasjon og organisasjon.

Av retningslinene for utvalet går det fram at det skulle handsame alle løns- og personalsaker som kravde vedtak i direksjonen. Det skulle gje innstilling til direksjonen i løns- og personalsaker som vart avgjort av representantskapet. I andre personalsaker vart utvalet gjeve fullmakt til å treffe avgjerd med melding til direksjonen. Utvalet skulle treffe dei prinsipielle vedtaka om innkjøp i samband med drift av banken. Viktige saker og vedtak om tilskot vart forutsett avgjort av direksjonen og representantskapet etter innstilling frå Administrasjonsutvalget. Vidare vart utvalet gjeve fullmakt til, med melding til direksjonen, å avgjere generelle administrasjons- og organisasjonssaker som ikkje kravde avgjerd i representantskapet. Dersom det siste var tilfelle, måtte utvalet gje innstilling til direksjonen.²⁸

I 1972 inngjekk banken ein avtale med Norges Banks Funksjonærforbund om representasjon for dei tilsette. Funksjonærane har to representantar. Frå 1977 vart kontakten mellom direksjonen og Administrasjonsutvalget styrkt ved at nestformannen i direksjonen vart nestformann i utvalet. April 1986 vart utvalet omorganisert, og deretter sett saman av fem medlem med sentralbanksjefen som leiar, visesentralbanksjefen, direktør i Administrasjonsavdelingen og to representantar for dei tilsette.

5.3.2 Ny kontororganisasjon ved hovudsetet

Administrasjonsutvalget kom med forslag til endring av organiseringa av hovudsetet. Forslaget vart vedteke, og dei administrative endringane i 1958 førte til at talet på avdelingar ved hovudsetet vart redusert frå ti til fem. Bakgrunnen for endringane var ikkje så mykje konkrete endringar i arbeidsoppgåvene til Noregs Bank, men snarare eit forsøk på å effektivisere banken gjennom å delegere mynde og ansvar nedover i organisasjonslinene.

²⁸ sjå representantskapet jnr. 58/1958

Administrasjonsordninga bygde i hovudsak på at hovudsetet vart delt inn i fem avdelingar, Administrasjonsavdelingen, Bank- og Utlånsavdelingen, Valutaavdelingen, Økonomisk-statistisk avdeling og Ekspedisjon og Regnskapsavdelingen. Kvar avdeling vart leia av ein direktør og delt inn i kontor, med kontorsjefar, som igjen var delt inn i seksjonar, med seksjonssjefar, som var sett saman av grupper, leia av gruppesjefar, eller første fullmektigar.²⁹

Administrasjonsavdelingen vart sett saman av Direksjonssekretariatet, Juridisk avdeling som vart til Juridisk kontor, Personalavdelinga som vart til Personalkontor og Økonomiavdelingen som vart til Økonomikontoret.

Bank- og Utlånsavdelingen vart sett saman av Banksekretariatet og Utlånssekretariatet.

Valutaavdelingen gjennomgjekk ikkje store endringar, og var sett saman av Valutapolitisk kontor, Valutaekspedisjonen og Kontoret for valutastatistikk.

Økonomisk-statistisk avdeling var avdelinga for forskning, utvikling av grunnprinsipp og politikk for banken. Avdelinga var sett saman av tidlegare Statistisk avdeling som vart Statistisk kontor, Pengepolitisk kontor og Forskningskontoret.

Ekspedisjon og Regnskapsavdelingen omfatta Depotkontoret, Bokholderikontoret, Ekspedisjonen, Hovedkassen og Skillemyntkassen.

Med denne omorganiseringa vart hovudsetet i Noregs Bank meir smidig og betre rusta til å løyse sakene han vart stilt ovanfor.

5.3.3 Seinare tilpassingar fram til 1985

Administrasjonsutvalget poengterte i 1958 at den kontororganiseringa som då vart vedteke ikkje måtte sjåast på som noko endeleg løysing. Utviklinga av administrasjonen måtte vere ein dynamisk prosess som på best mogeleg vis gjorde det mogeleg for Noregs Bank å møte dei krava som banken vart møtt med. Utover 1970-talet vart det arbeidd med utvikling av organisasjonen, og i 1986, i samband med den nye lova om Noregs Bank og innflyttinga i det nye hovudsetet, vart det gjennomført ei større omorganisering. Fram til 1985 vart det difor gjennomført visse endringar, men ingen av desse var av gjennomgripande karakter. Noregs Bank tilpassa seg dei endra oppgåvene han vart stilt ovanfor ved at nokre kontor vart lagt ned medan andre vart oppretta etter kvart som det var naudsynt.

Den første endringa fann stad i 1965. Då vart det oppretta eit nytt kontor, *Kontoret for lån i utlandet*, i Valutaavdelingen. Samstundes endra Økonomisk-Statistiske avdeling til *Pengepolitisk avdeling* og fekk tilført eit nytt kontor, *Kurssekretariatet*. Sekretariatet fekk ansvar for opplæring av tilsette i banken. I same avdeling vart namna på Pengepolitisk kontor og Statistisk kontor endra til *1. og 2. Pengepolitiske kontor*.

I 1970 vart Bank- og Utlånsavdelingen utvida med *Kontoret for engasjementskontroll*. Kontoret hadde ansvar for saker og bedriftsøkonomiske analysar som galdt Distriktenes Utbyggingsfond, DUF. Også i Pengepolitisk avdeling vart det gjennomført endringar. Avdelinga vart delt inn i fire kontor: *Kontoret for økonomisk informasjon*, *Kredittpolitisk kontor*, *Statistisk kontor* og *Utredningskontoret*.

Noregs Bank hadde eit ynskje om å vere med på å påverke dei endringane som måtte kome og valte å setje ned eit organisasjonsutviklingsprosjekt. I 1972 vart det sett ned i alt seks OU-grupper som skulle sjå nærmare på organiseringa av banken. Gruppe 1 tok føre seg opplæringsverksemda, gruppe 2 såg på spørsmål kring personalet, gruppe 3 handsama spørsmål om likestilling, gruppe 4 vurderte distriktsavdelingane, gruppe 5 handsama spørsmål gjeldande for kassa, medan gruppe 6 såg på fordelinga av arbeidsoppgåvene mellom avdelingane ved hovudsetet, koordineringsfunksjonen og samarbeidsforholda.

I 1972 fekk Valutaavdelingen eit nytt kontor, *Spesialoppdrag*. Året etter fekk også Pengepolitisk avdeling eit slikt kontor for spesialoppdrag. Året 1974 representerte eit skilje i

²⁹ sjå representantskapet jnr. 59/1958

administreringa av banken. Dette året vart det innført budsjett for Noregs Bank. *Budsjettkontoret* vart lagt til Administrasjonsavdelingen. Det vart utarbeidd utgiftsbudsjett.

I 1977 vart det gjennomført større endringar i organiseringa av hovudsetet. Bank- og utlånsavdelingen, som var sett saman av Bankkontoret, Kontoret for engasjementskontroll og Utlånskontoret, og delar av Pengepolitisk avdeling, nemleg Statistisk kontor og Pengepolitisk kontor, vart slått saman til den nyoppretta *Kredittpolitisk avdeling*. Samstundes vart *Utrednings- og informasjonsavdelingen* oppretta. Avdelinga overtok *Kontoret for økonomisk informasjon* og *Utredningskontoret* frå Pengepolitisk avdeling.

I 1979 vart gjekk Utlånskontoret ved Kredittpolitisk avdeling inn i Kontoret for engasjementskontroll. Grunnen til dette var at talet på Noregs Bank sine pantelån, fiskarlån og andre private lån var sterkt redusert. Året etter vart *Kontoret for økonomisk analyse* ved Utrednings- og informasjonsavdelingen oppretta.

Siste endringa før den nye lova om Noregs Bank, var i 1985 då Skillemyntkassen i Ekspedisjons- og regnskapsavdelingen gjekk inn i Hovedkassen.

5.3.4 Organisasjonsprosjektet

I åra 1985-1987 gjekk Noregs Bank gjennom to større organisatoriske endringar. Først ut var dei avdelingane som hadde oppgåver med utforming av policy, og deretter avdelingane som hadde meir utøvande oppgåver.

5. mars 1984 avgjorde representantskapet, etter initiativ frå Skånland som var nestleiar i direksjonen, å setje i gang eit eige organisasjonsprosjekt, det såkalla *O-prosjektet*. Arbeidet starta hausten 1984 og var slutført i løpet av 1985. Over årsskiftet 1985/86 vart den nye organisasjonsplanen sett i verk. Organiseringa av arbeidsoppgåvene i banken og det administrative apparatet var moglege for ei total revidering etter meir enn 25 år med flikking. I samband med den foreståande lova om pengevesenet og Noregs Bank og ved innflyttinga i nytt hovudsete var tida riktig for ein større gjennomgang. Det vart særleg ført fram organisatoriske spørsmål knytt til skriveteneste, arkiv, omlegging av valutastatistikken, auka bruk av elektronisk data, nedbygging av talet på tilsette i tillegg til meir generelle spørsmål om administrativ ansvarsdeling og oppbygging av banken.

Hovudmåla for O-prosjektet var:

- 1) Å betre kunnskapsgrunnlaget for og resultatene av banken si rådgjevande og utøvande verksemd innanfor penge-, kreditt- og valutapolitikken.
- 2) Å auke effektiviteten i forsyninga av betalingsmiddel og i banktenestene til offentleg sektor og finansinstitusjonane.
- 3) Å gjere eigenadministrasjonen meir effektiv og tidsmessig ved betre planlegging, økonomistyring og utvida delegering.³⁰

Også konsulentfirmaet Mc Kinsey vart trekt inn i prosjektet for å gjere ein foranalyse og vurdere organisering av ekspertisen i banken i tillegg til leiarstrukturen og stabsorganiseringa. I konklusjonen peikte konsulentane på visse kommunikasjons- og samarbeidsproblem i banken, og trongen til ei klårgjering av målsetjinga for Noregs Bank si verksemd. Mc Kinsey foreslo at det vart oppretta fem, i staden for dei tre eksisterande, policyretta avdelingane, og at det vart etablert ein eigen avdeling Oslo.

Under O-prosjektet vart det også sett ned to interne prosjektgrupper: ei for informasjons- og teknologi, og ei som skulle sjå på personalplanlegginga. Det vart poengtert at ein måtte byggje vidare på hovudprinsippet om eit organisatorisk skilje mellom policy-oppgåver og utøvande oppgåver.

5.3.4.1 Policy-avdelingane

Som eit første steg i arbeidet med å omorganisere hovudsetet vart det i desember 1985 vedteke ei omlegging frå årsskiftet 1985/86 av arbeidet på det makroøkonomiske området. Dei

³⁰ sjå *Effektivisering av Norges Bank s organisasjon*, ODA-prosjektet, sluttrapport, Oslo 1987

organisatoriske endringane var størst i dei einingane som var direkte knytt til penge-, kreditt- og valutapolitikken, då det var eit mål å styrke Noregs Bank sin evne til å operere på penge- og valutamarknaden og til å gje styresmaktene godt grunngeve råd. Ein gjekk bort frå den tradisjonelle todelinga av organiseringa av Noregs Bank og andre sentralbankar med ei valutaavdeling og ei økonomisk politisk innanlandsside. Valutaavdelingen vart splitta, og i staden vart det innført ei firedeling av policy-området. Talet på avdelingar ved hovudsetet vart auka frå fem til sju.

Den mest påtakelege endringa var opprettinga av *Markedsoperasjonsavdelingen* (MOA). MOA vart delt inn i tre kontor, *Markedsoperasjoner*, *Valutaplasseringer* og *Kontoret for utenlandske betalinger* i tillegg til kontoret i New York, og fekk ansvar for operasjonar i valuta-, penge- og kapitalmarknadane. Dei første åra etter opprettinga fekk MOA store oppgåver med å søkje å betre den samla styringa av likviditet, valutakurs og rentenivå inn i ein periode der tidlegare reguleringar av ulike slag i aukande grad vart avløyst av friare marknad.

Utrednings- og statistikkavdelingen (UTSA) fekk til oppgåve å utarbeide grunnlagsmateriale for utarbeiding av siktemål og kurs for Noregs Bank. Avdelinga vart sett saman av *Utredningsseksjonen* og *Statistikkseksjonen* med kontor for finansstatistikk og valutastatistikk.

Økonomisk avdeling (ØKA) fekk ansvar for å utforme rådgjeving til styresmaktene og tiltak på det pengepolitiske og det valutapolitiske området. Avdelinga vart delt inn i tre kontor, *Det internasjonale kontor*, *Analysekontoret* og *Penge- og valutapolitisk kontor*.

Finansmarkedsavdelingen (FIM) var sett saman av *Bedriftsøkonomisk kontor*, *Finanskontoret* og *Tilsynskontoret*. Avdelinga arbeidde med strukturen på finansmarknaden, penge- og kredittpolitisk regulering og valutalisensiering og –kontroll. Kontakten med Kredittilsynet var også viktig for denne avdelinga.

Sekretariats- og rettsavdelingen (SERA) vart også oppretta som ei følgje av innstillinga frå O-prosjektet. Avdelinga var delt inn i to kontor, *Sekretariatet* og *Juridisk kontor*. SERA hadde til oppgåve å understøtte og sikre best mogeleg arbeidsvilkår for toppleiinga.

5.3.4.2 Den interne administrasjonen og utøvande verksemd

Arbeidet med å effektivisere organisasjonen av Noregs Bank fortsette i 1987. For hovudsetet konsentrerte ein seg om forsyninga av betalingsmiddel, eiga bankverksemd og intern administrasjon. Det vart lagt særskild vekt på å betre koordineringa og styre drifta av banken, og ikkje minst styrke planleggings- og utviklingsarbeidet. Arbeidet resulterte i eit vedtak i hovudstyret 20. januar 1988 om ein ny samla organisasjonsplan for Noregs Bank.

Etter den nye organisasjonsplanen var det opp til åtte direktørar, under sentralbanksjefen og visesentralbanksjefen, med ansvar for å leie i alt 34 einingar, inkludert 21 distriktsavdelingar. Ein av direktørane fekk tittelen sentralbankdirektør og vart gjeve ansvaret for distriktsavdelingane og Administrasjonsavdelinga ved hovudsetet. Direksjonen vedtok 19. juni 1985 at dei to produksjonsbedriftene, Den Kongelige Mynt, DKM, og Norges Banks Seddeltrykkeri, NBS, også skulle knytast til hovudsetet på tilsvarande vis som dei andre avdelingane, og vere administrativt plassert under den nye sentralbankdirektøren. Dette vart gjennomført frå 1. april 1988, og dermed var det slutt på at DKM og DKS sorterte direkte under den øvste leiinga i banken og hadde eige styre.

Samstundes vart det vedteke å skilje ut dei delane av Bankavdelingen som hadde ansvar for forsyning av betalingsmiddel og bankaktivitetar ved hovudkontoret, til ein avdeling Oslo. Det vart også slutt på at distriktsavdelingane sorterte direkte under den øvste leiinga i banken, men vart lagt inn under sentralbankdirektøren. Dette vart gjort for å betre koordineringa mellom hovudsetet og distriktsavdelingane og klårgjere rutine for rapportering slik at dei kunne vite kvar dei skulle vende seg med spørsmål og anna.

5.3.5 Dei siste endringane

Arbeidet med å tilpasse Noregs Bank dei oppgåvene han er sett til å løyse, og ikkje minst kravet om effektiv ressursbruk, har gjort organisasjonsutviklinga i banken til ein kontinuerleg prosess. I løpet av 1989 vart Arendal, Hamar, Halden, Gjøvik, Drammen, Skien avdeling lagt ned, medan Haugesund avdeling vart kassekontor og Kristiansund N avdeling løns- og pensjonskontor for banken. Hausten 1996 gav hovudstyret si tilslutning til sentralbanksjefen sin plan for dimensjonering i Noregs Bank for perioden 1997-1999. Planen gjekk inn som første del av ein samla gjennomgang av oppgåvedimensjonering, og innebar reduksjon i talet på årsverk for dei områda som vart gjennomgått. Banken skulle konsentrere arbeidsinnsatsen mot sine kjerneområde.

Dette arbeidet vart også understøtta av ei omorganisering av banken. Hovudstyret godkjende hausten 1996 at Noregs Bank frå 1. januar 1997 skulle omorganiseras. Som for tidlegare endringar galdt det å klårgjere korleis den organisatoriske oppbygginga av banken var innretta mot hovudmålsetjingane stabile prisar og finansiell stabilitet. Noregs Bank vart delt inn i fire område etter modell frå Bank of England: Område I, Pengepolitikk; Område II, Finansmarkeder og betalingssystemer; Område III, Sedler og mynt, og Område IV, Konserndrift. Mellom dei ulike områda vart det også gjennomført tilpassingar.

Eit femte område, Område V, Norges Bank Kapitalforvaltning, vart oppretta som eigen avdeling 1. januar 1998. Norges Bank Kapitalforvaltning utfører den operative forvaltninga av Statens petroleumsfond, den operative forvaltninga av Statens petroleumsforsikringsfond, i tillegg til dei langsiktige valutaeservane. Dette vert gjort på vegne av Finansdepartementet. Formelt sett er petroleumsfondet ein kronekonto i Noregs Bank. Denne kronekontoen har sitt motstykke i at Noregs Bank samstundes har investert eit tilsvarande beløp i banken sitt namn i utlandet. Statens Petroleumsfond sin konto i Noregs Bank vart første gang tilført midlar i 1996, etter at statsrekneskapen for 1995 viste overskot. Ved utgangen av 1996 vart ytterlegare midlar overført. På same måte vart det overført midlar ved utgangen av 1997 og 1998.³¹

Norges Bank Kapitalforvaltning er sett saman av fem kontor, Stab og juridisk leder, Risikokontroll, Aksjeforvaltning, Renteforvaltning, Risikoallokering, i tillegg til Noregs Bank sitt kontor i New York.

5.3.6 Oppsummering

Intensjonen bak endringane i organiseringa av Noregs Bank frå 1954 og fram til i dag har i grove trekk blitt gjennomført for å gjere det enklare for banken å utføre dei oppgåvene han til ei kvar tid er pålagt. Det har også vore eit mål at organiseringa i størst mogeleg grad skal spegle banken sine oppgåver ved å skilje ut dei avdelingane som arbeider med policy-saker frå sjølvle drifta av banken og produsjonen av setlar og mynt. Noregs Bank sine samansette oppgåver og personalpolitiske omsyn har gjort at dette ikkje alltid har vore like enkelt. I 1958 vart talet på avdeling ved hovudsetet redusert frå ti til fem. Deretter auka talet på avdelingar fram til 1988, og ti år seinare vart det nok ein gang redusert til fem område. Konserndrifta er plassert som eige område.

Sjå figurane 1-6 for kontororganisasjonen ved hovudsetet for åra 1954, 1958, 1985, 1987, 1988 og 1999. Organisasjonen gjekk gjennom markerte endringar i desse åra.

5.4 Noregs Bank sine oppgåver³²

Noregs Bank vart oppretta som ein låne-, giro- og depositobank med rett til å utgje pengesetlar. Banken har opp gjennom tida ytt også vanlege banktenester til private i tillegg til dei tenestene som vart kravd av ein sentralbank. Etter kvart som bankvesenet vart betre bygd ut her i landet utvikla Noregs Bank meir og meir rolla som sentralbank.

³¹ sjå også *Forvaltning av Statens petroleumsfond*, årsrapport 1998

³² NOU 1983:39 *Lov om Norges Bank og pengevesenet*, ss.133-181 gjer greie for banken sine oppgåver

I dag heiter det at Noregs Bank skal vere eit utøvande og rådgjevande organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal utgje pengesetlar og mynt, arbeide for eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet, i tillegg til å overvake penge-, kreditt- og valutamarknaden.

Regjeringa har etter råd frå Noregs Bank fastsett at det operative målet for penge- og valutapolitikken skal vere å sørge for ein stabil valutakurs. Dette er motivert utifrå tanken om at ein slik politikk vil bidra til låg pris- og kostnadsvekst, og dermed leggje grunnlag for sysselsetjing og økonomisk vekst. Noregs Bank har ansvar for å følgje opp det politiske målet gjennom utøving av penge- og valutapolitikken. Politikken vert utforma på grunnlag av analysar av den makroøkonomiske situasjonen, gjennom prognosar for utviklinga i norsk og internasjonal økonomi som vert offentleggjort i inflasjonsrapporten og *Penger og Kreditt* som kjem ut fire ganger i året.

Noregs Bank påverkar den norske krona sin internasjonale verdi gjennom kjøp og sal av valuta og ved å styre rente- og likviditetsforholda i dei innanlandske penge- og kapitalmarknadene. Banken har også ansvar for å plassere dei offisielle valutaeservene i dei internasjonale kapitalmarknadene i tillegg til å forvalte Statens petroleumsfond.

Noregs Bank har også ansvar for strukturspørsmål og utvikling av regelverk som gjelder finansinstitusjonar og finansmarknader, han overvaker finansinstitusjonane si verksemd og verdipapirmarknaden og arbeider for å utvikle betalings- og oppgjerssystem.

5.4.1 Setel- og myntforsyninga

Forsyning av landet med setlar var sentralbankane sin hovudfunksjon. I § 4 i fundasjonen heitte det at *Banken skal være berettiget til at udfærdige Banksedler i Forhold med det indskudte Fond, og at sætte dem i Omløb ved Udlaan mod saadan Sikkerhed, som denne Octroi foreskriver; dog maa ikke Beløbet af de i Omløb værende Sedler overgaae det dobbelte Beløb af det i Banken oppbevarede Fond.* Det var viktig for den unge nasjonen Noreg å ha sitt eige pengevesen. Verdien til setlane var dekte av banken sitt sølvfond. Proporsjonsystemet foreskreiv eit gitt byteforhold mellom papirpengar og pengar i metall. Noregs Bank fekk i første omgang løyve til å utgje to papirspeciedaler for kvar daler i sølv.

Lova om Noregs Bank frå 1892 innført eit nytt system for å sikre verdien på setlane. Differansesystemet kravde full metalldekning for setlar i omløp med unnatak av eit nærmare vedteke beløp. Dette skapte eit meir fleksibelt system. I 1939 vart det udekte beløpet sett til 425 millionar kroner. Sidan då er det ikkje lovfesta nokon fast sum. Utviklinga i setelomløpet har dessutan ikkje ein like sentral plass i samband med penge- og kredittpolitikken som tidlegare.

Frå tidlege tider av var det eit kongeprivilegie å gje ut mynt, og myntane vart ofte prega med bilete av kongen. Fram til 1. januar 1962 var Den Kongelige Mynt ein statsbedrift, men frå den datoen tok Noregs Bank over bedrifta, og har sidan stått for produksjonen av både setlar og mynt. Distribusjonen av desse betalingsmidla er også i dag ei av banken sine hovudoppgåver.

5.4.2 Utlån

5.4.2.1 Pantelån

Noregs Bank vart oppretta også som ein lånebank, pengesetlane vart sett i omløp gjennom ulike typar lån. Det lånesystemet som banken brukte heile den første tida var ganske eineståande for ein setelbank. Noregs Bank sette kapitalen inn i langsiktige hypoteklån. Denne politikken vart kritisert både i samtida og i ettertid.³³ Fundasjonen nemner lån mot handfått pant, vekselobligasjonar og vekslar. Likevel vart størstedelen lånt ut mot pant i fast eigedom. Dette var langsiktige lån med løpetid opp mot 25 år, og på det viset vart banken sine midlar

³³ sjå til dømes Martin Schweigaard, *Om Norges Bank og Pengevæsen*, Oslo 1836 og Francis Sejersted, *Norges Bank og høykonjunkturen i 1840-årene*, Oslo 1968

bunde opp. Pantelån var til hinder for at banken raskt kunne trekkje inn setlar dersom det vart eit sterkt press mot metallreservene.

I 1840 var 84 prosent utlånt mot pant, og berre 16 prosent ved diskontering, og dei papira som var diskontert var i all hovudsak vekselobligasjonar, ikkje vekslar. Presset frå eigarane av fast eigedom var så sterkt at Noregs Bank følte seg tvungen til å låne ut mot pant. Lova frå 1892 slo fast at Noregs Bank berre kunne låne ut kortsiktig kapital.³⁴

5.4.2.2 Diskonteringslån

Noregs Bank var også ein diskonteringsbank som skulle sikre tilgang på kortsiktige kredittar i hovudsak for bankar og handelshus. Det grunnleggjande prinsippet var at sunne forretningstransaksjonar ikkje måtte avgrensast på grunn av likviditeten i private bankar og handelshus. Kortsiktige papir skulle fylle kravet til kredittverde, og som sjølvlikviderande dokument ville dei kvalifisere for kreditt i sentralbanken gjennom rediskontering. Sentralbanken vart på det viset ei marginal kredittkjelde. Ei auke i diskonteringsrenta vart sett på som eit mildare alternativ til direkte avslag på søknader om kreditt. Diskontorenta vart den leiande renta i økonomien.

Noregs Bank opphevdde i 1963 den tradisjonelle forma for rediskontering av såkalla gode varevekslar. Noregs Bank sin diskontosats har, etter at kredittvesenet vart utbygd, vore knytt til bankane sine rediskonteringar av forretningsvekslar.

Det var som oftast vekslar som vart diskontert. Ein veksle er eit dokument som vert utferda i samband med ein økonomisk kontrakt. Dette skjer anten ved at fakturaskrivaren (trassenten) sjølv lover å betale eit bestemt beløp (eigenveksle) på ein bestemt dato, eller ved å oppmode ein annan til slik betaling (trekt veksle eller tratte).

Vekslar vert brukt mellom anna ved sal av varer på kreditt. Dette kan skje ved at seljaren trekkjer ein veksle på kjøparen, som aksepterer med si underskrift. Seljaren kan deretter diskontere vekselen i bank, som utbetaler beløpet mot ein kompensasjon. Ved fastsett forfall må vekslebeløpet betalast av kjøparen.

Ved ein eigenveksle er trassat (han som ein veksle er trekt på, det vil seie han som skal betale) og trassent same person. Han som beløpet skal betalast til vert kalla ein remittent. Dersom trassenten også er remittent, vert det utferda ein veksle til eigen ordre.

5.4.2.3 Lån til staten

Like frå opprettinga av Noregs Bank har banken ytt banktenester for staten, slik som til dømes å motta innskot og formidle ut- og innbetalingar til statskassa. Dette vart lovfesta i 1892.

Vidare heitte det at banken i sine tenester ikkje kunne stå i forskot til statskassa. Det har heile tida vore uklårt korleis dette forbodet skulle tolkast. Ei alminneleg tolking er at føresegna sette forbod mot direkte lån til staten for å unngå at setelpressa vart brukt som finansieringskjelde for løpande statlege utgifter. På den andre sida har ikkje forbodet vore til hinder for at Noregs Bank kan kjøpe statsobligasjonar og statskassevekslar direkte frå staten.

Motkonjunkturpolitikken rundt midten av 1970-talet førte til at Noregs Bank sine kjøp av statspapir vart ein meir regulær lekk i dekninga av det statlege budsjettunderskotet.

Frå hausten 1977 vart det vedteke at Noregs Bank skulle gje tilsagn om ramma for banken si finansiering av statens transaksjonar ved kjøp av statskassevekslar. Dersom det var naudsynt å auke rammene, var det ein forutsetning at spørsmålet vart teke opp i form av eit formelt brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank. Dette brevet er teke med i årsberetninga. I uttalen vert det lagt særskild vekt på den kredittpolitiske rolla av banken sitt bidrag til dekning av statens lånebehov.

³⁴ sjå NOU 1989-3, vedlegg 9 gjev definisjonar av faguttrykk for penge- og kredittpolitikk, ss.440-467

5.4.2.4 Lån til bankane

Opprettinga av Norges Hypotekbank i 1852 og private kredittbankar letta presset på Noregs Bank. På det viset fekk banken høve til å utvikle seg til å verte bankane sin bank. Under bustadkrakket i dei større byane 1899-1900, og dei etterfølgjande bankkrisene konsoliderte Noregs Bank si rolle som sistehands utlånar, *lender of last resort*. I etterkrigstida har det vore vanleg at bankane kunne ta opp kortsiktige likviditetslån i Noregs Bank. Slik er det også i dag sjølv om bankane i langt større grad låner av kvarandre.

Under det kredittpolitiske organet, *Samarbeidsnemnda* 1950-1965, var representantar frå bankane med på å utforme kvantitative restriksjonar på kreditttilgangen. Innføringa av banklovane i 1961 og kredittlova i 1965 stilte også krav om reserver. Bankane tilpassa seg desse krava så godt at Noregs Bank kom med nye reglar for låneordninga som vart gjeldande frå 1. januar 1971. Bankane kunne fortsett ta opp kortsiktig likviditetslån i Noregs Bank. Det vart fastsett lånetransjer (kvotar) for kvar bank. Renta var aukande for kvar transje bankane nytta seg av. Noregs Bank meinte at dette ville få bankane til å halde ein likviditet som var stor nok til å dekkje dei daglege svingingane, samstundes som dei kunne låne for å dekkje sesongmessige krav. Etter kvart tok bankane meir og meir til å bruke ordninga som permanent opplåning.

Noregs Bank utarbeidde difor meir restriktive reglar, som var gjeldande frå 1975, for likviditetslån. For å avgrense bruken av lån til forbruk, innførte Noregs Bank i februar 1978 krav til bruk av bankane sin automatiske tilgang på lån. Frå 1. januar 1979 vart restriksjonane utvida gjennom ordninga med B-lån. I tillegg brukte Noregs Bank innskot i private bankar for å dempe utslaga av likviditetspolitikken og yte eit tilskot til bankar som gav bustadlån på særskild gunstige vilkår. Låna har endra både namn og til dels innhald opp gjennom tida, slik at I-lån til dømes gjekk inn i A-lån som gjekk inn i D-lån som erstatta diskontolån.

I moderne tid er det innført ei rekkje ulike lån, *alfa-lån*:

- 1) A-lån: automatiske lån med endring for perioden 1979-1987.
- 2) B-lån: betinga lån for bankar som hadde brukt heile den automatiske låneordninga kunne fortsett få lån, men det var strenge vilkår for ein slik auke. 1979-1987.
- 3) D-lån: dagslån frå april 1986 til juni 1987 då ordninga vart splitta til D-lån og F-lån.
- 4) E-lån: ekstraordinære D-lån, frå 1. juli 1997.
- 5) F-lån: fastlån, der rente og beløp vert fastsett ved auksjon, starta juni 1987.
- 6) G-innskot: innskot for å hjelpe banksystemet ut av krisa, innvilga i 1991.
- 7) I-lån: ikkje-behovsprøvde lån, innført frå 1. april 1965-1979, og gjekk deretter inn som A- og B-lån.
- 8) S-lån: særlån som vert handsama i hovudstyret i kvart einskild tilfelle.

5.4.2.5 Lån til næringslivet

Då Noregs Bank vart oppretta var kredittvesenet svakt utbygd og banken fekk ei viktig rolle som kredittytar til næringslivet. Likevel har denne verksemda vore relativt avgrensa. I mellomkrigstida derimot var slike utlån viktige for næringsverksemd i tilknytning til fiske i område med dårleg utbygd bankvesen.

Pengerikdommen under krigen reduserte banken sine utlån direkte til næringslivet. Kredittilstramminga i 1955, dei såkalla *Februariltaka*, førte til auka pågang etter lån i Noregs Bank. I andre halvdel av 1950-åra vart det innleidd eit avgrensa samarbeid med dei private bankane om driftskredittar i Nord-Noreg.

I 1961 fann Noregs Bank det naudsynt å overta delar av finansieringa av dei små verfta på Vestlandet. Ved desse engasjementa braut banken prinsippet om å berre yte kortsiktige kredittar på under eit år. Samarbeidet med Distriktenes Utbyggingsfond, der distriktsavdelingane var sterkt inne, var også eit viktig bidrag.

Ein vesentleg del av utlåna frå Noregs Bank til næringslivet har vore gitt til industri- og handelsverksemd med direkte tilknytning til fiskerinæringa i Nord-Noreg. Låna vart som oftast

gjewe med garanti frå staten og går like tilbake til 1921. Eit karakteristisk trekk ved Noregs Bank sine utlån til næringslivet er at det stort sett har vore kredittar som dei private bankane ikkje har hatt ynskje om å gje. Banken forlangte at dokumentasjon på at låntakaren ikkje fekk tilstrekkeleg lån andre stader. Det var også eit vilkår at føremålet hadde samfunnsmessig prioritet, eller at verksemda var særskild viktig for vedkomande distrikt.

5.4.3 Rådgeving og informasjon

Noregs Bank har hatt og har ei viktig rolle som rådgevingar for dei politiske styresmaktene i penge- og kredittpolitikken. Leiar av direksjonen og nestformannen sat både i det kredittpolitiske samarbeidsorganet *Samarbeidsnemnda* i perioden 1951-1965. Det vart likevel poengtert at dei ikkje var talsmenn for direksjonen. Sentralbanksjef Erik Brofoss uttalte i 1960 at *Sentralbankens særstilling som offentligrettslig rettssubjekt ligger i at den skal ha krav på å bli rådspurt, ha rett til uavhengig å reise saker og stille forslag, ha adgang til å uttale kritikk over de politiske organers vedtak og disposisjoner, og at den skal kunne legge sine synspunkter og sine forslag fram offentlig, og å forfekte dem "up to the point of nagging"*.³⁵ Også sentralbankdirektør Knut Getz Wold fremja liknande tankar i ei førelesingsrekke på Norges Handelshøyskole i 1972.

Noregs Bank gjev også, sidan 1923, råd og innstilling om oppretting av nye bankar og bankfilialar. Banken har også hatt ei viktig rolle som rådgevingar for utforminga valutapolitikken, og då særleg for tida etter 1920. Under gull- og sølvstandarden var det metallet som regulerte denne politikken.

Gjennom årsmeldingane, *Penger og kreditt*, inflasjonsrapportane og andre publikasjonar frå Noregs Bank, har banken gitt oversikt over den økonomiske utviklinga Noreg og utlandet. Banken si eksterne informasjonsverksemd tek i første rekke utgangspunkt i banken si rolle som rådgevingar ved utforminga av penge-, kreditt- og valutapolitikken. Samstundes får Stortinget høve til å kontrollere om banken vert drive i samsvar med lovane og Stortinget sine avgjerder.

5.4.4 Valutapolitikken

Valutapolitikk kan definerast som tiltak og regulering som har til formål å påverke omfanget av, formene og vilkåra for og samansetninga av betalningar og kapitaloverføringar over landegrensene. Etter siste verdskrigen har Noregs Bank vore ein aktiv aktør også på den marknaden.

Slik har det likevel ikkje alltid vore. I lova av 8. august 1842 heitte det at Noregs Bank kunne ha 500 000 spesiedaler av fondet plassert i utlandet. Dette gjekk direksjonen imot då dei meinte at banken ikkje skulle drive valutatransaksjonar for å påverke børskursen. Også i 1880 forsvarte Noregs Bank seg mot dei som meinte at banken ikkje var tilstrekkeleg aktive i valutahandelen. Direksjonen viste også då til at banken ikkje kunne opptre som spekulant på valutamarknaden. Til tross for denne motstanden auka også Noregs Bank sin handel med valuta sterkt. I perioden 1842-1913 med ein fungerande metallstandard var valutakursane stabile. Likevel var det slik at verdien på sølv og gull avgjorde i realiteten verdien på pengane, og fylgjene var at det internasjonale prisnivået kunne svinge sterkt.

Etter 1. verdskrigen vart det på ein internasjonal økonomisk konferanse skapt forståing for og vedteke at forsøk på å avgrense endringar i valutaen ved kunstig kontroll av valutaomsetnaden var fånytt og skadeleg. Noregs Bank slutta seg til resolusjonen, og under den restriktive pengepolitikken utover 1920-talet fekk banken sterkare påverknad av den økonomiske politikken enn nokon gong tidlegare. Gullfesting av pengane vart eit mål for å sikre stabile valutakursar.

I etterkrigstida og fram til starten av 1970-åra gjekk utviklinga i retning av nærmare samarbeid mellom ulike land med høg grad av semje om dei økonomiske måla og trongen til

³⁵ Erik Brofoss artikkel i "Statsøkonomisk Tidsskrift" nr.1 1960

samordning gjennom dei internasjonale institusjonane som IMF, GATT, OECD, EF og EFTA. Desse avtalene avgrensa kvart einskild lands handels- og valutapolitikk. I 1949 vart det britiske pundet kraftig devaluert, og Noreg valte å følgje etter ved å skrive krona ned med i overkant av 30 prosent.

Noregs Bank hadde, og har, ei rekkje viktige oppgåver i utøvinga av valutapolitikken. Banken er forvaltar av dei offisielle valutaeservane, stod for kjøp og sal av valuta og sette vilkåra for dette. Vidare hadde banken viktige oppgåver når det galdt valutareguleringa, valutakontrollen, internasjonalt valutapolitisk samarbeid og ikkje minst å fungere som rådgjevar for dei politiske styresmaktene i valutaspørsmål. Regjeringa har etter råd frå Noregs Bank fastsett at det operative målet for penge- og valutapolitikken skal vere å sørgje for ein stabil valutakurs for å gjere det mogeleg å nå andre politiske mål. Banken si oppgåve er utføre den naudsynte valutapolitikken.

5.4.5 Andre oppgåver

Det vil føre for langt å gå inn på kvar av dei mange oppgåvene som Noregs Bank har hatt opp gjennom tida, og dei banken har i dag. Likevel kan det passe å kort nemne dei for på det viset å illustrere dei til dels samansette oppgåvene som er blitt gitt banken.

Noregs Bank hadde ulike forvaltningsoppgåver for Folketrygdfondet, stod for skattefrie fondsavsetningar, utførte sjekkavrekning, bankgiroavrekning og postgiro. Noregs Bank utførte også oppgåver for Statens Fiskarbank, medan tenester i samband med innskot var slått fast allereie i fundasajonen. Andre oppgåver er innkassoverksemd, avgrensa import- og eksport-rembursoppdrag for statlege institusjonar etter oppdrag frå sentralbankar i andre land og andre utanlandske bindeledd, samarbeid med Distriktenes Utbyggingsfond, administrasjon av skattefrie avsetningar til premiefond for arbeidsavgjevaravgift til folketrygda, også skattefrie fondsavsetningar til bruk for til dømes marknadstilpassing i utlandet og miljøverne vart plasserte i Noregs Bank.

Banken har også hatt oppgåver i samband med emisjon og amortisasjon av statslån med meir, og i 1928 tok Noregs Bank etter avtale med Finansdepartementet kontrollen med innfridde statslånekupongar.

Ordninga med deponering i gjeldshøve, der debitor i visse tilfelle kan fri seg frå sine plikter ved å deponere i Noregs Bank, er også ei av banken sine mange og viktige oppgåver. Paragraf 29 i lova frå 1816 seier også at *Banken skal modtage enhver Sum, som i dens egne Sedler eller anden rede Valuta, beregnet til norske Penge, til overleveres af Nogen, som forlanger i Banken Folium*. Hovudtyngda av konti er innskot frå det offentlege og frå kredittinstitusjonane.

Noregs Bank stiller også garantiar for einskilde norske statsbedrifter i samband med avslutning av eksportkontraktar. Tidlegare har banken stilt andre typar garanti, slik som for fiskarlån, trållerreiarar og garanti for utlevering av varer utan adkomstdokument overfor norske statsinstitusjonar og –bedrifter.

Kapittel 6

Glimt inn i Noregs Bank si historie

I Noregs Bank si snart 200 år lange historie er det ei rekkje hendingar som har vore med på å prege utviklinga av banken. Dette kapitlet gjer greie for eit utval av desse. Utvalet er naturleg nok selektivt, men det er freista få med dei viktigaste. Hovudtyngda er lagt på endringar og hendingar i sjølve banken, men også ein del internasjonale forhold er teke med fordi dei har vore med på å forme Noregs Bank si utvikling. Det ligg utanfor ramma av dette notatet å gjere greie for den generelle økonomiske historia, men i nokre tilfelle er det likevel gjort for å få fram konteksten.

1814

Grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll vedtok å opprette ein eigen bank for det frie Noreg. I grunnlova frå november 1814 heitte det i § 110: *Norge beholder sin egen Bank, og sit eget Penge- og Myntvesen, hvilke Indretninger ved Lov bestemmes.*

1816

Stortinget vedtok 15. februar i alt 30 prinsipp for oppretting av ein eigen norsk bank med rett til å gje ut setlar. Det vart ikkje mogeleg å opprette banken på frivillig basis. Difor vart fundasjonen for den tvungne banken sett i kraft. Lova vart vedteken 14. juni 1816. Hovudsetet vart lagt til Trondheim. Grunnfondet var på 2 millionar spd.

1817

Det første møtet i direksjonen vart halde 25. januar. Regjeringa vart bede om å tilvise lokale og stille til disposisjon eit forskot på i alt 5000 spd.

1818

Regjeringa tilviste Noregs Bank lokale i Stiftsgården fordi der var det brannsikker kjellar. Stortingsmann og professor Olafsen føreslo å flytte hovudsetet til Kristiania. Ved jamne mellomrom vart dette føreslått utover heile hundreåret. 28. september kunngjorde direksjonen at banken var klar til å starte med utlån og diskontering av vekslar og vekselobligasjonar. Minste sum var 100 spd. over høgst seks månader til 5 prosent rente. Banken var open kvar søgnedag mellom klokka 11 og 12. 15. desember vart gården til Hornemann kjøpt for 3500 spd., og banken vart flytta dit.

1819

Opphavleg skulle fjerdeparten av banken sine utlån gå til diskontering. Etter § 20 i lova skulle låna vere kortsiktige. Likevel gjekk så godt som alle midla til langsiktige lån mot pant i fast eigedom. Dette gav betre sikkerheit, men batt opp banken sine midlar.

Eit forsøk på å framstille falske 10 speciedalersetlar i England vart stoppa tidleg i produksjonsfasen.

1821

For å styrke Noregs Bank sin kreditt og heve den lave kursen på aksjane, vart det for første gang kunngjort at det ville bli utdelt 4 prosent utbytte på aksjane.

1822

Seteltrykkinga som hadde føregått på handpresse i banklokalet til avdelinga i Kristiania, vart flytta til Trondheim. Der vart det brukt ei hurtigpresse.

Stortinget vedtok 15. november å starte sølvinnveksling til kurs under den tidlegare vedtekne pariverdien. Det vart ein deflasjonsperiode like fram til 1842.

1825

Jens Amundsen Fenstad vart halshogd på Bergenshus Festning for fleire tilfelle av utferding av falske setlar.

1827

Bankkomiteen reiste kritikk mot at brorparten av Noregs Bank sine utlån vart gjeve mot pant i fast eigedom. Dette batt opp banken sine middel, og var til hinder for at til dømes handelshus fekk kortsiktig kreditt til finansiering av vareparti. I Trondheim vart det starta byggjearbeid for nytt hovudsete.

1830

Noregs Bank opplyste at tapa på utlån var små, og at ein del av desse kom truleg på grunn av underslag frå kasserar Mørch. Mørch vart arrestert og eigedomane hans vart teke i arrest.

1832

Avdelinga i Kristiansand sitt nybygg vart ferdig til innflytting.

1835

Nyttårsnatta braut Ole Høiland seg inn i bankavdelinga i Kristiania. Han fekk med seg 64 100 spd. Høiland vart seinare arrestert og dømt til fengsel, men han greidde å rømme, og var fri mann i tre år til 1842 då han på ny vart arrestert. Då vart han dømd til slaveri på livstid. Etter eit nytt forsøk på å rømme i 1848, tok han livet sitt.

Noregs Bank vedtok å opprette ein avdeling i Skien.

1837

Nok ein avdeling vart oppretta, denne gangen i Drammen.

1839

Etter ei rekkje dømme på forsøk på setelfalsk og for å kunne følgje *Kunstens Fremadskriden*, vart det gått over til ein annan type setlar. Flintoe laga utkasta til setlane som var utan trykk på baksida.

1842

Sølvveksling av setlane vart vedteke og skulle skje etter pari kurs, også ved avdelingane i Kristiania, Bergen og Kristiansand. Noregs Bank fekk løyve til å ha 500 000 spd. av sølvfondet ståande i utlandet for med det å kunne drive med vekselforretningar og påverke kursane. Eit lovvedtak utvida også banken sin rett til å utgje setlar.

1845

Nok ein gang vart det oppdaga fleire tilfelle av setelfalsk, mellom anna setlar laga i Amerika av utvandra nordmenn. Dei som frakta setlane heim vart arrestert i Drammen. To nordmenn i London, Knud Bull (bror til felespillaren) og Peter Smith, ettergjorde i fabrikkmessig målestokk 100 speciedalersetlar. Dei vart arresterte i England og dømde til 14 års deportasjon.³⁶

³⁶ Ragnar Kvam har skrive om livet til Knud Bull, Oslo 1999

1847

Den 20. juli vart det avgjort at sølvvekslinga ved avdelingane i Kristiania og Bergen måtte opphøyre. Utlånsverksemda vart ytterlegare innskrenka. Dei økonomiske vanskane førte til pengekrise og mangel på valuta.³⁷

1851

Hypotekbanken vart oppretta. Dette avlasta Noregs Bank slik at banken kunne gå meir over til den diskonteringsverksemda som han frå først av var tiltenkt.

Stortinget vedtok ei lov om oppretting av bankkontor i Stavanger og Tromsø. Publikum var utålmodige over at Noregs Bank viste seg så lite villege til å opprette desse kontora trass i at saka hadde støtte både på Stortinget, i regjeringa og i den alminnelege opinionen.

1852

Det vart oppretta bankkontor i Stavanger og i Tromsø.

1854

To år etter siste utviding av avdelingsnettet, vart det oppretta avdeling også i Fredrikshald, Halden.

1856

Noregs Bank sine månadsvisе oversikter over rekneskapen vart frå då av offentleggjort i pressa.

1857

Noregs Bank sin rett til å utgje setlar vart utvida. Proporsjonssystemet vart innført i reindyrka form. Den utvida retten til å utgje setlar auka også banken si evne til å operere i marknaden og gjorde setelsystemet meir smidig.

1858

Krim-krigen, 1853-1856, førte til jobbetid i delar av landet, og til tilsvarande kraftig smell då krigen tok slutt. Då krigen braut ut og prisane på korn auka kraftig, vart det på Vestlandet spekulert i ytterlegare oppgang, og det vart gjort store innkjøp. Etter freden i 1856 sank prisane. Bergen avdeling hadde vore for villege til å yte kreditt til kornkjøp, og i åra 1858 og 1859 vart det ført store tap.

1860

Odelstinget stemte ned eit forslag om å flytte hovudsetet. Postsambandet var blitt betre, telegrafene sette Trondheim i kontakt med utlandet og ein gang for veka gjekk det dampbåt til det viktige finanssentrum Hamburg. Distriktet rundt Mjøsa og opplanda fekk også bankkontor ved at det vart oppretta avdeling på Lillehammer.

1863

Ein komite oppnemnd av representantskapet rapporterte i mars at det var oppstått store tap ved avdelinga i Bergen. Soliditeten til fleire kundar var kraftig overvurdert. I 1850-1870- åra var kredittforholda i Noreg vanskelege.

³⁷sjå også Sejersted Francis, *Norges Bank og høykonjunktoren i 1840-årene*, Oslo 1968

1864

Spørsmålet om å innføre telegrafiske overføringar av pengar vart teke opp, men representantskapet delte seg i fem røyster for og fem imot, og etter loddtrekning fall forslaget.

1865

Papirfabrikken Saunders i London tilbød seg å overta seteltrykkinga. Prøvane var gode, tilbudet vart godkjent og delar av setelfabrikasjonen flytta til London.

1866

Forsida av den fleirfarga seteltypen med kopartrykk 1866-1876 vart trykt i England, medan baksida vart ferdiggjort i Noregs Bank sitt trykkeri i Trondheim.

1874

Frå 1. januar vart gull grunnlaget for pengevesenet og setelmengda. Speciedaleren vart delt inni fire kroner i staden for fem rigsorter. Målet var å sikre ein meir stabil pengeverdi og å etablere eit internasjonalt system med faste valutakursar mot gull.

1875

Dette året vart det innført ein sams myntunion for Skandinavia. Dei skandinaviske landa gjekk inn for at grunnlaget for myntsystemet skulle vere gull og at pengeeininga skulle vere kroner. Myntunionen innførte også desimalsystemet ved at krona som vart delt inn i hundre øre. Etter bortfallet av gullinnløyisinga i 1914 har ikkje myntunionen hatt noko praktisk rolle, og han vart formelt oppsagt så seint som i 1972.

8. februar vart Noregs Bank avdeling Bodø oppretta.

1877

I samband med utarbeiding av ny lov for Noregs Bank, kommenterte Finansdepartementet at avdelingane gjekk ut over grensene for utlånsverksemda. Den øvste leiinga i banken blanda seg likevel ikkje inn i avdelingane sine disposisjonar.

1878

Det vart avgjort at utgiftene ved bankkontora til løn, lokale og diverse materiale skulle dekkjast av hovudsetet ved Noregs Bank. Ved alle bankkontora vart det tilsett kasserar og bokhaldar for å avlasta styret. Ved avdelingane i Tromsø og på Lillehammer vart stillingane slått saman. Kostnadene skulle haldast på eit minimum.

1879

Ein komite oppnemnd av representantskapet kritiserte Drammen avdeling for uforsiktig og tapsbringande utlånsverksemd.

1880

Finansdepartementet tok opp spørsmålet om å fastsetje ein diskonto som var gjeldande for heile landet. Direksjonen kunne ikkje slutte seg til dette. Praksisen med at kvar einskild avdeling avgjorde diskontoen for sitt område heldt difor fram.

Same året vart det oppretta ein avdeling i Kristiansund.

1881

Representantskapet sendte ein komite til Tromsø avdeling. Avdelinga sine disposisjonar vart skarpt kritisert for lettsindig utlånsverksemd og slett forretningsform som i sin tur førte til store tap.

Same året vart det oppretta ein avdeling på Hamar.

1882

Aksjonærene kravde å få råderett i styret av Noregs Bank. Kongeleg proposisjon vart sett fram, men forslaget vart ikkje teke opp. Kristiansand avdeling bad om å få leggje inn telefon. Direksjonen av slo dette, og grunn gav avslaget med at telefon ville vere meir til byrde enn til gang for arbeidet.

1883

Nasjonalbankane i Noreg, Sverige og Danmark opna konto hjå kvarandre.

1885

25. mars vart enkefru Amalie Erichsen, som første kvinne i Noregs Bank, tilsett som assistent i bokhalderiet ved Skien avdeling. Hausten 1889 vart ho overflytta til avdelinga i Kristiania.

1886

På grunn av auka saksmengde gjekk direksjonen over til daglege møte.

1888

Det vart innført overføring av pengar ved hjelp av telegraf.

1889

Det hadde vore krisetilstandar med konkursar i Stavanger, og avdelinga der vart påført store tap. Frå dette året vart alle boktrykk utført i banken sitt eige trykkeri på hurtigpresser.

1891

Papiret til setlane vart framstilt ved Sverige Riksbanks papirfabrikk. Trykkinga med automatisk presse for kopartrykk, vart overteke frå England og utført av seteltrykkeriet.

Bodø avdeling ynskte å ha telefon. Til det svarte direksjonen at det ikkje var heldig å innføre telefon i banken sitt forretningslokale: *Man har den heller ikke ved hovedsetet. Men når avdelingen finner det ønskelig å sette banken i forbindelse med telefonledningen, vil direksjonen ikke motsette seg det.*

1892

Ny lov om Noregs Bank vart vedteke. Lova greip inn i alle banken sine arbeidsområde, slik som setelutføringa, introduserte foliokonti, la hovudvekta, til fortrenging av avdragslån, på kortsiktige forretningspapir, representantskapet fekk landsrepresentasjon, direksjonen skulle ha fast tilsett formann, regulerte aksjeutbytet og innførte sams diskonto for alle avdelingane. Banken fekk fleire verkemiddel til å utøve pengepolitikken samstundes som han fekk ei friare stilling og vart meir tidsmessig. Karl G. Bomhoff vart den første faste direktøren for Noregs Bank.

1893

Staten sine kasseforretningar vart overført til Noregs Bank.

1894

Avdelingane i Trondheim og Halden vart påført store tap på grunn av falske vekslar. Banken fekk sitt eige galvanoplastiske verkstad, slik at alle trykkplater kunne framstillast for både bok- og kopartrykk.

1896

Etter fleire års kamp vart det 27. juli vedteke at Noregs Bank sitt hovudsete skulle flyttast frå Trondheim til Kristiania. Setelfabrikasjonen vart verande i Trondheim like fram 1906. På det siste møtet for direksjonen i Trondheim vart det ført i protokollen: *Hermed er en 78-årig virksomhet for Norges Bank i Trondheim avsluttet. Statsmaktene har villet flytting av hovedsætet til Kristiania. Måtte banken også med sitt hovedsæte på nytt sted fremdeles virke til landets gagn.*

1898

Kristiania Bankavregningskontor vart starta av bankar og bankierfirma for å lette bruken av sjekkar. Direktør Bomhoff vart formann i styret.

1899

Fram til sommaren 1899 vart bustadprisane, hovudsakleg i Kristiania, drive opp gjennom byggjespekulasjonar samstundes som aksjespekulasjonar også var med på å undergrave fleire bankar. Då korthuset fall saman, greip Noregs Bank inn for å berge folks tillit til banksystemet. Gjennom kriseåra 1899-1901 utforma Bomhoff og resten av leiinga i Noregs Bank si rolle som bankane sin bank.

1900

9. juni vart den første sparebankinspektør utnemnd ved Kronprinsregentens Resolusjon. Dette må oppfattast som startdato for det første organiserte tilsynet med bankar i Noreg. Seinare har inspeksjonen utvikla seg gjennom administrative endringar og utvida ansvarsområde til det Kredittilsynet vi kjenner i dag.

1902

Dette året vart det oppretta avdelingar i Gjøvik, Larvik, Vardø og Ålesund. Representantskapet fekk høve til å mellombels suspendere styrarar ved avdelingane. Det vart også teke opp samband med Finlands Bank.

1905

Unionsoppløysinga med Sverige skapte berre små problem for Noregs Bank. Byråsjef August Teilman Wilhelmsen vart den første fast tilsette nestformannen i direksjonen.

1906

Seteltrykkeriet vart flytta frå Trondheim til Kristiania. Det nye bygget for hovudsetet vart teke i bruk. Bygningen var teikna av arkitekt Hjort.

1907

Dette året gjekk Noregs Bank over til å bruke norsk papir i framstillinga av setlar. Det var Alvøen Papirfabrik tok over leveringa av papir til banken.

1909

Det vart oppretta avdelingar i Fredrikstad, Hammerfest og Haugesund.

1913

Avdelinga i Arendal var den siste som vart oppretta.

1914-1918

Første verdskrigen råka som venteleg den norske økonomien og dermed også Noregs Bank. Folk stod i lange køar utanfor banken sine lokaler for å veksle til seg gull. 18. august 1914 vart

Noregs Bank si plikt til å løyse inn setlane mot gull suspendert, og frå 5. august hadde denne plikta vore mellombels oppheva. Utlåna auka sterkt under heile krigen.

I 1916 vart det markert på ein enkel måte at banken var 100 år. Noregs Bank åtvara sterkt mot aksjejobbing, som gav seg ville utslag med kjøp og sal overalt, natt og dag, av aksjar og teikningsrettar. Same året, 8. mars, vart det igjen høve til å veksle setlar mot gull. Provisianteringsdirektøren hadde lenge hatt stor kassekreditt i Noregs Bank til innkjøp av varer. Noregs Bank klaga i 1918 på overtrasseringa, og viste til at ordninga førte til inflasjon.

Frå 1916 fekk fast tilsette funksjonærar dekkja sjuketrygdpremie.³⁸

1919

Vardø avdeling, og seinare dei andre avdelingane i Nord-Noreg, fekk forbod mot å kjøpe rubel, som etter den russiske revolusjonen i 1917 vart eit utprega objekt for spekulasjon.

1920

Professor Nicolai Rygg vart valt til sjefdirektør. Han hadde eit erklært mål å føre krona opp i pari kurs. I ettertid er det kan hende dette han er mest kjent for, men han bør også verte hugsa for sitt sosiale engasjement og si dyktige leiing av banken gjennom særns vanskelege år. Ein kongeleg resolusjon frå 19. mars fritok Noregs Bank frå å veksle inn setlar mot gull. Denne resolusjonen var gjeldande like fram til krona vart ført opp i pari kurs åtte år seinare.

Paripolitikken gjorde det tungt for alle om hadde gjeld, og det vart gjennomført ei rekkje tvangsauksjonar særleg i landbruket. Bønder som hadde sete seg i gjeld grunna nyrydding med meir, sleit hardt med å betale tilbake lån som var tekne opp under inflasjonstida. Ein gardbrukar som i 1921 kunne betale rentene på gardskjøpet ved å selje seks slaktegrisar og to oksar, måtte i 1929 selje tjue grisar og seks oksar for å betale dei same rentene.

Rygg meinte likevel at det var Noregs Bank si juridiske plikt å løyse inn pengane i gull slik lova sa. Noregs Bank måtte utføre sitt virke ved lova, og ikkje ved hjelp av ho. Auka tillit til den norske krona gjorde at verdien steig raskt frå 55 prosent i februar 1925 til 95 prosent mot slutten av 1926. Året 1928 vart gullvekslinga innført igjen.

1921

Bankkrisa i 1920-åra var kraftig og sette heile kredittvesenet på prøve. Noregs Bank måtte ta seg av støtteaksjonar til i alt 47 forretningsbankar, der heile 45 gjekk til konkurs, likvidasjon, offentleg administrasjon eller var overteken av ein annan bank. Berre 20 av dei vart rekonstruert. Ordninga med statsgaranterte fiskarlån vart innført.

Dette året fekk banken fast lækjar som førte tilsyn med dei tilsette si helse.

1922

Den sjuande utgåva av reglementet for Noregs Bank trådte i kraft frå 1. juli. Samstundes erklærte Noregs Bank at dei private bankane hadde handla mot gode bankpolitiske reglar ved å ikkje i tilstrekkeleg grad spreie risikoen og ved grove feil i disponeringa av midla. I ein annan rapport frå direksjonen til representantskapet vart avdelingane i Vardø, Hammerfest og Skien kritisert for sine disposisjonar, og særleg for utlåna til spekulasjon, som førte til tap.

1923

Frøken Riiber vart tilsett som den første arkivaren i permanent stilling. Ho bidrog til å samordne dei ulike arkiva i banken og utarbeidde ein alfanumerisk arkivnøkkel for saksarkivet.

1924

Noregs Bank oppretta eit bustadfond for å hjelpe funksjonærane til å skaffe seg betre bustader.

³⁸ sjå Elise Redse "Før pensjonsordningen kom" i *Vår Bank*-1967/4

Lovar for aksje- og sparebankane vart vedteke for å sikre ei fastare regulering med det private bankvesenet.

For å motverke at det vart smugla norsk skiljemynt til Sverige på grunn av differansen i kursen, vart det vedteke at kvart av dei skandinaviske landa fekk høve til å prege mynt som berre var gyldige i vedkomande land.

Statistikar Alf Eriksen vart tilsett. Eriksen leia Statistisk avdeling og var direktør Rygg si høgre hand i utforminga av banken sine grunnprinsipp og strategi.

1925

Noregs Bank opna konto i Bank of England. Dette var første steget mot at Noregs Bank etter kvart kom meir med i internasjonalt sentralbanksamarbeid.

1926

Noregs Bank opna deretter konto i Federal Reserve Bank. Same året vart det oppretta ein valutakommisjon med Gunnar Jahn som leiar. Jahn var då direktør i Statistisk Sentralbyrå, og seinare sjefdirektør for Noregs Bank. Valutakommisjonen føreslo å stabilisere kronkursen på det dåverande nivået. Rundt om i landet var det sterk uro på grunn av kronestigninga, og det strøymde inn protestar frå kommunestyre og masse møter. Også ei rekkje økonomar frå universitetet gjekk inn for stabilisering.

Noregs Bank tilsette ikkje gifte kvinner. Denne regelen galdt fram til 1937.

1927

A/S Securitas vart danna for gå inn med støttekjøp av aksjar i bankar der kursen fall på grunn av den økonomiske uroa. Noregs Bank ytte mot garantiar store kredittar til den naudsynte finansieringa.

1928

12. april vedtok direksjonen å føreslå at krona nok ein gang vart gullfesta. Arbeidarpartiet og Bondepartiet gjekk imot forslaget, med det vart likevel vedteke 1. mai. Krona vart gullfesta ved kongeleg resolusjon av 19. mars. Samstundes vart forbodet mot eksport av gull oppheva for dei landa som sjølve hadde fri gullinnløysing.

Hornsrud frå Arbeidarpartiet fekk nokre månader tidlegare i oppdrag å danne regjering. Regjeringa sat berre kort tid, 28. januar til 10. februar.

1929

Det vart oppdaga at kasserarane ved Fredrikstad og Gjøvik avdeling hadde gjort underslag på heile 545 000 og 125 000 kroner. Dette førte mellom anna til at to av bestyrarane i Fredrikstad måtte gå av.

1931

Storbritannia oppheva gullinnløysingsplikta og det førte til kaos i det internasjonale kredittsystemet. 29. oktober vedtok også Noregs Bank å oppheve gullinnløysinga.

Det vart opna for at representantskapet i samråd med direksjonen kunne tilsetje fast administrerande direktør som medlem av styret ved avdelingane. Dette hadde direksjonen sidan 1880- åra arbeidd for.

Noregs Bank kjøpte aksjar og vart medlem i *Bank for International Settlements*, BIS, med kontor i Basel.

1932

12. september vart kontorsjef Eduard Dahl Ingebrigtsen ved Ålesund avdeling den første fast tilsette administrerande direktøren ved ein avdeling.

1933

I juni vart det vedteke ein fast kurs mot britiske pund på 19,90 kroner.

1934

Clearingnemnda vart oppretta med Gunnar Jahn som formann. Nemnda var rådgjevar for Finansdepartementet og Noregs Bank etter at det vart inngått clearingavtalar med Tyskland, Italia, Hellas og Tyrkia. I Noregs Bank vart det oppretta eit eige kontor for clearing, eller varebyte.³⁹

Ei ordning med statskassevekslar vart innført. Utlevering og innfriing skjedde i Noregs Bank, men ordninga vart ikkje nokon suksess.

1935

Noregs Bank konfererte med kommanderande general Laake om å byggje eit trygt deponi utanfor banken, og fekk disponere plass i eit fort der det vart bygd eit panserkvelv. Dette kunne nyttast som evakueringsdepot i tilfelle det vart krig.

1936

Ektepar fekk ikkje arbeide i banken. Denne regelen var gjeldande like fram til 1949.

1937

Ved hovudsetet vart det innreidd eit nytt og moderne panserkvelv. Ved avdelinga på Lillehammer vart det samstundes innreidd eit ekstrakvelv som ein lekk i beredskapstiltaka. Rygg var også framsynt nok til at han gav ordre om å flytte delar av gullreservene ut av landet. Flyttinga til Amerika vart etter kvart forsert, slik at det i Noreg var berre att den mengda gull som lova kravde.

Funksjonærforeningen ved Noregs Bank i Oslo vart stifta 1. juni.

1938

Setelomløpet auka kraftig til 441 millionar kroner, og krisa i Tsjekkoslovakia førte til omfattande hamstring av setlar. Tyskland og Adolf Hitler si aggressive haldning skapte uro på valuta- og pengemarknaden, og det førte mellom anna til rykte om devaluering i Noreg. For Noregs Bank sitt vedkomande vart det gjort førebuande arbeid for evakuering av avdelingane sine verdier i tilfelle av krig. Som bankane sin bank, innkalla Noregs Bank dei private bankane til møte for utarbeide vern mot angrep.

1939

Uroa nedover i Europa førte til at Rygg beordra nye tiltak for å tryggje verdiane i banken. I løpet av hausten vart difor alt gullet voge, merka og pakka med tanke på evakuering. Til saman utgjorde det 1426 kassar og 39 kagger. Myntane vart ordna og lagt i 818 kassar. Samla verdi var på omlag 240 millionar kroner.

29. august vart krona knytt til dollar til ein verdi av 4,40 kroner. På dette tidspunktet var amerikanske dollar knytt til gull, og i praksis gjekk Noreg difor over til gullvalutastandard nok ein gang.

Kvinnene i banken fekk innvilga svangerskapspermisjon.

1940

Fram til krigsutbrotet auka setelomløpet kraftig, og passerte 600 millionar kroner i mars 1940.

8. april: Konferansen til finansminister Oscar Thorp og direktør Rygg om staten si finansielle stilling vart avbrote av meldingar om at dei allierte hadde lagt ut miner ved

³⁹sjå også omtalen av arkivet for clearing og valuta

norskekysten. Direksjonen avgjorde i samarbeid med general Laake at resten av gullet skulle sendast til Lillehammer.

9. april: Tyske krigsskip kom inn Oslofjorden, og det var venta at byen ville bli bomba. På natta gav Rygg ordre til at gullet skulle evakuerast.⁴⁰ 26 bilar drog av garde med den verdifulle lasta. Den første bilen nådde Lillehammer klokka 13, den siste klokka 22. Sambandet med dei fleste avdelingane vart brote.

10. april: Tyske representantar oppsøkte Noregs Bank for få greie på kvar gullet var og for å få oversikt over verdiar som Noregs hadde tilgode i utlandet. Det vart eit nytt møte fem dagar seinare, og den 25. vart Lillehammer avdeling vitja, men då var gullet sendt vidare nordover.

Natta mellom 18. og 19. april vart gullet sendt frå Lillehammer til Åndalsnes med sju jarnbanevogner. Åndalsnes vart kraftig bomba, og gullet sendt tilbake til Romsdalshorn stasjon. Seinare vart ei vogn last med 200 kasser teke ombord i den engelske kryssaren *Galatea* som gjekk direkte til England. 23 lastebilar frakta resten til Molde. Også Molde vart bomba, så kryssaren *Glasgow* tok imot ein del av gullet, men måtte segle ut på grunn av flyangrep. Ein del gull vart sendt nordover med fylkesbåten *Driva*, som også vart angripen av fly. Resten av gullet vart frakta med åtte lastebilar til Gjemnes. Der vart det, saman med gullet frå *Driva*, lasta over i fiskebåtar og transportert til Tromsø. Frå Tromsø skipa kryssaren *Enterprise* 11. mai gullet over til England. Frå London vart gullet sendt til USA med ulike båtar utover sommaren. Med dette vart Noregs Bank sin direksjon i London tilført verdiar for 572 millionar kroner.

I Noreg sette tyskarane fram stadig aukande krav på kontantar for å dekkje utgiftene som okkupasjonen gav. 22. april: Regjeringa provisorisk forordning om pengestellet. Det vart avgjort at hovudsetet for Noregs Bank skulle vere utanfor Oslo der Kongen bestemte, først til Molde, så til Tromsø og til sist i London. Direksjonen i Noreg vart friteken for sine verv, og ein ny direksjon vart oppnemnd under leiing av Arnold Ræstad. Direksjonen Ræstad reiste frå landet den 7. juni saman med regjeringa og Kongen med kryssaren *Devonshire*. Administrasjonsrådet gav den gamle direksjonen i oppgåve å fortsett leie verksemda i dei okkuperte områda. Rygg og medarbeidarane fekk ikkje nærmare reglar for drifta av banken under dei vanskelege forholda.

Reichskommisar Joseph Terboven avgjorde at forhandlingar med Noregs Bank skulle førast med Reichsbankdirektør Rudolf Sattler som representerte den tyske riksbanken. Tyskarane sette i starten såkalla Reichskreditkassenscheine i omløp for å dekkje utgiftene. Seinare måtte Noregs Bank stille pengar til rådvelde for okkupasjonsmakta. I avsperra distrikt vart det laga naudpengar, og for å hjelpe på mangelen på skiljemynt vart det trykt setlar på 1- og 2- kroner.

Kristiansund avdeling vart 29. april øydelagt av brann. Det same hendte Bodø avdeling under bombinga av byen 20. og 27. mai.

17. august vart alle formalia med dei engelske styresmaktene ordna, og Noregs Bank vart, som den første setelbank frå okkupert område, etablert på engelsk jord. I Oslo vart leiaren i Administrasjonsrådet, Gunnar Jahn, oppnemnd som ekstraordinært medlem av direksjonen.

1941

Gjennom Noregs Bank utarbeidde Finansdepartementet statskassevekslar for å trekkje inn ledig kjøpekraft. Omfanget av dette auka. Samstundes var utlånsverksemda på eit lavmål. Departementet fastsette at det skulle prentast myntar av jarn og sink.

Direksjonen i London tok opp spørsmål om trykking av setlar for bruk ved gjenerobringa av Noreg. I løpet av krigsåra vart det kjøpt inn maskinar med meir til trykking av krigssetlar. Også Noregs Bank i Oslo laga omvekslingssetlar som skulle nyttast etter krigen.

⁴⁰ gulltransporten er levande skildra av Asbjørn Øksendal, *Gulltransporten*, Oslo 1974

Til Noregs Bank sitt 125- års jubileum forfatta Alf Eriksen ein lengre artikkel, ”Omkring Norges Bank” særtrykk i *Statsøkonomisk Tidsskrift*, som skisserte banken si historie.

1942

Vardø avdeling flytta verksemda si til Vestre Jakobselv.

Etter at Nasjonal Samling tok over makta i landet, vart det 1. februar forsøkt danna ei riksnæringsbankgruppe under leiing av Finansdepartementet. Bankforeiningane skulle vere medlem av gruppa som var tiltenkt uttalerett i alle viktige banksaker. Dette var eit trugsmål mot Noregs Bank, og leiinga der gav klår melding om at dersom direksjonen i Oslo fekk redusert mynde, ville han gå av.

Fritz Jensen, som var ordførar for NS i Oslo, tok Alfred Madsen sin plass i direksjonen etter at Madsen vart arrestert. Etter kvart sette NS mykje inn på å få sine medlem inn i direksjonen, representantskapet og styret av avdelingane. For ein stor greidde Noregs Bank å forhindre dette.⁴¹

Direksjonen i London fann det naudsynt, etter NS si makt i Noreg, å poengtere at: *Norges lovlige sentralbank er Norges Bank i London. Som en konsekvens av den tyske besettelse av Norges utøver dog Norges Bank bare en del av de funksjoner som er tillagt den i henhold til lov om Norges Bank av 1892. Norges Bank i Oslo er fra synspunkt norsk lov en de facto institusjon, altså ikke en rettslig institusjon, som arbeider under den okkuperende makts ansvar – og Norges Bank i London overtar intet ansvar for noen av de handlinger eller forpliktelser som hitrører Norges Bank i Oslo.* Rygg på si side fann denne påminninga upassande, og på eit møte med representantskapet i november uttalte han: *Som man ser derav, så underkjenner man det besatte Noregs krav på å få drive sin virksomhet og krav på å opprettholde de institusjoner som er nødvendige for landet. Og det er helt upåkrevd å gjenta det – de har jo gjort oppmerksom på det allerede da banken ble opprettet – fordi Norges Bank ikke noensinde har gjort det ringeste forsøk på å trenge ut over vårt område, som er å beskytte det besatte Norges, vårt folks interesser.* Denne kjølige stemninga mellom Oslo og London kom også klart fram då Rygg ikkje ynskte å helse på direksjonen frå London kort tid etter freden i 1945.

Direksjonen i London tilsette Halvard Hillestad som Noregs Bank sin representant for det nyoppretta kontoret i New York.

1944

I samband med tyskarane si tilbaketrekking vart evakueringa av Finmark og Nord-Troms sett i verk. Hovudsetet mista samband med Vardø avdeling i Vestre Jakobselv. Hammerfest avdeling vart flytta til Trondheim. Den austlege delen av Finmark vart først frigjort, og direktør Jens Nørve frå direksjonen i London vart sendt over den 10. desember for å setje seg inn i forholda.

Setelomløpet i Noreg auka kraftig. Under krigsåra fekk ikkje banken høve til å offentleggjere rekneskapen, men etter forhandlingar vart det sendt ut ei orientering til bankane og andre om den lite oppmuntrande stoda. Direksjonen Ræstad heldt ein kurs for london-krona i forhold til pund lik 17,70.

Ved forhandlingane i Bretton Woods la 44 land planar for korleis økonomien og den internasjonale handelen kunne byggjast opp att etter krigen. Det viktigaste resultatet var opprettinga av Det intenasjonale valutafondet, IMF.

1945

Hitler tok sitt liv 5. mai, og det tyske samanbrotet stod for døra. Direksjonen avgjorde å avvise fleire tyske krav på pengar. 11. mai vart det sendt ut instruksjonar om å reinske Noregs Bank

⁴¹ sjå vedlegg over medlem i Noregs Bank sine organ

sine ulike organ for medlem i NS. 13. juli gjekk direksjonen i London av, og hovudsetet vart nok ein gang lagt til Oslo. Direktør Nicolai Rygg vart på ny oppnemnd som leiar av direksjonen, og Einar Gram Borch som leiar av representantskapet.

Saneringa av pengevesenet kravde omfattande innsats frå alle i Noregs Bank og dei private bankane. Etter eit omfattande og hemmeleg forarbeid under dei siste åra av krigen, var grunnlaget lagt for lov av 5. september 1945 om visse finansielle tiltak. Til lova vart det knytt ein kongeleg resolusjon om innløyning av Noregs Bank sine setlar, registrering av bankinnskot, verdipapir med meir.

Ved setelombyttet kunne ein utan vidare formalitetar løyse inn 100 kroner i nye setlar mot klipp av merker frå rasjoneringskort for matvarer. Av beløp som ikkje vart innløynt mot merker, vart 60 prosent innløynt i nye setlar, medan resten vart bunde i riksinnskot. Under eit visst beløp, 800 kroner for folio-, anfordrings- og tidsinnskot, var alle bankinnskot registreringspliktige. 40 prosent vart ført over til riksinnskot. Det vart også registrert verdipapir. Etter kvart vart riksinnskota frigitt.

I alt vart det innløynt gamle setlar for omlag 1280 millionar kroner, medan det vart bunde opp vel 350 millionar kroner som riksinnskot. Det vart registrert bankinnskot for omlag 6700 millionar kroner, og omlag 800 millionar av dette vart bunde opp som riksinnskot. Riksinnskot av setlar og innskot vart etter ei tid trekt bort frå bankane og overført til Noregs Bank som ein lekk i tilstramminga av likviditeten.

Saneringsoperasjonen stilte store krav til forarbeid, teknisk opplegg og gjennomføring. Særleg i den sterkt krigsherja delen av Nord-Noreg og i dei distrikt av landet der kommunikasjonen var vanskeleg, baud det på problem å gjennomføre innløyninga på ein sikker måte. Noregs Bank oppretta ein eigen avdeling for dette arbeidet, som til dels føregjekk i samarbeid med det særskilde Registreringsdirektoratet.

19. desember vedtok Stortinget at Noreg skulle bli medlem i Det internasjonale valutafondet, IMF. Pundkursen svarte til 20,00 kroner og dollar til 4,03 kroner.

1946

Noregs Bank senka diskontorenta til 2,5 prosent, og innførte med det ein lang periode med låg rente i landet. Ei låg rente var ein av forutsetningane for den økonomiske stabiliseringslina. 6. januar takka direktør Rygg for seg. Då hadde han fungert som leiar av direksjonen i heile 25 år. Direktør i Statistisk Sentralbyrå, Gunnar Jahn, tok over.

Avdelingane i Vardø og Hammerfest flytta inn i provisoriske nybygg.

1947

Norges Banks Funksjonærforbund vart stifta. Talet på funksjonærar var då 804. Det første nummeret av *Vår Bank* vart utgjeve. Redaktør var Carl Marstrander. Funksjonærane ved Bergen avdeling kjøpte hytte på Kvamskogen.

Marshall-hjelpa vart innført for å betre den økonomiske stoda i Europa etter den særskilde øydeleggjande krigen. Samstundes vart *Komiteen for europeisk økonomisk samarbeid* (CEEC) oppretta.

1948

Utveksling av stipendiatar frå dei nordiske nasjonalbankane kom i stand. Dette året vart det oppretta eit innstillingsråd i Noregs Bank. Banken tok også i bruk hullkortanlegg til bokføring og rekneskapsarbeid.

Det første idrettsstemnet mellom funksjonærar i dei nordiske nasjonalbankane vart arrangert i København.

Til avløyning av CEEC vart OEEC, *Organisasjonen for europeisk økonomisk samarbeid*, oppretta.

1949

Den 4. setelutgåva vart sett i omløp.

Staten innløyste aksjane i Noregs Bank til kurs på 180. Dette var eit steg bort frå tanken om at privat kapital bidrog til å sikre banken mot politisk påverknad. Også i Frankrike og i England tok staten i åra etter krigen over aksjekapitalen i sentralbanken.

18. september vart krona devaluert med heile 30,5 prosent i høve til dollar. Dette var eit svar på at britane skreiv ned pundet tilsvarande i forhold til amerikansk dollar.

Ein rasjonaliseringseksper, Jens Schultz, fekk i oppdrag å gjennomgå organiseringa av banken med tanke på effektivisering.

Bygge- og Boliglaget for funksjonærar i Noregs Bank vart stifta, og eit areal på Grav i Bærum vart kjøpt med tanke på å byggje småhus.

1950

Det vart tilsett ein fast personallækjar med belastningsskader som speciale. Det vart også knytt fysioterapeut til kontoret.

1951

Etter forslag frå Noregs Bank oppretta Finansdepartementet det kredittpolitiske samarbeidsorganet *Samarbeidsnemnda* med representantar frå kredittinstitusjonane, Noregs Bank og statsstyresmaktene. Møtene vart halde i Noregs Bank og med direksjonsformannen som leiar. Samarbeidsnemnda fekk ei viktig rolle i utforminga av penge- og kredittpolitikken for perioden 1950-1965. Etter at penge- og kredittlova vart vedteke i 1965, vart Samarbeidsnemnda oppløyst.

Kunstforeininga i Noregs Bank vart oppretta.

1952

Funksjonærbiblioteket vart oppretta. Norges Banks Bygge- og Boliglag sette i gang eit prosjekt med bygging av tomannsbustader på Grav. Kristiansund N avdeling sitt nybygg vart offisielt opna.

Lov av 28. juni avgjorde at aksje- og sparebankar skulle ha ståande ein innskottsreserve på folio i Noregs Bank.

Utbyggingsfondet for Nord-Norge vart oppretta.

1953

Penge- og Bankkomiteen av 1950, under leiing av Anders Frihagen, leverte si innstilling til ny lov om Noregs Bank og pengevesenet. Innstillinga førte ikkje fram til ny lov. Lova av 17. juli gav tilgang til å regulere renta til bankane.

Marshall- hjelpa vart avslutta. Samla sum av lån og gåver kom på i alt 459 millionar dollar. Ein vesentleg del vart kreditert ein særkonto i Noregs Bank med i alt 2460 millionar kroner, og av det vart 1931 millionar kroner rekna av på okkupasjonskontoen. Under krigen heva okkupasjonsmakta omlag 11,4 milliardar kroner til dekning av utgifter i Noreg. Det vart avbetalt omlag 3 milliardar kroner under okkupasjonen over statsbudsjettet. Etter frigjeringsvart kontoen ståande som aktivapost i Noregs Bank sine rekneskapar. I desember 1982 vart kontoen skrive bort både i statsrekneskapen og i banken sine rekneskapar.

1954

Handelsminister Erik Brofoss avløyste Gunnar Jahn som formann for direksjonen. Same året la staten ut premieobligasjonslån som raskt vart seld ut. Direktør Rygg sitt fond til beste for funksjonæranne vart oppretta.

Noregs Bank tok opp konsultasjonsverksemd med bankvesenet i form av orienteringsmøter ved dei ulike avdelingane.

1955

Dei såkalla februariltaka vart sett i verk for å bremse kredittetterspurnaden og redusere likviditeten. Det vart sett tak på utlån, og diskontoen vart heva med 1 prosentpoeng til 3,5 prosent. Markedsoperasjonsutvalget vart oppretta med representantar frå Finansdepartementet og Noregs Bank.

Noregs Bank og Funksjonærforbundet slutta overeinskomst om behandling av løns- og arbeidsvilkår med meir. Funksjonærforeininga ved Stavanger avdeling bygde hytte i Sirdal.

1956

Det vart opna for at bankane kunne ta opp kortsiktige gjeldsbrevlån i Noregs Bank. Banken fremja eit forslag som gav staten større del av overskotet etter at det var trekt frå diverse kostnader.

Noregs Bank kjøpte Vindåsen ved Sundene på Tjøme som vart innreidd som ferie- og møtestad for banken. Funksjonærforeiningen ved Trondheim avdeling kjøpte eit småbruk i Meldal som feriestad.

1957

Noregs Bank arrangerte sitt første internatkurs for funksjonærane, eit økonomisk informasjonskurs, på Hadeland Turisthotell.

1958

Administrasjonsordninga ved hovudsetet vart endra. Hovudkontoret vart delt inn i fem avdelingar med ein direktør som leiar for kvar avdeling. Desse direktørane danna eit administrasjonsråd som innan visse rammer avgjorde saker og innstilte til direksjonen og representantskapet.

Telex vart teke i bruk i Noregs Bank.

1959

Noregs Bank tok opp spørsmålet om avdelingane sine arbeidsoppgåver. Rasjonaliseringsdirektoratet føretok ei undersøking og kom fram til at det ikkje baud på fordelar å knyte Noregs Bank sine avdelingar nærmare til statsbankane i distrikta.

1960

Det vart innført ei ordning med fri annankvar laurdag mot at ein innarbeidde denne arbeidstida.

Den penge- og kredittpolitiske komiteen under leiing av direktør Knut Getz Wold vart oppnemnd. Komiteen hadde til oppgåve å vurdere kva slag verkemiddel i penge- og kredittpolitikken som var fornuftig å ta i bruk. Det vart også oppnemnd ein komite, under leiing av høgsterettsdommar Andreas Schei, for å sjå på bankstrukturen i landet.

Ei premiespringsordning for ungdom vart oppretta. Ordninga vart administrert av Noregs Bank avdeling Halden.

Distriktenes Utbyggingsfondet, DU, vart oppretta med sjefdirektør Erik Brofoss som leiar av styret. Noregs Bank samarbeidde med DU, og ved avdelingane vart det seinare oppretta analysekontor for fondet.

1962

Ordninga med skattefrie fondsavsetningar vart administrert av Noregs Bank.

Den Kongelige Mynt på Kongsberg vart overteke av Noregs Bank. Kontorbygget i Øvre Slottsgate 2 vart teke i bruk. Der heldt valutakontoret, kontoret for skiljemynt og lækjarkontoret til.

1963

Noregs Bank sitt kurs- og feriestad på Venastul vart oppretta. Getz Wold- komiteen leverte si innstilling.

1964

Spørsmålet om å leggje ned einskilte avdelingar vart nok ein gang aktuelt etter at ei undersøking utført av Rasjonaliseringsdirektoratet konkluderte med at Noregs Bank kunne leggje ned avdelingane i Arendal, Drammen, Gjøvik, Halden, Kristiansund N, Larvik, Lillehammer og Skien.

Det vart oppretta ein samarbeidsavtale mellom Noregs Bank og Distriktenes Utbyggingsfond.

Noregs Bank gjekk over frå 5- krone setel til mynt.

1965

På grunnlag av innstillinga frå Getz Wold- utvalet vart penge- og kredittlova vedteke. Dette var ei fullmaktslov som gav styresmaktene høve til å bruke ei rekkje sterke verkemiddel til å utforme penge- og kredittpolitikken. Som følge av denne lova vart Samarbeidsnemnda lagt ned. Dei ulike aktørane på penge- og kredittmarknaden ynskte generelle, indirekte verkemiddel og kredittavtalar meir enn lovar.

For å betre den interne opplæringa av dei tilsette vart *Kurssekretariatet*, under leiing av Leiv Vidvei, oppretta.

1966

Den 14. juni feira Noregs Bank sitt 150- års jubileum. Til jubileet skreiv Gunnar Jahn, Alf Eriksen og Preben Munthe ei bok om banken si historie. Det vart arrangert festmøte i Universitetets Aula der både Kongen og Kronprinsen deltok. Seinare på kvelden var det festbankett på Akershus Slott der Kongen var med. Elles vart det arrangert tilstellingar på Grand Hotel for hovudsetet og ved dei ulike avdelingane.

Etter avviklinga av Samarbeidsnemnda vart det oppretta eit utval som skulle sikre kontakt mellom styresmaktene og kredittinstitusjonane, *Det kredittpolitiske utvalg*. Det vart innført ei ordning med totale reservekrav, summen av primære og sekundære reservekrav, til kredittinstitusjonane. Ordninga stod ved lag fram til 1974.

Til avløyning av dei konvensjonelle hullkortmaskinene vart det avgjort å kjøpe inn eit EDB- anlegg av typen IBM 360/20.

1967

Spørsmålet om å leggje ned avdelingar vart lagt på is etter at Stortinget kom med følgjande forslag: *Stortinget henstiller Norges Bank ikke å sette i verk den foreslåtte nedlegging av lokale avdelinger, men eventuelt søke å tilføre avdelingene nye arbeidsoppgaver, samt undersøke mulighetene for en indre rasjonalisering ved avdelingene.*

Etter 30. november var det ikkje lenge mogeleg å teikne seg for premiesparing for ungdom.

Frå mai deltok Noreg i det kredittpolitiske samarbeidet som Federal Reserve etablerte med ein del sentralbankar, dei såkalla swap-avtalane. Faste valutakursar skapte kriser for Bretton Woods-systemet utover 1960-talet, noko som vart heilt klårt gjennom devalueringa av pundet.

Dette året vart det inngått ein første avtale om eit samarbeidsutval i Noregs Bank. Bilklubben vart stifta.

1968

I jubileumstalen i 1966 tok direktør Brofoss til orde for at det var på tide at det vart utarbeidd ny lov for Noregs Bank og pengevesenet. Ved kongeleg resolusjon av 19. januar vart det oppnemnd ein komite med mandat til å kome med forslag til revisjon av lovane om pengevesenet og Noregs Bank. Komiteen vart leia av høgsterettsdommar Rolv Ryssdal.

Året var prega av valutakriser og diskusjonar om i kva grad det internasjonale betalingssystemet fungerte tilfredsstillande.

1969

Folketrygdfondet oppretta distriktssekretariat, og i byrjinga av 1969 vart det etablert slike sekretariat i Oslo tilknytt fellessekretariatet og i dei andre distrikta tilknytt Noregs Bank sine avdelingar i Skien, Bergen, Trondheim og Tromsø. Ein avdelingsfunksjonær fekk til oppgåve å forvalte sekretariatet, med Noregs Bank sin avdelingsdirektør med det øvste ansvaret.

Det vart også utarbeidd retningsliner for samarbeidet med Distriktenes Utbyggingsfond og avdelingane. Noregs Bank utarbeidde bedriftsanalyser og rekneskapsanalyser og gav rapport til fondet. Eit eige pensjonistutval, *Utvalget for eldreomsorg*, vart sett ned.

Innan Valutafondet vart det innført ei ny finansieringsordning, SDR. SDR auka tilgangen av likviditet for medlemslanda.

1970

Det kredittpolitiske utvalg vart våren 1970 erstatta av to nye samarbeidsorgan. *Det kredittpolitiske samarbeidsutvalg* hadde som mandat å drøfte aktuelle spørsmål i samband med gjennomføringa av penge- og kredittpolitikken og førebu saker for rådet. *Det kredittpolitiske råd* si oppgåve var å drøfte hovudproblema med utforminga og gjennomføringa av penge- og kredittpolitikken.

1971

Samanbrot i systemet med faste valutakursar etter avtalen frå Bretton Woods. 15. august suspenderte USA erklæringa frå 20. mai 1949 om fri omveksling av dollar i gull. Dette skapte store ringverknader på verdsøkonomien. Valutarådet føreslo at Noregs Bank trakk seg ut av valutamarknaden. Valutaavdelinga meldte straks til Oslo Børs og valutabankane at Noregs Bank ikkje ville notere valutakursar fram til 22. august.

21. desember vart det etablert eit nytt samarbeid for faste kursar, den såkalla Smithsonianavtalen. IMF-landa avtalte å atterreise eit fastkurssamarbeid med nye paritetar og marginar på 2 ¼ prosent. Noregs slutta seg til avtalen og devaluerte med ein prosent.

1972

Ei viktig nyskaping var avtalen om eit samarbeidsutval, som vart vedteke etter forhandlingar mellom leiinga og Norges Banks Funksjonærforbund. Avtala var ei vidareføring og utviding av den første avtala frå fem år tidlegare. To funksjonærar fekk plass i Administrasjonsutvalget.

Noregs Bank føreslo for regjeringa ein burde følgje dei same retningslinene i valutapolitikken som EF-landa. Noreg slutta seg til Det europeiske valutasamarbeid, EF-slangen, 23. mai 1972. Samarbeidet representerte ei innsnevring i marginane for kor mykje kursane kunne svinge i forhold til kvarandre. Noreg fortsette samarbeidet også etter at folket i oktober sa nei til EF. Dette samarbeidet stod ved lag fram til 11. desember 1978.

1973

Direksjonen vedtok å opprette eit EDB-råd med sikte på å styre og styrke utviklinga av EDB i Noregs Bank. Rådet fekk til oppgåve å vedta prioriteringar av ulike EDB-prosjekt. Det vart også oppretta eit feriestadutval med hovudoppgåve å tilrå nyinnkjøp og utbetring av feriestadene, vurdere praksis for tildeling av plass på stadene og finne fram til ei rimeleg

disponering av stadene til både kurs og rekreasjonsføremål. For første gang vart det arrangert samarbeidskonferanse.

Utpå hausten kom den første kraftige auken i oljeprisen, OPEC I. 5. november vedtok Noreg å revaluere krona med 5 prosent i forhold til sentralkursen uttrykt i SDR. For første gang sidan 1874 vart krona ikkje definert direkte i forhold til gull.

1975

Direksjonen la fram for representantskapet forslag om budsjettering av banken sine driftsutgifter. Representantskapet vedtok dette forslaget, og på desembermøtet vert neste års driftsbudsjett vedteke.

1976

For å betre koordineringa av sakshandsaminga vart det oppretta eige koordineringsutval. 19. januar opna barnehagen i Borgenveien 14.

18. oktober vart krona devaluert med ein prosent innanfor slangen etter uro på valutamarknaden.⁴²

1977

Noregs Bank tok i bruk eit kortsiktig marknadspapir med variabel rente som lekk i utbygginga av ein kortsiktig pengemarknad mellom bankane og Noregs Bank. Rentepolitikken var relativt fastlåst inntil Finansdepartementet og Noregs Bank utpå hausten innleidde drøftingar om ein ny politikk. Dette førte til endringar i og delvis oppheving av rentenormeringane som til då hadde vore grunnlaget for rentepolitikken.

Som eit resultat av likestillingsgruppa i organisasjonsutviklinga, OU-gruppe 3, vart det 9. mai oppretta eit likestillingsutval. Også Arbeidsmiljøutvalget vart oppretta dette året. Utvalet fekk stort sett rådgjevande status.

Dette året vart det gjennomført to devalueringar på tre og fem prosent 4. april og 29. august. Den første var eit resultat av ulik pris- og kostnadsutvikling, medan den andre var ei justering for Sverige gjekk ut av slangen og den danske krona vart nedjustert.

Gerd Kristin Sand vart som første kvinne tilsett som administrerande direktør ved ein av Noregs Bank sine distriktsavdelingar, Vardø avdeling.

1978

Renteutvalget, under leiing av direktør i Statistisk Sentralbyrå Petter Jakob Bjerve, vart sett ned for å fremje forslag til prinsipielle retningslinjer for rentepolitikken dei nærmaste åra.

Utpå hausten vart det innført løns- og prisstopp. 12. desember valde Noreg å gå ut av EMS-samarbeidet og over til å knyte krona til ei valutakorg sett saman av valutaen til 12 av dei viktigaste handelspartnerane. Før den tid vart krona 13. februar devaluert med åtte prosent.

4. januar vart Grethe Westergaard Bjørlo ved Noregs Bank avdeling Ålesund den første kvinnelege formannen i bestyrelsen.

1979

EF-landa gjekk i mars over til EMS-samarbeidet, som var eit steg mot nærmare integrasjon av penge- og kredittpolitikken i desse landa.

På grunn av rentepolitikken frå dei politiske styresmaktene fekk Noregs Bank først i 1979 høve til å føreta marknadsoperasjonar i vesentleg omfang. I perioden 1950-1978 var som kjent renta lågare enn den renta som ville klarert marknaden.

⁴² Ragna Alstadheim, "Justeringer av kursordningen for den norske kronen" vedlegg til festskrift til Skånland *Stabilitet og langsiktighet*, ss.265-271, Oslo 1994

13. september fekk Noregs Bank samtykke frå Kommunaldepartementet til å føre opp eit nytt bygg for hovudsetet. Det var eit krav at banken reduserte talet på tilsette og flytta ut delar av oppgåvene.

1980

Renteutvalet, under leiing av Petter Jakob Bjerve, la fram si innstilling, NOU 1980: 4. Hovudkonklusjonen var at ei best mogeleg fordeling av ressursane på ulike formål tilsa at renta måtte vere fleksibel og tilpassa tilbod og etterspurnad i marknaden. Dette ville også gjere det lettare for Noregs Bank å gjennomføre marknadsoperasjonar.

Det vart forutsett regelmessig kontakt mellom Noregs Bank og finansministeren om renteutviklinga, og den første renteerklæringa vart offentleggjort 5. september.

1981

Frå 1. januar vart valutaavdelinga i Handelsdepartementet overført til Finansdepartementet. I desember vedtok direksjonen retningsliner for praktisering av likestilling mellom kvinner og menn i banken.

1982

2. august vart vektene i kursindeksen for krona endra. Dette førte til ei nedjustering av krona med omlag 3,5 prosent. Vektendringa innebar at dollarvekta gjekk ned frå 25 til 11 prosent. Kort tid etter, 6. september, vart kronar devaluert med tre prosent for å betre konkurransevna.

Banken sendte 28. mai eit brev til Kommunaldepartementet med ein plan om kva slag arbeidsoppgåver som kunne flyttast ut frå Oslo.

1984

2. juli gjekk ein over frå aritmetisk til geometrisk gjennomsnittsutrekning for kursindeksen med uendra basiskursar. Dette medførte ei nedjustering av krona på omlag to prosent. Bakgrunnen for endringa hang saman med sterkare dollar.

22. september vart det vedteke mellombels å halde kursindeksen for krona omlag to prosent høgare enn til då. Sentralkursen var uendra, og krona vart halde innanfor dei gjeldande marginane, noko som tilsvara ei innsnevring av bandet kursen kunne svinge innanfor. Nok ein gang var kursauken på dollar den viktigaste grunnen.

Ein sterk høgkonjunktur tok til. Høgkonjunktoren akselererte til ein kredittfinansiert boom som sprakk i 1986.

1985

Ny lov om Noregs Bank og pengevesenet vart vedteke. Det er denne lova som er grunnlaget for Noregs Bank si verksemd. Lova avløyste lova frå 1892, og bygde på innstillinga frå Ryssdal-utvalget, NOU 1983:39.

9. august vart svingningsmarginane på 2 ¼ prosent gjort offentlege. Sentralverdien vart fastsett til 100, men ordninga med å halde krona svak innanfor bandet innebar at kursleiet ville liggje mellom 101,13 og 102,25. Same hausten vart systemet der finansministeren gjennom ei renteerklæring fastsette det gjennomsnittlege rentenivået avvikla.

1986

11. mai vart sentralverdien for kursindeksen endra frå 100 til 112, noko som svarte til ei devaluering på 9,2 prosent. Årsaka til dette var låg oljepris og svekt konkurransevne. I desember var det slutt på lågrentepolitikken som vart innført i tida rett etter siste verdskrigen. Renta vart underlagt valutapolitikken der hovudmålet var stabil kronekurs. Dette var i samsvar

med råd frå Noregs Bank. For å halde marknadsrenta låg tilførte Noregs Bank kreditt til kredittmarknaden, dels i form av lån, gjenkjøpsavtalar og såkalla valutaswappar.⁴³

Tilleggsreservekravet vart gjeninnført frå 1. januar, men med redusert sats. Medan bankane tidlegare måtte betale 100 prosent av ei eventuell overskriding på eigen konto i Noregs Bank, vart satsen sett til 20 prosent.

Fiskarbanken oppretta 1. september eige kontor i Bodø, og dermed var det slutt på ordninga frå 1952 der Noregs Bank avdeling Bodø fungerte som avdelingskontor for Fiskarbanken i Nord-Trøndelag og Nordland.

Den nye bygningen for hovudsetet, med unnatak av Norges Banks Seddeltrykkeri, vart teke i bruk i løpet av hausten.

1987

1. januar vart Noregs Bank sin diskonto avskaffa. Den leiande renta frå banken deretter vart dagslånsrenta.

På Wall Street fall kursane den 19. oktober med heile 22,6 prosent målt med Dow Jones industriaksjeindeks. Raset i kursane forplanta seg dagen etter til dei andre børsene rundt om i verda.

1989

Noregs Bank sine avdelingar i Drammen, Gjøvik, Hamar, Halden, Skien og Arendal vart lagt ned. Avdelinga i Haugesund vart kassekontor, medan Kristiansund N avdeling vart løns- og pensjonskontor for banken.

1990

Frå 1. juli vart dei fleste restriksjonane på nordmenns tilgang til å handle utanlandske verdipapir og ta opp lån i utanlandsk valuta oppheva. Regjeringa hadde ynskje om å knyte krona sterkare opp til det europeiske valutasamarbeidet, EMS, og 22. oktober vart krona knytt til ECU. Dette førte til at krona vart flytande i forhold til dollar og yen, som tidlegare hadde inngått i valutakursindeksen. Noregs Bank oppretta swap-avtalar som gav rett til kortsiktige intervensjonskredittar på inntil 2 milliardar ECU i EF sine sentralbankar.

1992

10. desember vart det, etter lang tids press mot krona, vedteke at kronekursen skulle flyte. Tidlegare på hausten hadde også andre land gått over til flytande kurs etter langvarig og sterkt press.

1994

Fastkurspolitikken vart nok ein gang stadfesta gjennom ei valutaforskrift som regulerte Noregs Bank sitt mandat i valuta- og pengepolitikken.

1995

Statens Petroleumsfond vart oppretta i 1995. Fondet sin konto i Noregs Bank vart første gang tilført midlar i 1996, etter at statsrekneskapen for 1995 viste overskot.

⁴³ Hanisch, Spøilen og Ecklund, *Norsk økonomisk politikk i det 20. århundre. Verdivalg i en åpen økonomi*, Oslo 1999, s.310

Vedlegg 1

Formenn i Representantskapet i Noregs Bank, 1817-1999

Trampe, Greve av, Frederik Christopher, dr.juris., stiftamtman (1779-1832) Representantskapet 1816-1832 Tidligere embetsmann i Danmark og på Island. Kammerherre 1808 Stiftamtman 1810 Frå 1811 medlem av Videnskabernes Selskab, preses 1832 Ein av dei 15 som i 1813 forsøkte å danne ein privat lånekasse i Christiania R.D.O., R.N.O., C.N.O.	1817-1832
Horneman, Christian Hersleb, stiftsoverrettsassessor (1781-1860) Representantskapet 1816-1832 Direksjonen 1832- 1848 Representerte Kragerø ved Riksforsamlingen på Eidsvoll 1814 Direktør i Trondhjems Sparebank 1823-1838. Medlem av bystyret ei rekkje år Stortingsmann frå Trondheim 1824 og seinare. Knytt til Videnskabernes Selskab, preses 1833-1838. R.M.O.	1832
Schnitler, Balthazar, krigsassessor (1787-1851) Representantskapet 1817-1833 Direksjonen 1833-1851 Direktør Trondhjems Sparebank 1824-1847 Stortingsmann frå Trondheim 1827 og seinare	1832-1833
Fürst, Hans Severin, byfogd (1782-1836) Representantskapet 1832-1836 Medlem av Videnselskabernes Selskab. Stortingsmann frå Trondheim 1836	1833-1836
Gram, Jacob Schavland, grosserar (1783-1843) Representantskapet 1823-1843 Direktør i Trondhjems Sparebank 1838-1843. Engelsk konsul Medlem av bystyret og ordførar. Stortingsmann frå Trondheim 1833-1839	1836-1843
Jenssen, Hans Peter, konsul (1797-1868) Representantskapet 1833-1851 Direksjonen 1852-1860 Forstandar for Trondheims Sparebank frå 1823, seinare i direksjonen Medlem av bystyret frå 1837, fleire ganger ordførar Stortingsmann frå Trondheim 1845, seinare Børskommissær og spansk visekonsul Medlem av Videnselskabernes Selskab	1843-1845 1851
Arntzen, Karelius August, stiftamtman (1802-1876) Representantskapet 1843-1848 Frå 1857 stiftamtman i Christiania fram til interimregjeringa 1861	1845
Jenssen, Nicolay Jens, kjøpmann (1792-1867) Representantskapet 1822-1837 og 1845-1851 Direksjonen 1851-1859 Direktør i Trondhjems Sparebank 1825-1832 og 1847-1850 Medlem av bystyret og stortingsmann frå Trondheim 1833 og seinare Tilhørte 1.kull som ble utnemnd til R.St.O.O. Medlem av Videnskabernes Selskab.	1845-1851
Knudtzon, Broder Lysholm, grosserar (1788-1864) Representantskapet 1835-1852 Direktør i Trondhjems Sparebank 1824-1834 og 1846-1849 Stortingsmann frå Trondheim 1833, Trondheim bystyre 1842 Sekretær i Videnskabernes Selskab	1851

Gram, Einar, kjøpmann (1817-1885) Representantskapet 1848-1854 Direksjonen 1861- 1885 Direktør i Trondhjems Sparebank 1854-1885 Medlem av bystyret, ordfører. Stortingsmann frå Trondheim 1859 og seinare	1852-1854
Meldahl, Hans Gerhard Colbjørnsen, høgsterettsjustitiarius (1815-1877) Representantskapet 1852-1859 Direktør i Trondhjems Sparebank 1857-1859 Medlem av bystyret, ordfører. Stortingsmann frå Trondheim 1854 og seinare Høyesterettsassessor i Christiania 1859- Statsråd og sjef for justisdepartementet 1861-1874 Deretter høyesterettsjustitiarius. Stk.St.O.O. og Stk.N.O.	1854- 1859
Lorck, Fredrik Christian (Fritz), konsul (1815-1901) Representantskapet 1850-1875 Direksjonen 1875-1884 Direktør i Trondhjems Sparebank 1854-1862 Medlem av bystyret, ordfører Medlem av Kongelig Mellomrikskommisjon 1855 Stortingsmann frå Trondheim og Levanger 1865 og seinare Overdirektør v/Røros verk. Belgisk konsul. R.N.O.	1859-1875
Hirsch, Christian Worm Sommerschild, høyesterettsjustitiarius (1831-1904) Representantskapet 1866-1887 Direksjonen 1888-1896 Bestyrelsen i Trondheim 1897-1903 Direktør i Kreditbanken i Trondheim ved opprettinga i 1868 Stortingsmann frå Trondheim 1874 og seinare	1875-1887
Bergh, Johan Henrik, høgsterettsadvokat (1838-1925) Representantskapet 1881-1888 Direksjonen 1891-1896 Bestyrelsen i Trondheim 1897-1899 Direktør i Trondhjems Realreditbank 1886-890 Formann i styret for Hypotekbanken sitt lånekontor i Trondheim Medlem av Trondheim bystyre 1895 og seinare, ordfører R.St.O.O.	1888
Brun, Johan Christopher, apoteker (1838-1914) Representantskapet 1885-1890 Svaneapoteket i Trondheim frå 1864 Medlem av bystyret og formannskapet i fleire år	1888-1890
Daae, Robert Døscher, disponent (1849-1901) Representantskapet 1888-1893	1890-1893
Lindboe, Jacob Albert, lagmann (1843-1902) Representantskapet 1894-1900 Direksjonen 1885-1890 Medlem av Trondheim formannskap 1882-1886 Stortingsmann frå Trondheim og Levanger 1895-1900	1894-1899
Knudsen, Gunnar Aanon, ingeniør, skipsreiar (1848-1928) Representantskapet 1894-1902 Stortingsmann frå Bratsberg amt 1891 og seinare i ei rekkje år. Særskild interessert i sosiale og finansielle spørsmål, Sat i fleire komitear Finansminister 1901-1902 og mars-oktober 1905 då han som republikanar var ueinig i kongevalet og gjekk ut av regjeringa Stats- og finansminister 1906-1910, statsminister 1913-1920, landbruksminister 1913-1918 og finansminister 1918-1920	1900-1902

Møller, Kai Bisgaard Anker, godseigar (1859-1940) Representantskapet 1897-1902 Bestyrelsen i Fredrikstad 1909-1929 Overtok i 1885 Thorsø herregård. Jordbrukar med mange tillitsverv Medlem i Selskapet for Norges Vel, æresmedlem og preses 1906-1922 Ein av stiftarane av Felleskjøpet, Bøndernes Bank og Bøndernes Hus Medlem av Borge herredsstyre i 40 år, ordførar 5 år. Stortingsmann frå Smaalenenes amt 1900-1903	1902
Arctander, Sofus Anton Birger, cand.jur., tollskriver (1845-1924) Representantskapet 1903-1905 Borgermester i Bergen 1890-1900, i Oslo 1906-1919 Stortingsmann frå Nordland 1878 og seinare Lagtingspresident 1883-1884, innanriksminister 1884-1888 odelstingspresident 1900-1903, handelsminister 1905-1908 Den norske regjeringa sin formann i Karlstad-dagene Medlem av styret for Nansenfondet Stk.St.O.O. 7 junimedlem. Krmd.; Stk.D D O; R Pr Kr O 1 kl.; Siam Kr. O 1 kl.; Storoff Fr Æ L; Storoff B Lp O; K S N O.	1903-1905
Martinsen, Gustav, brukseigar (1843-1920) Representantskapet 1903-1917 Grunnla Bjølsen Valsemølle Stortingsmann frå Kristiania, Hønefoss og Kongsvinger 1900-1906 Spesialkomiteen 1905. St.O.O., 7. junimedlem, R.D.D.O.	1905-1917
Hansen, Hans, forretningsmann, direktør (1844-1919) Representantskapet 1906-1919 Medlem av bystyret Drammen frå 1885, ordførar 1897-1898 Stortingsmann frå Drammen 1898-1918. Frihandelsmann St.O.O., 7. juni Med., K.Fr.Æ.L., R.St.O.O.	1918-1919
Thallium, Axel Andreas, overrettssakfører (1866-1938) Representantskapet 1919-1938 Lillehammer bystyre 1894-, ordførar 1896, 1897 og 1903-1904 Stortingsmann frå Mjøsbyane 1903-1916 RI St.O.O., 7.juni Med., Kr.Med.I, R.S.N.O., R.D.D.O., H.VII jub.Med.	1919-1938
Borch, Einar Gram, godseigar (1870-1952) Representantskapet 1927-1947 Medlem av Jevnaker herredsstyre ei rekkje år, ordførar 1902-1907 Stortingsmann (B) frå Oppland fylke 1922-1927, 1937-1940 og 1945 Mange offentlege tillitsverv Æresmedlem i Selskapet for Norges Vel, preses 1922-1934	1938-1945
Conradi, Gabriel Kirsebom, cand.jur. generalkonsul (1880-1949) Representantskapet i London 1940-1945 Handelsråd, London 1920, generalkonsul 1922-1949 Formann i styret for Det norske Innskudds- og Trekk-kontor, London 1940-1945 Dommer ved den norske sjøfartsdomstol i London 1941-1945 Formann for Tvistenemnden for sjømannssaker i London 1940-1945 K.St.O.O., R.S.N.O., Stor-off.Port.Chr.O.	1940-1945
Fjermestad, Tollef, disponent (1879-1947) Representantskapet 1922-1923, 1925-1942 og 1945-1947 Forretningsfører i Norsk Formerforbund 1913-1916 Disponent for Sandnes Støperi frå 1917 Medlem av Sandnes bystyre og formannskap i meir enn 20 år	1945-1947
Braadland, Birger, major, skogeigar, Idd (1879-1966) Representantskapet 1936-1953	1948-1953

<p>Utanriksminister 12.05.1931-03.03.1933 Stortingsmann (B) frå Østfold 1934-1936. Ei rekkje tillitsverv H.VII Jub1Med., Stk.iort.Chr.O., Stk. L.E.O., R S.S.D., R S.V.O., R.D.D.O.</p>	
<p>Aae, John Amandus Olsen, disponent, Trondheim (1890-1968) Representantskapet 1930-1942 og 1945-1962 Disponent Arbeider-Avisa, Trondheim 1924-1941 og 1945-1958 Ei rekkje offentlege tillitsverv Medlem Strinda formannskap 1917-1923, Trondheim bystyre 1928- Ordførar 1948-1957 Direksjonen for Det Kgl.Norske Videnskabers Selskab, Museet 1957-1963 R St.O.O., K.S.V.O.</p>	1954-1962
<p>Semmingsen, Rolf Ingvar, cand.jur., prisdirektør (1908-1979) Representantskapet 1954-1965 Direktør Norges Kooperative Landsforening 1949 Prisdirektør i Prisdirektoratet 1961 Medlem Oslo bystyre 1946-1947. Ei rekkje tillitsverv</p>	1963-1965
<p>Asdahl, Kristian, direktør (1920-)</p>	1966-1977 1984-1991
<p>Frogner, Sverre, avdelingsdirektør (1925-)</p>	1978-1983
<p>Thyness, Paul, magister (1930-)</p>	1992-1997
<p>Kvidal, Mary, rektor (1943-)</p>	1998-

Vedlegg 2 (rev. 2009)

Medlem av Representantskapet i Noregs Bank, 1816-2009

Medlemsregisteret er delt inn i to tidsbolkar. Den første bolken er organisert kronologisk etter individuell oppnemning og dekkjer perioden 1816-1965. Den andre bolken er organisert kronologisk etter samansetnad for kvart år for perioden 1966-1999. Den første vart utarbeidd i samband med Noregs Bank sitt 150-års jubileum i 1966, medan den siste er utarbeidd i samband med dette notatet i 1999. Registret er ført à jour i 2009.

Perioden 1816-1965

Trampe, Greve av, Frederik Christopher, dr.juris., stiftamtman (1779-1832)	1816-1832
Formann 1817-1832	
Gramm, Christian, stiftamtskriver (-1829)	1816-1829
Johannsen, Lorentz, grosserar (1769-1837)	1816-1836
Sandborg, Christian, overkrigscommossair (1792-1826)	1816-1826
Falsen, Carl Valentin, stiftamtman (1787-1852)	1816-1826
Hegerman, Frederik Christian Otto, oberstløytnant (1769-1841)	1816-1817
Bang, Carsten Gerhard, generalmajor (1756-1826)	1816-1826
Wensell Hans, grosserar (1758-1843)	1816-1818
Drejer, Peder Hind, statsmeglar (1776-1845)	1816-1836
Hansen, Peder Arnet, kjøpmann (1779-1854)	1816-1837
Meincke, Hendrich, grosserar (1746-1827)	1816-1819
Knudtzon, Hans, etatsråd (1751-1823)	1816-1823
Horneman, Christian Hersleb, stiftsoverrettsassessor (1781-1860)	1816-1832
Formann 1832	
Direksjonen 1832-1848	
Representerte Kragerø i Riksforsamlinga på Eidsvoll 1814	
Finne, Hans Wingear, grosserar (1785-1830)	1816-1824
Geelmuyden, Hans, kjøpmann (1760-1850)	1816-1836
Schnitler, Balthazar, krigsassessor (1787-1851)	1817-1833
Formann 1832-1833	
Direksjonen 1833-1851	
Meincke, Hilmar, grosserar (1776-1830)	1819-1827
Gram, Jacob Schavland, grosserar (1783-1843)	1823-1843
Formann 1836-1843	
Lorck, Lorentz, grosserar (1789-1842)	1823-1842
Garmann, Herman Christian, konsul (1786-1853)	1824-1842
Brun, Hans, kjøpmann (1773-1857)	1826-1833
Birch, Paul Hansen, generalkrigskommissær (1788-1863)	1826-1831
Lassen Hartvig Marcus, tollinspektør (1761-1856)	1826-1833
Jenssen, Nicolay Jens, kjøpmann (1792-1867)	1828-1837
	1845-1851
Formann 1845-1851	
Direksjonen 1851-1859	
Roshauw, Johan Friderich, kjøpmann (1785-1871)	1829-1835
Machholm, Christian, grosserar (1780-1834)	1831-1834
Høe, Gerhard Frederik, kjøpmann (1799-1877)	1832-1846
Jenssen, Hans Peter, kjøpmann (1797-1868)	1833-1851
Formann 1843-1845 og 1851	
Direksjonen 1852- 1860	
Knudtzon, Christian August, kjøpmann (1787- 1870)	1833-1835
Direksjonen 1835- 1851	
Nilsen, Hans Plathe, cand.jur.,auditeur (1803-)	1833-1839
Nissen, Martinus, kjøpmann (1799-1836)	1834-1836
Knudtzon, Broder Lysholm, grosserar (1788-1864)	1835-1852
Formann 1851	
Saxild, Jens Ludvig, justissekretær (-1839)	1836-1839
Carstens, Jacob J., kjøpmann (1791-1853)	1836-1853
Sommerschild, Thode Job, meglar (1797-1859)	1836-1839
Moe, Bernt, kjøpmann (1787-1858)	1836-1851
Schreiner, Christian Ludvig, kjøpmann (1795-1848)	1836-1848

Krogness, Ole Andreas, kjøpmann (1802- 1869)	1837-1845
Direksjonen 1847- 1869	
Moe, Ole Axelsen, kjøpmann (1797-1878)	1837-1866
Kielland, Gabriel Kirsebom, skattefogd (1805-1882)	1839-1845
Lysholm, Jørgen Bernhoft, statshauptmann (1796-1843)	1839-1843
Bætzmann, Samuel Severin, byfogd (1800-1859)	1839-1857
Direksjonen 1857-1859	
Finne, Ole Lund, kjøpmann (1796-1858)	1839-1854
Bonnevie, Honoratus, borgermester (1797-1848)	1842-1848
Hartmann, Georg August, kjøpmann (1809-1886)	1843-1863
	1878-1884
Arntzen, Karelius August, stiftamtman (1802-1876)	1843-1848
Angell, Jonas N. stiftsoverrettsassessor (1805-1888)	1843-1849
Lorck, Christian A. kjøpmann (1813-1895)	1846-1864
Gram, Einar, kjøpmann (1817-1885)	1848-1854
Formann 1852 og 1854	
Direksjonen 1861-1885	
Ellefsen, Hans Nicolai, kemner (1800-1880)	1848-1850
Lundgreen, Helmer, kjøpmann (1815-1892)	1849-1859
Direksjonen 1859-1892	
Bernhoft, Anders, fogd (1801-1883)	1849-1854
Lorck, Fredrik Christian (Fritz), konsul (1815-1901)	1850-1875
Direksjonen 1875-1884	
Finne, Paul, N., kjøpmann (1802-1878)	1845-1857
Bye, Johan Peter, branndirektør (1808-1863)	1851-1863
Meldahl, Hans Gerhard Colbjørnsen, dr.juris., justitiarius (1815-1877)	1852-1859
Formann 1852, 1854-1857 og 1857-1859	
Hansen, Lars, kjøpmann (1803-1886)	1852-1877
Jenssen, Anton Mathias, kjøpmann (1818-1895)	1852-1879
Lien, Henrik Gunnerus, kjøpmann (ikkje fungert) (1809-1892)	1854
Brun, Dominicus Lenvik, oberstløytnant (1790-1868)	1854-1863
Alsing, Johan Ludvig, sorenskrivar (1812-1902)	1854-1856
Ulstad, Paul, kjøpmann, kemner (1809-1898)	1854-1880
Getz, Michael, handelsfullmektig (1816-1875)	1855-1869
Direksjonen 1869-1875	
Knudtzon, Hans Nicolai, cand.jur., konsul (1814-1889)	1856-1874
Dahl, Paul Smith, kjøpmann ()	1857-1863
Jenssen, Hans, kjøpmann (1818-1888)	1857-1884
Michelet, Simon Themstrup, stiftamtskriver (1793-1879)	1859-1862
Grabow, Johan Christian, overrettssakfører (1812-1877)	1860-1865
Christie, Edvard, politimeister (1812-1896)	1862-1863
Gløersen, Gerhard Gunnerus, overrettssakfører (1819-1896)	1863-1869
Dons, Carl Jacob Waldemar, adjunkt, Trondheim (1810-1878)	1863-1877
Matzow, Erik Herman, kjøpmann, Trondheim (1823-1899)	1863-1887
Aune, Oluf Andreas, kjøpmann, Trondheim (1827-1883)	1863-1883
Aas, Lauritz, byfogd overrettssakfører, Trondheim (1822-1889)	1863-1870
Knudtzon, Christian August, konsul, Trondheim ()	1864-1878
Drejer, Hans Nissen, meglar, sekretær, Trondheim (-1884)	1865-1884
Hirsch, Christian Worm Sommerschild, justitiarius, Trondheim (1831-1904)	1866-1887
Direksjonen 1888- 1896	
Bestyrelsen 1897-1903	
Jenssen, Mathias Christian, kjøpmann, Trondheim (1823-1899)	1869-1667
Nissen, Johannes Musæus, postmester, Trondheim (1820-1893)	1870-1884
Holtermann, Anders Rambech, kjøpmann, Trondheim (1833-1885)	1870-1884
Finne, Just Wide Meincke, konsul, Trondheim (1836-1903)	1874-1884
Backe, Halvard, visekonsul, Trondheim (1838-1875)	1875
Jenssen, Lauritz, brukseigar (1837-1899)	1875-1884
Meisterlin, Carl Bernhard, konsul (1831-1908)	1877-1883
Motsfeldt, Carl F., stiftamtman (1808-1902)	1877-1893
Bergh, Johan Henrik, høgsterettsadvokat (1838-1925)	1879-1888
Formann 1888	
Direksjonen 1891-1896	

Bestyrelsen i Trondheim 1897-1899	
Knagenhjelm, Ludvig Wiese, overrettssakfører (1824-1907)	1861-1884
Kjeldsberg, Rasmus Flohr, visekonsul (1828-1897)	1883-1888
Direksjonen 1891-1896	
Bestyrelsen i Trondheim 1897	
Flor, Jens Ludvig Paul, tollinspektør (1827-1887)	1883-1887
Brun, Johan Christopher, apoteker (1838-1914)	1884-1890
Formann 1888-1890	
Øyen, Ingebrigt Oluf, seilmaker (1824-)	1884-1890
Koller, Torsten, kjøpmann (1836-1920)	1884-1888
Nicolaysen, Peter, cand.jur., jernbanekasserer (1835-)	1884-1885
Rian, Andreas, handelsmann (1823-)	1884-1894
Soelberg, Lars, gardbrukar, Nedre Stjørdalen (1828-1907)	1884-1896
Bentsen, Lars Martinius, gardbrukar, Nedre Stjørdalen (1838-)	1884-1890
Fjermstad, Paul Andreas Olsen, gardbrukar, Strinden (1841-)	1884-1890
Smith, Albert, korpslækjar, Trondheim (1841-1890)	1885-1890
Dahl, Erik Krogness, banksjef, Trondheim (1841-1890)	1885-1890
Sand, Fritz J. garvar, kemner, Trondheim (1851-)	1887-1893
Daae, Robert Døscher, disponent, Trondheim (1849-1901)	1887-1893
Formann 1890-1893	
Larsen, Fortescue Gregg, cand.real/ konrektor, Trondheim (1838-1902)	1888-1896
Wahl, Christian Edward, handelsmann, Trondheim (1840-)	1888-1893
Arnstad, Jon, gardbrukar, Trondheim (1838-)	1888-1890
Lyng, Johan Daniel, kjøpmann, Trondheim (1845-)	1886-1893
Holtermann, Nils Stockfleth Schultz, gardbrukar, Strinden (1835-1917)	1888-1893
Bestyrelsen i Trondheim 1899-1908	
Klingenberg, Sverre Olafsson, overrettssakfører, Trondheim (1844-1913)	1890-1893
Jensen, Anton, konsul, Trondheim (1850-1927)	1890-1896
Aas, Knud, kjøpmann, Trondheim (1834-1906)	1890-1906
Jenssen, Halvor, kjøpmann, Trondheim (1832-1911)	1890-1896
Daae, Anders, direktør, Trondheim (1838-1910)	1890-1892
Buaas, Ingebrigt, overrettssakfører, Trondheim (1852-1902)	1892-1896
Kildal, Birger, amtmann, Trondheim, Kristiania (1849-1913)	1894-1895
Direksjonen 1906	
Havig, Fredrik Christian Nergaard, sorenskrivar (1855-1927)	1894-1923
Hjelmstad, Ole Evensen, gardbrukar, Næs (1825-1896)	1894-1896
Knudsen, Gunnar Aanon, ingeniør, skipsreiar, Borgestad (1848-1928)	1894-1902
Formann 1900-1902	
Fasting, Thomas, sorenskrivar, Kristiansund N. (1852-1925)	1894-1911
Lindboe, Jacob Albert, lagmann, Trondheim, Kristiania (1843-1902)	1894-1900
Formann 1894-1899	
Direksjonen 1885-1890	
Iversen, Baard, handelsmann, Trondheim (1836-1920)	1893-1899
Schanche, Eilert Gerhard, gardbrukar, Trondheim, Kristiania (1859-1933)	1893-1920
Sæhlie, Andreas Olsen, Vang (1832-1896)	1894-1896
Bestyrelsen på Hamar 1881-1882	
Dugstad, Mathias Gotskalksen, gardbrukar, Voss (1844-1929)	1896-1923
Bøhn, Albert, lensmann, Romerike (1836-1913)	1897-1911
Fløistad, Ivar Guttormsen, lensmann, Østre Moland (1846-1926)	1897-1905
Stousland, Theodor Nilsen, statsrevisor, Kristiania (1842-1910)	1897-1910
Heyerdahl, Bertrand Eugen, skipsreiar, Kristiania (1851-1909)	1897-1900
Doubloug, Mikkel, grosserer, Kristiania (1844-1913)	1897-1899
Møller, Kai Bisgaard Anker, godseigar, Torsø Borge (1859-1940)	1897-1902
Formann 1902	
Bestyrelsen i Fredrikstad 1909-1929	
Prahl, Ferdinand Christian, overrettsassessor, Bergen (1840-1917)	1897-1908
Bøgh, Vollert Hille, lege, Kristiania (1855-1909)	1897-1902
Direksjonen 1904-1905	
Konow, Wollert, cand.jur. gardbrukar, Hedemarken (1847-1932)	1900-1902
Foosnæs, Hans Konrad Henriksen, gardbrukar, Kristiania (1846-1917)	1900-1917
Jacobsen, Halvor, gardbrukar, Brandbu (1849-1934)	1900-1902
Bestyrelsen på Gjøvik 1902-1926	

Fearnley, Thomas Nicolay, skipsreiar, hoffjegermeister, Kristiania (1841-1927)	1902
Mellbye, Johan Egeberg, gardbrukar, Hedemarken (1866-1954)	1902-1904
Wold, Elling Eriksen, gardbrukar, Søndre Aurdal (1844-1922)	1902-1905
	1908-1920
Moe, Andreas Pedersen, sparebankdirektør, Trondenes (1852-1929)	1903-1926
Martinsen, Gustav, brukseigar, Kristiania (1843-1920)	1903-1917
Formann 1905-1917	
Arctander, Sofus Anton Birger, cand.jur., tollskriver, Kristiania (1845-1924)	1903-1905
Formann 1903-1905	
Aarnes, Sigmund Kolbeinsen, gardbrukar, lensmann, Stryn (1851-1912)	1904-1912
Pettersen, Anton, kontorsjef, Kristiania (1858-1932)	1905
	1911-1932
Knudsen, Jørgen Christian, skipsreiar, Porsgrunn (1843-1922)	1906-1922
Solberg, Peter Collett, cand.jur., grosserar, Kristiania (1866-1934)	1906-1911
Bergesen, Sigval Berge Natanael, skipsreiar, Stavanger (1863-1956)	1906-1935
Hansen, Hans, kjøpmann, Drammen (1844-1919)	1906-1919
Formann 1918-1919	
Lehmkuhl, Kristofer Didrik, skipsreiar, Bergen (1855-1949)	1909-1932
Thaulow, Christian, cand.jur., grosserar, Trondheim (1864-1930)	1910-1930
Haug, Monthei Eriksen, gardbrukar Nord Odalen (1861-1933)	1912-1933
Juel, Julius Christian, grosserar, Vinderen (1853-)	1912-1915
Knudsen, Christian Holtermann, boktrykker, Kristiania (1845-1929)	1916-1920
Aavatsmark, Ivar, general, Nord Trøndelag (1864-1947)	1918-1921
	1923-1929
Møystad, Per, grosserar, Oslo (1866-1929)	1918-1929
Thallaug, Axel Andreas, overrettssakfører, Lillehammer (1866-1938)	1919-1938
Arnesen, Randolf Johan, jerndreier, sekretær, Oslo (1880-1958)	1921-1942
	1945-1953
Ihlen, Nils Claus, ingeniør, Oslo (1855-1925)	1921-1925
Frisak, Henrik Leganger, sorenskriver, Ålesund (1852-1939)	1921-1926
Bestyrelsen i Ålesund 1901-1913	
Fjermestad, Tollef, disponent, Sandnes (1879-1947)	1922-1923
	1925-1942
	1945-1947
Formann 1945-1947	
Indrehus, Kristofer Persen, gardbrukar, Bremanger (1860-1946)	1924-1935
Mohr, Wilhelm, godseigar, Fana (1886-)	1924-1956
Spangelo, Henrik Roardsen, sorenskrivar, Grimstad (1858-1926)	1924-1926
Holtmark, Wilhelm, gardbrukar, disponent, Asker (1861-1936)	1926
	1930-1936
Borch, Einar Gram, gardbrukar, godseigar, Jevnaker (1870-1952)	1927-1947
Formann 1938-1945	
Aarstad, Hans Jørgen, landbrukslærer, Tveit i Nedstrand (1878-1954)	1927-1928
	1931-1938
Hansen, Lorentz Vilhelm, gardbrukar, Straumsnes Rosfjord (1866-1933)	1927-1933
Grivi, Gjermund Nilsen, sorenskrivar, Bø (1867-1954)	1928-1938
Hestnes, Nils Johansen, gardbrukar, Valsøyfjord (1860-1948)	1929
Aae, John Amandus Olsen, disponent, Trondheim (1890-)	1930-1942
	1945-1962
Formann 1954-1962	
Sund, Albert Reginald, mekanikar, Rjukan (1884-1960)	1930-1942
	1945-1950
Engelsen, Einar Wiese, skipsreiar, Bergen (1884-)	1933-1956
Langhammer, Ole Henriksen, gardbrukar, Kvam (1868-1955)	1933-1938
Jahren, Kristian Edvart Johannesen, gardbrukar, Rakkestad (1865-1937)	1933-1935
Nilsen, Hartvig Jonatan Sparbo, gardbrukar, Ibestad (1877-1942)	1936-1942
Enge, Cornelius Lind, gardbrukar, postopnar, Vik, Helgeland (1866-1940)	1936-1940
Braadland, Birger, major, skogeigar, Idd (1879-)	1936-1953
Formann 1948-1953	
Venge, Lauritz Andreas, maskinarbeider, Molde (1881-1957)	1936-1942
	1945
Aamlid, Torjus Knutson, gardbrukar, Birkenes (1875-)	1938

Meling, Lars Olai, skipsreiar, Haugesund (1876-1951)	1939-1942
	1945-1947
Mjaavatt, Nils Kristian Nilsen, gardbrukar, Vefsn (1883-1951)	1939-1944
	1945-1951
Bærøe, Ole Ludvig, driftsleder, Ås (1877-1943)	1939-1943
Aass, Poul Lauritz, advokat, Drammen (1878-1953)	1939-1945
Müller, Eliseus, gardbrukar, Verdal (1878-)	1940-1942
	1945-1947
Evenrud, Ole, kemner, Sarpsborg (1876-1948)	1942
	1945-1947
Pedersen, Harald, professor valt av NS, ()sat til august	1943
Stople, Sverre Gustav, postekspeditør, Brønnøysund (1893-1959)	1945-1959
Wright, Carl August Petersen, disponent, Porsgrunn (1893-1961)	1945-1961
Wessel, Johan Henrik, skipsmeglar, Drammen (1887-1959)	1947-1959
Bøyum, Anders Johannesson, bonde, Fjærland, (1890-1962)	1948-1962
Røkeberg, Martinus, forsorgsforstandar, Elverum (1883-1950)	1948-1950
Mikkola, Aksel Konrad, kjøpmann, Neiden i Finnmark (1891-1975)	1948-1965
Landfald, Johannes, sekretær, Solum Skien (1901-)	1948-1953
Øraker, Svein Olsen, skoledirektør, Oslo (1886-1963)	1950-1956
Rasmussen, Einar, skipsreiar, Kristiansand S. (1907-1956)	1951-1953
Askvig, Gudbrand, generalkonsul, direktør, Oslo (1889-1961)	1954-1959
Semmingsen, Rolf Ingvar, cand.jur./ direktør, Oslo (1908-)	1954-1965
Formann 1963-1965	
Høistad, Hans, bureisar, småbrukar, V. Gausdal (1909-1956)	1954-1956
Åbyholm, Johan, inspektør, Oslo (1903-1972)	1954-
Norvik, Erling, skattefogd, Vadsø (1899-1964)	1957-1964
Kolltveit, Sigurd, likningssjef, Rjukan (1910-)	1957-
Helland, Sverre, elektroinstallatør, Eikangervåg (1924-)	1957-
Roald, Arnfinn Severin, gardbrukar, Vigra (1914-1983)	1957-
Nordstad, Johan Petter Johansen, småbrukar, Jørstad (1892-)	1957-1962
Pehrson, Kaare Thorstein, forretningsfører, Oslo (1902-1970)	1959-
Brevig, Hans Christian, bonde, Vestby (1904-1974)	1959-
Holm, Lorentz Christian Langberg, forvaltar, Kvinnherad (1892-)	1960-1965
Nestformann 1963-1965	
Enge, Jonas, gardbrukar, postopnar, Sandvåg (1908-)	1961-
Vårvik, Martin, generalsekretær, Oslo (1921-)	1962-1965
Sagør, Odd Georg, distriktssjef, Trondheim (1918-)	1963-
Statsråd 1973	
Tidemand, Otto Grieg, skipsreiar, Oslo (1921-)	1963-
Botnen, Ludvig, redaktør, Florø (1910-)	1964-

Perioden 1966-2009

Representantskapet pr. 1. januar 1966

Asdahl, Kristian, direktør, formann
Kolltveit, Sigurd, likningssjef, nestformann
Åbyholm, Johan, inspektør
Rasmussen, Einar, skipsreiar
Hellan, Sverre, elektroinstallatør
Roald, Arnfinn Severin, gardbrukar
Pehrson, Thorstein Kaare, forretningsfører
Brevik, Hans Christian, gardbrukar
Enge, Jonas, gardbrukar
Sagør, Odd Georg, distriktssjef
Tidemand, Otto Grieg, skipsreiar
Botnen, Ludvig, redaktør
Karlsen, Henry Nicolay, sosialsjef
Cappelen, Andreas Zeier, finansrådmann
